

Æra i Snorre Sturlason si tid: Absolutt eller pragmatisk?



Ingunn Dimmen Stensland

Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi og konservering

UNIVERSITETET I OSLO

Haut 2016

INNHALD

Forord	6
Innleiing	7
Emnet.....	7
Problemstilling.....	7
Triangelet – Sørensen, Bagge og Stewart om ære.....	9
Frank Henderson Stewart.....	10
Preben Meulengracht Sørensen.....	11
Sverre Bagge – «Nothing succeeds like success».....	12
Samanstilling av Stewart, Sørensen og Bagge.....	13
Historiografi.....	14
Frå ættesamfunn til statssamfunn og tilbake igjen?	16
Dei islandske forholda	18
Brubbyggjar mellom Noreg og Island	20
Realhistorisk bakgrunn og Snorre sitt formål med historieskriving.....	22
Snorre si samtid – Kampen mellom Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson	22
Ideologi eller mentalitet – Snorre sitt forhold til kjeldene og til samtida	25
Omgrepsavklaring	27
Aktør, struktur, mental struktur og metodologisk tilnærming.....	28
Kjelder og metode	29
Sogene som historiske kjelder	30
Oppbygging av oppgåva.....	33
HORISONTAL ÆRE.....	35
DEL A: ÆRE SOM ABSOLUTT VERDI.....	35
Innleiing.....	35
Kva er grunnlaget for horisontal eller vertikal relasjon mellom aktørane?	36
Miste grunnlaget for ære.....	38
«Verje landet med odd og egg»	38
Krenkinga sin karakter og konsekvens	40

«kvar kan ha det riket han er odelsboren til»	42
«den tenesta vil bate deg best som eg gjev deg friviljug»	44
Konsekvensen av ikkje å handle – miste grunnlaget for æra	45
Maning og bryning – Gudrød og kongane	46
Torberg bryner brørne sine	47
Fornærminga si rolle i den horisontale æra	48
Vertikale relasjonar sin påverknad på dei horisontale	51
Konklusjon.....	52
DEL B: PRAGMATISK FORHOLD TIL ÆRE.....	53
Pragmatisk – det endelege målet veg mest	54
Pragmatisk – grunnfeste og halde på makta.....	54
Pragmatisk – venskap som essensielt for endeleg mål	56
Ignorere krenkingar fram mot det endelege målet	57
Pragmatisk for å oppnå venskap	58
Pragmatikken i spennet mellom anten – eller	59
Pragmatisk til krenking av ære i horisontale relasjonar	62
Konklusjon.....	64
VERTIKAL ÆRE	66
DEL 1: KLIENT – PRESS OPP	68
DEL A: ÆRE SOM ABSOLUTT VERDI.....	68
Eggingane	68
«Du blir ein kvar manns niding»	69
«heller miste både eigedom og rike»	71
Påpeike mangel og lite rosverdige eigenskapar	72
Grov krenking som press	73
«Folket» som klient	75
Innfri forventningar.....	75
Ultimatum frå «folket»	76
Trussel om endra truskap.....	79
Eksplisitt trussel om endra truskap	80

Nettverk og ære som absolutt verdi	81
Absolutt verdi når pragmatikken ikkje fører fram	83
Konklusjon.....	83
DEL B: PRAGMATISK FORHOLD TIL ÆRE.....	84
Pragmatisk – egne interesser og langsiktige mål.....	84
Venskap og trugne tenarar	85
Venskap og omdømme	86
Tryggje makta	87
«når det høver seg for meg».....	88
Pragmatisk – materiell rikdom	89
Pragmatisk – suksess	91
Konklusjon.....	94
DEL 2: PATRON – PRESS NED	95
Del A: PRESS SOM ABSOLUTT VERDI.....	95
Press møter press	95
Endre truskap i løynd	95
Pragmatisk forhold til æra fører ikkje fram – vert absolutt	97
Yte motstand for å vere del av æres-gruppa	99
Kompliserte relasjonsband	99
Konflikt både over horisontal og vertikal akse	100
Frykt som pressmiddel frå patronen.....	101
Krav om truskap og makt.....	103
Trugar posisjonen til stormennene	104
Vertikalt press får horisontalt utløp	106
DEL B: Press møter press – pragmatisk.....	107
Endeleg mål – pragmatisk til press frå patron	108
Krav om truskap og motyting.....	109
Konklusjon.....	111
Konklusjon	112
Målsetjing for oppgåva	112

Oppsummering av funna i analysen	113
Mine funn i relasjon til Sørensen, Bagge og Stewart	115
Formålet med Snorre sitt verk	117
Konteksten Snorre skriv i.....	117
Statsutvikling i mellomalderen	118
Ære som ideologi eller mentalitet i <i>Soga om Olav den Heilage</i>	120
Snorre og den samtidige æra.....	122
Bibliografi	124
Primærkjelde.....	124
Litteratur	124

FORORD

Handlingar og haldningar knytt til ære er ikkje framande i vår tid. Vi både høyrer om æreskulturar andre stader i verda og vi erfarer også at æra har ein posisjon i vårt eige samfunn. Interesse for æres-fenomenet i vår eiga tid har danna utgangspunktet for studien av fenomenet i eit historisk perspektiv. Ein mentalitet er uttrykk for eit menneske sine tankar og førestillingar om verda og ære som fenomen er dermed ein tydleg del av eit menneske sin mentalitet. Ved å studere ære som del av eit menneske sin mentalitet kan ein slik studie seie noko om den menneskeleg variasjonsbredda. Ikkje berre i dag, men også i eit historisk perspektiv. Kva *har* menneske og samfunn vore og kva *kan* menneske og samfunn vere i dag? Dette er spørsmålet som har vore grunnsteinen i mitt ynskje etter å studere eit så abstrakt fenomen som ære.

Prosessen med å studere dette fenomenet har vore svært lærerik. Eg har både fått innsikt i mellomalderhistorie og mellomalderforskning generelt og djupare innblikk særleg i 1200-talets æres-mentalitet. Utfordringane har stått i kø, men takka vere god menneske rundt meg har eg kome i hamn med arbeidet.

Eg vil fyrst rette ei stor takk til rettleiaren min, Hans Jacob Orning. Takk for gode tilbakemeldingar, konstruktiv kritikk og ei open telefonlinje når det var behov for det. Dine tilbakemeldingar og rettleiing har heva kvaliteten på dette arbeidet og har vore avgjerande for at eg har klart å fullføre oppgåva.

Takk til mine foreldre for barnepass i tide og utide slik at eg fekk arbeidsro og nok tid til arbeidet. Takk for interesse knytt til arbeidet med oppgåva, og for ynsket om å forstå kva eg studerer.

Takk til mennene i mitt liv, Steffen og Jakob. Takk Steffen for oppmuntring, tolmod og vilje til å forstå kva oppgåva mi eigentleg dreier seg om. Takk for at du med standhaftig hand har vist meg vegen tilbake til kontorpulten når sola skein ute og motivasjonen var laber. Takk for trøyst når eg trudde eg ikkje skulle klare å fullføre. Takk Jakob for herlege klemmar på kontoret og for at du er solstrålen min!

Ingunn Dimmen Stensland

INNLEIING

Emnet

Emnet for denne oppgåva har utvikla seg og vakse fram over tid og gjennom arbeidet med kjeldene. Utgangspunktet for valet av emne var ei interesse for fenomenet ære og kva dette inneheld og inneber. Haldningar og handlingar knytt til ære er ikkje framande i vår tid, vi både høyrer om æres-kulturar andre stader i verda og erfarer også korleis æra spelar ei rolle i vårt eige samfunn i dag. Interessa for sjølv æres-omgrepet og oppfatningar knytt til dette fenomenet i vår eiga tid danna utgangspunktet for interessa til å undersøke fenomenet i eit historisk perspektiv.

Oppfatningar knytt til ære er nært bunde saman med tankar og førestillingar om verda, og kan dermed karakteriserast som del av eit menneske sin mentalitet. Den franske historikaren Lucien Febvre sa at tankar og førestillingar kjem og går i knipper, sett saman på ulike måtar og det er dermed ikkje mogeleg å tenkje alle slags tankar til alle tider.¹ Æres-mentalitet er dermed eit fenomen i endring og kjem til uttrykk på ulike måtar i ulike samfunn og til ulike tider. Nettopp dette aspektet fører til at temaet vekker stor interesse hos meg. Ein studie av ære som ein mental struktur og del av eit menneske sin mentalitet kan vise til den menneskelege variasjonsbreidda gjennom historia. Kva *har* menneske og samfunn vore, og kva *kan* menneske og samfunn vere i dag?

På trass av at interessa for temaet byrja på denne måten, med ei interesse for utviklingsperspektivet på fenomenet, krev ei oppgåve som dette ei klar og tydeleg avgrensing. Fordi ære er eit fenomen som historiefaget har funne stor interesse i å undersøke, eksisterer det store mengder litteratur knytt til emnet, og fenomenet vert studert i ulike tidsepokar, i ulike kulturar og samfunn. Mi undersøking av fenomenet og omgrepet krev difor ei klar avgrensing for å vere fruktbar. Undersøkinga må knytast både til tidsepoke og til samfunn.

Problemstilling

Når det gjeld avgrensing med tanke på tidsepoke og samfunn vil denne oppgåva ta utgangspunkt i perioden rundt 1200-talet og knytast til mellomaldersamfunnet i Noreg og på Island. Eg vil ta utgangspunkt i *Heimskringla* og eg vil heilt konkret bruke *Soga om Olav den Heilage* som primærkjelde. Det eksisterer mykje forskning på mellomalderen og på ulike

¹ Myhre, Jan Eivind, *Historie: En introduksjon til grunnlagsproblemer*, (Oslo: Pax Forlag A/S 2014), 174

oppfatningar av ære i dette tidsrommet. Allereie i valet av primærkjelde er det diskusjonar innan fagfeltet som det er naudsynt å ta stilling til. Det fyrste spørsmålet er knytt til kven som skreiv *Heimskringla*. Det er generell einskap om at det er Snorre Sturlason, islandsk høvding og stormann som har skreve saga. Snorre har teke i bruk andre kjelder og brukt dette som utgangspunkt i sitt verk. Eg vel i likskap med fleire sentrale historieforkarar å rekne Snorre Sturlason som forfattar av verket.²

Med tanke på dei oppfatningane av ære som eksisterer i forskinga vil eg ta i bruk særleg tre oppfatningar av ære og vidaretolke delar av eksisterande forskning. Eg vil gå grundigare inn på dette seinare, men det er i hovudsak forskning frå tre forskarar som danner utgangspunkt for undersøkinga i denne oppgåva. Preben Meulengracht Sørensen, Sverre Bagge og Frank Henderson Stewart si forskning danner kjernen i denne oppgåva. Eg vil gå grundig inn på desse forskarane sine oppfatningar seinare, men her er det nok å seie at eg vil karakteriserer Sørensen si oppfatning av ære som eit uttrykk for *ære som absolutt verdi*. Bagge si forståing av ære karakteriserer eg som eit *pragmatisk forhold til æra*. På mange måtar kan ein seie at eg reindyrkar forståinga deira av ære og eg stiller deira synspunkt opp mot kvarandre som ytterpunkt. Årsaka til dette er at eg får eit klarare analysereiskap slik at det komplekse biletet av ære i kjelda vert synleg. Sidan eg så tydleg tek utgangspunkt i to eksisterande syn på ære, vil eit av måla for analysen vere å problematiser desse to ytterleggående syna.

Samstundes som eg har desse to tydlege haldepunkta vil eg også forsøke å undersøke materialet på ein slik måte at eg forsøker å sjå *korleis* æra kjem til uttrykk i dei ulike episodane og handlingslaupa i Snorre si skildring. Eg vil undersøke om patron – klient relasjonen, samfunnsposisjon og plassering i det sosiale hierarkiet påverkar korleis Snorre oppfattar forholdet til æra. Vil menn i horisontale relasjonar på ein meir frekvent basis førehalde seg til æra som absolutt verdi samanlikna med menn i vertikale relasjonar? Eller er det pragmatiske forholdet til æra tydlegare i handlingsvala i horisontale relasjonar enn i vertikale relasjonar?

Eg kjem til å stille saman Sørensen og Bagge sine synspunkt på ære og Stewart sitt meir generelle omgrepsapparat. Dette fører til at det kjem inn eit anten – eller perspektiv i analyseapparatet. Eg arbeider dermed ut frå ein føresetnad om at æra vil kome til eit anten –

² John Megaard er ein forskar som i ein artikkel i “Er ‘Snorre’ skrevet av Snorre” *Historisk Tidsskrift* 4/1994 stiller spørsmål ved Snorre som forfattar av *Heimskringla*. Han meiner at verket vil gje oss meir informasjon dersom vi ser på den som ein kompilasjon. Megaard stiller særleg spørsmål ved Snorre sin originalitet som forfattar. Likevel vil eg undersøke anta at Snorre er forfattern av *Heimskringla*.

eller punkt der aktøren kan miste grunnlaget for æra. Dermed vil eg undersøke *når* æra kjem til dette anten – eller punktet. *Kva* fører til at aktørane kjem til dette punktet?

Hovudproblemstillinga for oppgåva vil vere: *Var ære ein absolutt verdi eller kunne ein førehalde seg pragmatisk til æra i mellomalderen og i kva grad påverkar samfunnsstrukturen korleis en førehelt seg til æra?*

Triangelet – Sørensen, Bagge og Stewart om ære

Sverre Bagge, Preben Meulengracht Sørensen og Frank Henderson Stewart si forskning og mi samanstilling av desse tre forskarane sine oppfatningar knytt til ære dannar basisen for problemstillinga i denne oppgåva. Fyrst vil eg kort prøve å definere sjølv omgrepet ære. Deretter vil eg gje ei kort oppsummering av desse tre forskarane si oppfatning av ære og korleis desse synspunkta kan stillast saman.

Ære: Det eksisterer dømer på ord og omgrep som endrar meiningsinnhald i samband med kontekst. Omgrepet ære er eit slikt omgrep. Det er dermed eit terminologisk problem knytt til omgrepet, fordi ære er noko som endrar seg over tid og innhaldet i omgrepet får sin funksjon ut frå forma det gjeldande samfunnet har. Dette vil seie at omgrepet sitt innhald er vesentleg annleis i dag enn det var i mellomalderen og i sogene, og at innhaldet vil varierer frå samfunn til samfunn også i same tidsperiode.³ Difor er det viktig å klargjere kva omgrepet sitt innhald er reint leksikalsk.

I min analyse tek eg utgangspunkt i *Soga om Olav den Heilage* i norsk omsetjing. For å forstå sjølv meiningsinnhaldet i ordet kan det likevel vere tenleg å sjå på dei norrøne orda som vert brukt i kjeldene og korleis desse omgrepa kan omsetjast.⁴ Kjeldene frå mellomalderen brukar fleire ord som kan omsettast med ære og signaliserer kor sentral plass æra hadde i dette samfunnet. Dei orda vi finn i kjeldene som kan omsetjast med ære er *sómi*, *sæmð*, *virðing*, *metorð* og *metnaðr*. Dei to fyrste omgrepa omsett Sørensen med «være passende for en», grunnmeininga i omgrepet er «det passende, det som passer seg».⁵ Dette vil seie at det dreier seg om å handle etter dei krav som æra sett. Meiningsinnhaldet i dei tre siste omgrepa «*virðing*, *metorð* og *metnaðr*» er knytt til eit kvantitativt vurderingsaspekt, «vurdering», «bedømming» og «verdsetjing» kan skildre meiningsinnhaldet. Når desse

³ Sørensen, Preben Meulengracht, *Fortælling Og Ære. Studier i Islændingesagaerne* (Gjøvik: Universitetsforlaget, 1995), 188-189

⁴ Eg støttar meg til Sørensen si omsetjing og gjennomgang av omgrepa.

⁵ Sørensen, *Fortælling og Ære*, 188

omgrepa vert brukt om menneske viser dei alltid til ei sosial vurderingsnorm.⁶ På norsk er omgrep som «omdømme», «akting», «respekt», «vyrndnad» og «prestisje» like dekkjande som omgrepet ære.⁷

Frank Henderson Stewart

I si bok *Honor* vil Frank Henderson Stewart gje ein generell definisjon av kva ære er på tvers av kulturar og samfunn.⁸ Stewart introduserer fleire omgrep som vil vere nyttige i samband med analysen i denne oppgåva. Eg vil bruke desse omgrepa for å ha eit klart, tydeleg og forståeleg språk i analysen. Dette krev at eg forklarar kva Stewart legg i omgrepa, men også at eg forklarar konkret korleis eg forstår dei og korleis eg vil bruke dei i min analyse.

Stewart fokuserer på rettane eit individ har, og han argumenterer for at ære i siste instans dreier seg om nettopp rettar.⁹ Ein har *rett* til å bli handsama som ein person av ein viss verdi. Det å ha ein slik *rett* vil seie å ha den i kraft av noko, anten av ein funksjon av situasjonen ein er i eller at ein har fått denne retten frå nokon som hadde rett til å gje den.¹⁰ Når Stewart snakkar om ære som ein rett handsamar han *personleg ære*, det enkelte individ si ære. Personleg ære kan skiljast frå andre typar ære ut får to kriterium: For det fyrste at denne retten til respekt kan mistast og for det andre at ein må fylgje reglane i æres-kodeksen for å behalde æra.¹¹ Æres-kodeksen definerer Stewart som dei reglane som avgjer om ein kan få eller miste ære.¹²

Stewart brukar også omgrepa horisontal ære og vertikal ære. Den horisontale æra gjev ein person rett til respekt frå ein likeverdig part i omgivnadane.¹³ Den vertikale æra medfører og inneber ein spesiell respekt på grunnlag av ein overordna posisjon. Den overordna posisjonen skuldast at ein har særlige eigenskapar, rang, ytingar til samfunnet som heilskap, kjønn, slektskap og posisjon, og medfører at ein stor del av befolkninga vert underlegne og må innrette seg etter reglane for respekt.¹⁴ Konkurransesemantikken er også sterkt til stades i ein æres-kultur og ein forsøker å vinne ære på kostnad av andre. Dei som viser seg overlegne

⁶ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 189

⁷ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 187

⁸ Stewart, Frank Henderson, *Honor* (USA: The University of Chicago Press, 1994), 2-3

⁹ Stewart, *Honor*, 13

¹⁰ Stewart, *Honor*, 22

¹¹ Stewart, *Honor*, 54

¹² Stewart, *Honor*, 59

¹³ Stewart, *Honor*, 54

¹⁴ Stewart, *Honor*, 60

som individ kan ved sine handlingar auke æra si i konkurransen.¹⁵ Vertikal og horisontal ære er kompatible og kongruente med kvarandre og kan eksistere side om side i eit samfunn.¹⁶

Eg meiner det er mogeleg å tolke Stewart sitt syn på ære vidare. Med utgangspunkt i Stewart sin argumentasjon om at ære er ein rett ein har i kraft av noko og at denne retten kan mistast meiner eg vi kan seie det dreier seg om eit anten-eller perspektiv, anten har du denne retten eller så har du den ikkje. Stewart sitt syn medfører at det vil vere menneske i eit samfunn som vert definert utanfor æres-gruppa og ikkje har denne retten til respekt og som dermed ikkje har ære. Ein person kan dermed bli definert som anten innanfor eller utanfor æres-gruppa. På trass av dette meiner eg det også *innanfor* æres-gruppa eksisterer eit anten-eller perspektiv. Årsaka til dette er at Stewart hevdar at retten til respekt kan mistast. Dermed vert ære noko som du anten har eller ikkje har og æra kan mistast dersom du har den. Dette vil seie at sjølv om du er definert innanfor æres-gruppa kan du også bli definert utanfor æres-gruppa dersom du ikkje overheld dei reglane som æres-kodeksen krev. Reglane i æres-kodeksen og æres-gruppa si oppfatning medfører at det også vil vere rom for forhandlingar i det spennet som eksisterer mellom anten-eller perspektivet. Stewart sitt syn kan dermed seiast å representere to perspektiv, eit perspektiv er knytt til det å ha/ikkje ha ein rett og det andre perspektivet er knytt til forhandlingar innanfor dette perspektivet.

Preben Meulengracht Sørensen

Sørensen legg stor vekt på at sogene ikkje gjer krav på å vere ei røyndomsframstilling, men dei gjer krav på å vere forteljingar om røynda. Sogene må dermed sjåast på i samband med relasjonen mellom forteljinga og røynda. Sørensen er dermed talsmann for det hans sjølv kallar den antropologisk-litterære synsvinkel. Sogene har ein dobbelposisjon der dei både fungerer som ein *formidlar* av kultur, samstundes som dei også er ei *fortolking* av kultur. Sogene representerer og skapar sin eigen røyndom som ikkje skal tolkast som fiksjon, men som historiefortolking.¹⁷

Forståing hans av ære heng nøye saman med forståinga av mellomaldersamfunnet og han meiner ære og samfunnsform er to sider av same sak. Sørensen ser ære som eit sosialt fenomen som får sitt særeigne uttrykk i det enkelte samfunn. Æra definerer dei sosiale ideala i eit samfunn, men det er ingen institusjon som legg føringar for dei normene som styrer æra. Normene vert styrt og bestemt av dei menneska ein har sosial omgang med og er tett knytt til

¹⁵ Stewart, *Honor*, 60

¹⁶ Stewart, *Honor*, 61-63

¹⁷ Sørensen, *Fortølling og Ære*, 25-27

den situasjonen dei oppstår i.¹⁸ Den enkelte vil strekkje seg etter dette idealet. Sørensen seier at ”Æren er den verdi, en person har både i sine egne øjne og i samfundets”.¹⁹ Samfunnet, altså kollektivet, får ei viktig rolle i hans utgreiing av omgrepet ære, æra eksisterer i tett samband med samfunnet og menneska rundt individet. Kvart enkelt individ må leve opp til dei forventingane og normene samfunnet og medmenneska har. Ei krenking krev oppreising og individet må handle ut frå dei forventingar og krav samfunnet og medmenneska har. Den enkelte er del av kollektivet og den enkelte sin verdi og ære er uløseleg knytt til dei oppfatningar samfunnet har.²⁰ Normene som styrer æra kjem til uttrykk i den aktuelle situasjonen og normene for æra vert gjort eksplisitte gjennom medmenneska si fortolking av situasjonen. Ein opparbeider seg ære gjennom å respondere på kollektivet sine krav. Denne argumentasjonen fører til eit syn på æra som ein absolutt verdi.

Sverre Bagge – «Nothing succeeds like success»

Sverre Bagge tek utgangspunkt i *Heimskringla* og vil gjennom analysen av dette materialet undersøke og rekonstruere Snorre sine haldningar, tankar og idear knytt til samfunn og politisk åtferd.²¹ Han vil studere *Heimskringla* som ei skildring av samfunnet og som ei kjelde til sosiale og politiske haldningar, men ikkje ut frå litterære eller uestetiske aspekt. I samsvar med den historiografiske utviklinga vil han undersøke den mentaliteten som eksisterer i sambandet mellom kultur og samfunn.²²

I tråd med den endringa som skjer innan historieforskinga vil Bagge studere samfunnet og dei haldningane som kjem til uttrykk i Snorre sitt verk. Dette fører til at ære vert eit viktig utgangspunkt i undersøkinga. Sentralt i Bagge si forskning står dei langsiktige måla som har ei sentral rolle i forståinga av ære i *Heimskringla*.²³ Det er to viktige aspekt i Bagge sin definisjon av ære som det er viktig å få på plass for å forstå æres-omgrepet hans. For det fyrste meiner han at Snorre si oppfatning av ære er relatert til materielle godar, velstand og rikdom. Desse elementa legg grunnlaget for ein person si ære og evne til å utrette noko i det politiske livet. Relasjonen mellom ære og materiell rikdom medfører at ære ikkje bygg på indre kvalitetar åleine.²⁴ For det andre meiner han at Snorre tydeleg viser at ære er relatert til

¹⁸ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 187

¹⁹ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 187

²⁰ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 188

²¹ Bagge, Sverre, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla* (USA: University of California Press, 1991), 1

²² Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 3-4

²³ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 75-81

²⁴ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 164-165

suksess. Suksess kan brukast til å opparbeide seg ære og ære er eit resultat av suksess. Bagge forfektar eit syn der det er viktig å kjempe for sine eigne interesser. Individet må i ein kvar situasjon vurdere kva som er den mest veileigna handlingsmåten.²⁵

Denne argumentasjonen reflekterer eit syn på ære relatert til andre interesser enn berre å oppretthalde omdømme sitt, det kan dreie seg om materielle interesser, langsiktige mål og suksess. Æra er relatert til meir enn indre kvalitetar, i relasjon til materielle interesser, langsiktige mål og suksess kan aktørane ta lite ærefulle val dersom vala tener eit større mål og gjev suksess til slutt. Ære er ikkje uforlikeleg med moderasjon og tilbakehald av hemn, dersom moderasjon fører til suksess i det lange laup.²⁶ Den enkelte prøver å handle ærefullt, men alltid i samråd med sine eigne interesser. Ein person tek val med tanke på seg sjølv og sine interesser, både liv, helse, materiell vinning og makt påverkar desse interessene. Ære er den fundamentale verdien i sogesamfunnet og spelar dermed ei avgjerande rolle i Bagge si skildring av Snorre si oppfatninga av og haldningar i det politiske livet.²⁷ Dette synspunktet dannar grunnlag for å hevde at Bagge si forskning representerer eit pragmatisk forhold til æra.

Samanstilling av Stewart, Sørensen og Bagge

Den føregåande gjennomgangen er ein essensiell del av denne oppgåva fordi denne forskinga dannar utgangspunktet for problemstillinga som er skissert over. Likevel er det også naudsynt med ei klargjering med tanke på *korleis* eg vil anvende forskinga i analysen. Dette er viktig nettopp fordi dette legg klare føringar for korleis eg vil arbeide med analysen. Det er særleg Sørensen og Bagge si forskning som dannar utgangspunkt for å karakterisere eit forhold til ære som ein absolutt verdi og eit pragmatisk forhold til ære.

Sørensen viser til korleis æra er eit uttrykk for den samfunnsforma som kjenneteiknar mellomalderen. Normene som styrer æra vert styrt og bestemt av dei menneska som individet har sosial omgang med. Æra er den verdien eit individ har i sine eigne og i samfunnet sine auge og individet må leve opp til dei forventningane kollektivet har. Kollektivet er den avgjerande instansen som gjev ære, og individet må innrette seg etter kollektivet sine krav og forventingar. Æra vert det fundamentale styringssystemet som eit individ må ta omsyn til i alle situasjonar. Dette synspunktet kan karakteriserast som eit syn på æra som ein absolutt verdi. Kollektivet sine krav vert eit uttrykk for æra sine krav og individet *må* innrette seg etter dette for halde på æra.

²⁵ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 165

²⁶ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 165

²⁷ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 165

Bagge forfektar eit anna syn på æra. Eg meiner det kan karakteriserast som eit pragmatisk syn på æra. Årsaka til dette er knytt til den avgjerande rolla materiell rikdom, makt og suksess spelar hos Bagge. Desse elementa vil gje ære. Individet spelar ei anna rolle hos Bagge. Den enkelte vil alltid prøve å handle ærefullt, men alltid i samråd med sine egne interesser. Dette er eit syn prega av forhandling, aktørane forhandlar om kva påverknad ei handling vil ha på æra. Dette synet kan karakteriserast som eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra.

Karakteristikken av Sørensen som talsmann for ære som absolutt verdi og Bagge som talsmann for eit pragmatisk forhold til æra kan stillast saman med Stewart si meir generelle framstilling. Eg meiner det er mogeleg å skape eit samband mellom Sørensen og Stewart sine synspunkt ved å stille saman Sørensen si oppfatning av æra som ein absolutt verdi og Stewart si oppfatning av ære som ein rett ein kan ha/ikkje ha. Årsaka til dette er at Sørensen si oppfatning tydeleg talar om eit anten – eller, anten så innrettar du deg etter kollektivet sine krav eller så gjer du det ikkje, då mister du ære. Æra vert ein absolutt verdi når ein kjem til det punktet der det er tale om å ha ære eller ikkje ha ære. Ein mister ære ved å bli definert som innanfor eller utanfor æres-gruppa. På same måte meiner eg det er mogeleg å skape eit samband mellom Bagge og Stewart. Bagge sitt pragmatiske syn på ære viser klart at det er rom for forhandling om kva som gjev ære og kva som ikkje gjev ære og kva utfallet av ei hending skal bli. Stewart si vektlegging av æres-kodeks som ein sentral del av æres-omgrepet gjev også rom for å tale om forhandling og viser at det er eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske. Spørsmål knytt til ære kjem til eit punkt der det dreier seg om å ha eller ikkje ha ære, ved dette punktet vert æra ein absolutt verdi. Stewart si rangering knytt til reglane i æres-kodeksen kan foreinast med Bagge sitt pragmatiske syn på ære ved at det er rom for forhandling innanfor æres-gruppa. Det er dermed eit forhandlingsrom innanfor æres-gruppa meiner eg, men på eit punkt vil æra bli en absolutt verdi og då dreier det seg om å ha/ikkje ha ære.

Historiografi

Den føregåande gjennomgangen av Sørensen, Bagge og Stewart si oppfatning av ære er essensiell for oppgåva og for å forstå utgangspunktet for problemstillinga. Samstundes er det viktig med ei skildring av utviklinga innan historieforskning på mellomalderen for å plassere oppgåva i ein større samanheng og svare på spørsmål som er avgjerande for tolkinga av analysen. Det er viktig å vere medviten om den tradisjonen ein står i og som har påverka

historieforskinga si utvikling og ført fram til den staden vi er i dag. Det er difor tenleg med ein kort historiografisk gjennomgang.

Den moderne historieforskinga vaks fram i Noreg på 1800-talet, og historikarane retta også merksemd mot mellomalderen i samband med dette. Historieforskinga vart ein viktig del av nasjonsbygginga og mellomalderperioden vart eit viktig startpunkt for bygginga av ei nasjonalhistorie i Noreg.²⁸ Etter hundreårsskiftet skjer det ei endring i historieoppfatninga og Halvdan Koht vert representant for ei ny tolking av mellomalderhistoria. Klasseperspektivet vert sentralt i hans forståing av historia og han påpeikar at det ikkje er solidaritet og samarbeid som pregar relasjonen mellom kongen og folket, men at det er motsetnad mellom dei ulike klassene i mellomalderen.²⁹ Andreas Holmsen, og seinare Kåre Lunden vert talsmenn for eit materialistisk syn på mellomalderen. Ei oppfatning av at mellomalderen var prega av ei hard økonomisk utpressing av bøndene skjerpar det marxistiske preget på studiane om mellomalderen.³⁰ Knut Helle tek eit oppgjær med oppfatningane prega av eit marxistisk utgangspunkt, og han hevda at dette tydlege klasseskiljet ikkje kjem til uttrykk i kjeldene.³¹ Mellomalderen må heller bli forstått i lys av relasjonen mellom kongen og folket. Kongen fyller ein posisjon i samfunnet og forsøker å gjere dette gjennom relasjonen til og samarbeid med folket.³² Det som er felles for historieforskinga i denne perioden er at den er sterkt prega av eit statsutviklingsperspektiv.³³ Den politiske utviklinga i mellomalderen har dermed vorte undersøkt i tråd med denne oppfatninga.

I Europa skjer det ei antropologisk vending innan historieforskinga på 1970-talet. Denne vendinga i forskinga får konsekvensar både for kva ein studerer, men også korleis ein oppfattar fortida. For det fyrste vart det retta større merksemd mot epokar som var kjenneteikna av samfunn utan særleg utbygd statsapparat. For det andre var det ei oppfatning om at statssamfunn er styrt av andre reglar enn samfunn utan eit utbygd statsapparat. Andre, og meir fleksible normer, er det som kjenneteiknar eit statslaust samfunn. Eit slikt samfunn er

²⁸ Aronsson, Peter, Fulsås, Narve, Haapala, Pertti, Jensen, Bernard Eric. "Nordic National Histories". *The contested nation. Ethnicity, class, religion and gender in national histories* (2008): 256-67

²⁹ Aronsson, et al. "Nordic National Histories": 270

³⁰ Holmsen, Andreas. "Sentrum og periferi. Konge stormenn, og bønder under Magnus Lagabøte og hans sønner", i (red) Krag, Claus & Sandnes, Jørn, *Nye Middelalderstudier. Kongedømme, kirke, stat 6* (1983) 214-229; Helle, Knut, "Nye og gamle synspunkter på det norske middelaldersamfunnet". *Heimen XVII* 1977: 507-522

³¹ Helle, Knut, *Norge blir en stat 1130-1319: Håndbok i Norges historie bind 3, 2* opplag (Oslo: Universtitetsforlaget, 1974), 41

³² Helle, *Norge blir en stat 1130-1319*, 206-224

³³ Orning, Hans Jacob, «Norsk middelalder i et antropologisk perspektiv», *Historisk tidsskrift*, bind 89, (2010): 252

prega av gjensidige forhold og det er ikkje ein sentral handhevande instans. Dette fører til at eit slikt samfunn ikkje har eit formalisert preg.³⁴ Den antropologiske vendinga i historieforskinga, og då særleg den rettsantropologiske vendinga, gjer seg gjeldande i Norden gjennom bidrag frå William Ian Miller og Jesse Byock. Desse to studerer det islandske fristatssamfunnet. Sverre Bagge har gjennom sin studie av *Heimskringla* ført til at det rettsantropologiske perspektivet også kjem til uttrykk i norsk mellomalderforsking, ikkje berre den islandske forskinga.³⁵ Den antropologiske vendinga har ført til ei auka interesse for den politiske kulturen i mellomalderen. Dette har igjen ført til at ein byrja å undersøke nye sider ved den politiske kulturen som ein viktig del av mellomaldersamfunnet. Studiar av gåveutveksling, gjestebod, venskap, ekteskap, frilleforhold og ære og korleis desse aspekta påverkar den politiske kulturen har gjeve større innsikt og forståing av korleis det maktpolitiske spelet fungerte og kor komplekst det faktisk var.³⁶ Det er ikkje lett å forstå samfunnet i mellomalderen, årsaka til dette er at mellomaldersamfunnet er så ulikt samfunnet i dag. Dette fører til at vi støyter på problem når vi skal tolke sogene. Den antropologiske vendinga i historia vil ta på alvor dette problemet og forsøke å forstå mellomalderen på ein ny måte.³⁷

Frå ættesamfunn til statssamfunn og tilbake igjen?

Mellomalderforskinga i Noreg har vore prega av ei utviklingstenking som fann stad i mellomalderen. Arne Odd Johnsen gav i 1948 ut boka *Fra ættesamfunn til statssamfunn* og argumenterer her for at norsk mellomalder kan sjåast som eit stort sivilisatorisk prosjekt med kyrkja som prosjektleiar. Johnsen ser ætta som den sentrale eininga i samfunnet, individet var klart underordna ætta og måtte innrette seg etter dei krava ætta stilte. Kampen mellom ættene prega samfunnet, hevdar Johnsen. Dette ættesamfunnet vart i laupet av 1100- og 1200-talet avløyst av eit kristent samfunn prega av statlege institusjonar. Denne motsetnaden mellom ættesamfunn og statssamfunn prega historieforskinga og hadde ein lang tradisjon bak seg. Den generelle oppfatninga var at tradisjonelle samfunn var kjenneteikna av ætta sin sentrale posisjon, medan statssamfunnet, som var prega av modernisering, var kjenneteikna av at

³⁴ Orning, «Norsk middelalder i et antropologisk perspektiv», 253-54

³⁵ Orning, «Norsk middelalder i et antropologisk perspektiv», 255

³⁶ Sigurdsson, Jon Vidar. «Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet etter 1970». *Collegium Medievale*, (2005): 106-143.

³⁷ Orning, Hans Jacob. «Den materielle basisen for den norske kongemaktens utvikling i høymiddelalderen». *Historisk tidsskrift*, bind 84 (2005): 455-469

individet fekk ein sterkare posisjon medan ætta vart svekka.³⁸ Per Sveaas Andersen er talsmann for eit liknande syn og legg vekt på at det skjer ei frå 800-talet og fram til 1130-talet. Han hevdar at stormennene, kongedømet og kyrkja får ein sterkare økonomisk posisjon og tydlegare evnar å påverke det politiske livet. Andersen brukar omgrepet «ættesamfunn» når han skildrar denne utviklinga og hevdar at utviklinga frå det desentraliserte norske ættesamfunnet til eit meir statleg samfunn skuldast for det fyrste ei større økonomisk, politisk og kulturell kontakt med Europa. For det andre at kongedømet får ei større interesse og engasjerer seg meir i samfunnsstyringa. For det tredje hevdar han også at kyrkja får ei større politisk og åndeleg rolle i samfunnet.³⁹ Både Johnsen og Andersen handsamar det norske samfunnet isolert i denne samanhengen og ser ikkje på likskapar eller ulikskapar med t.d. Island.

Knut Helle krediterer Johnsen for dei breie linjene i det statsperspektivet han sjølv talar for.⁴⁰ I likskap med Johnsen handsamar Helle det norske samfunnet isolert og denne statsutviklinga dannar grunntonen i hans forskning. Det er ei tydleg utvikling frå lite utbygd statsapparat og kongemakt til ein fastare kontroll over bønder og aristokrati fram mot einekongedømmet. Helle legg vekt på utviklinga av dei ulike statlege institusjonane rundt kongen i Noreg og korleis dette påverkar maktforholdet mellom konge og aristokrati.⁴¹ Kåre Lunden legg også vekt på dette statsutviklingsperspektivet i mellomalderen. Lunden tek eit oppgjær med den kritiske empirismen, som også kjenneteiknar Helle sitt arbeid. Lunden vil dermed ta eit oppgjær med tidlegare forskning, men han aksepterer den sterke posisjonen til kongemakta og utviklinga av statsapparatet. Samstundes legg han større vekt på at kongedømet var ein reiskap for det jordeigande aristokrati.⁴² Det viktige i denne samanhengen er å påpeike likskapen i vektlegginga av statsutviklingsperspektivet som pregar forskinga og den isolerte handsaminga av det norske samfunnet. For alle desse forskarane spelar borgarkrigane ei sentral rolle for statsutviklinga og resultatet av borgarkrigane er eit sterkt og

³⁸ Bagge, Sverre. «Ett, stat og politikk fra vikingtiden til 1200-tallet». *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* 38 (2001): 65-80

³⁹ Andersen, Sveaas, Per, *Samlingen av Norge og kristningen av landet: 800-1130*, (Bergen: Universitetsforlaget, 1977), 340

⁴⁰ Helle, Knut. «Den primitivistiske vendingen i norsk historisk middelalderforskning». *Historisk tidsskrift*, bind 88 (2009): 599

⁴¹ Bagge, Sverre. «Udsigt og innhogg. 150 års forskning om eldre norsk historie». *Historisk tidsskrift*, nr 1 (1996): 58

⁴² Bagge, Sverre. «Udsigt og innhogg. 150 års forskning om eldre norsk historie», 63

konsolidert norsk kongedøme.⁴³ Johnsen, Helle og Lunden understrekar ulikskapen mellom Noreg og Island gjennom si forskning. Dette gjer dei t.d. ved å handsame tilhøva i Noreg isolert frå tilhøva på Island. Gjennom den sterke vektlegginga av statsutvikling og statsapparat vert også denne ulikskapen understreka ved at det er fristatssamfunnet som dominerer på Island i denne perioden.

Sverre Bagge vert på mange måtar representant for eit brot mot det tradisjonelle synet på ættesamfunnet som Johnsen og Andersen har. Bagge hevdar at ætta framleis spelar ei rolle i statsutviklinga og at dei statlege organa tek dette i bruk for sine formål, sentralisering av makta. Lars Ivar Hansen vert også ein av dei fremste talsmennene for dette synet i Noreg.⁴⁴ Hans Jacob Orning har gjennom si forskning retta merksemd mot konfliktane som kjem til syne i sogene, særleg i saga om Håkon Håkonsson. Han studerer konfliktane mellom Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson og meiner at det er tydelege feidetrekk i desse konfliktane og at det ikkje naudsynleg er konstitusjonelle konflikta. Med bakgrunn i dette hevdar han difor at statsutviklinga, kongedømet og kongsideologi ikkje har kome like langt som t.d. Helle og Lunden hevdar og meiner dermed at det er stor likskap mellom Noreg og Island på dette tidspunktet. Orning hevdar at det er fyrst *etter* Skule sitt opprør at statsutviklinga skyt fart og at det fyrst er etter dette at kongsideologien får rotfeste.⁴⁵

Denne utviklingstenkinga i mellomalderforskinga har danna grunnlaget for dei tema og fenomen som har fått merksemd i historieforskinga i denne perioden og den har ført til at andre fenomen har vorte neglisjert i forkinga. Stat og politikk har stått sentralt medan tema som t.d. vennskap, sosiale relasjonar, ære, feidar osv. har fått liten plass i forkinga og det er fyrst gjennom sosialantropologien sitt inntog i historieforskinga på 1970- og 1980-talet at denne utviklingstanken både har fått ei anna vinkling og blitt svekka innan mellomalderforskinga.

Dei islandske forholda

På same måte som Johnsen, Helle og Lunden fokuserer einsretta mot utviklinga i Noreg er det forskarar som i hovudsak handsamar tilhøva på Island. Gudmund Sandvik har gjennom si hovudoppgåve hevda at det kan sporast ein islandsk nasjonalisme hos Snorre i *Heimskringla*. Han meiner klart å kunne sjå at Snorre i verket møter alle norske framstøyt knytt til territorial

⁴³ Orning, Hans Jacob. «Borgerkrig og statsutvikling i Norge i middelalderen – en revurdering». *Historisk tidsskrift*, bind 93 (2014): 193.

⁴⁴ Bagge, Sverre. «Ætt, stat og politikk fra vikingtiden til 1200-tallet», 66

⁴⁵ Orning, Hans Jacob. «Håkon Håkonsson, Skule Bårdsson og norsk statsdannelse i første halvdel av 1200-tallet». *Historisk tidsskrift*, bind 76 (1997): 3, 12

maktøvertaking i negative ordelag. Sandvik ser Snorre sitt lovnad til Skule jarl i 1220 som eit uttrykk for at Snorre vil verje islandsk sjølvstende. Lovanden var knytt konkret opp til at Snorre ville reise til Island og ordne opp i konflikten mellom kjøpmennene frå Bergen og Oddaverjane på Island.⁴⁶ Jón Jóhannessen er også ein forskar som legg sterk vekt på den islandske fristaten og utviklinga av denne. Den islandske motstanden mot dei norske kongane vert også tydleg i hans forskning. Han legg vekt på at Snorre skriv frå eit islandsk perspektiv og oppfattar Snorre som ein klar del av den politiske utviklinga. Jóhannessen skildrar korleis norske forhold påverkar forholda på Island. Likevel er det eit tydleg skilje mellom Noreg som kongedøme og Island under fristadtida i hans forskning.⁴⁷ Jóhannessen legg også vekt på korleis Snorre verjar dei islandske interessene i 1220 og unngår at Skule jarl sender ut ein hær mot Island.⁴⁸

Det er to forskarar som på ein særleg måte har retta fokus mot dei islandske forholda, William Ian Miller og Jesse Byock. Begge to har studert islendingesogene ut frå eit antropologisk perspektiv og konstaterer at desse sogene skildrar eit samfunn og ein kultur prega av feidar og konflikhtar. Byock si bok *Medieval Iceland* og Miller si bok *Bloodtaking and peacemaking* fører til at den antropologiske, og då konkret den rettsantropologiske retninga i historieforskinga, vert brukt metodologisk på mellomalderen i Norden.⁴⁹ Miller konsentrerer seg om tilhøva på Island og han forsøker å vise at sogene kan brukast til å undersøke visse sider ved dei sosiale og juridiske aspekta ved den tida då kjelda vart skrivne ned. Han legg tydleg vekt på det skiljet som eksisterer mellom Islendingesogene og samtidsogene med tanke på kvalitet og nytte som historisk kjelde, men likevel hevdar han at dersom ein analyserer Islendingesogene ut frå eit rettsantropologisk perspektiv vil også dei kunne gje nyttig kunnskap om fortida. Dette gjeld særleg den sosiale og kulturelle konteksten som forfattaren er ein del av. Særleg meiner han at skildringa av feidar og konflikhtar i sogene sjeldan overskrid det vi meiner er ei plausibel utvikling og konfliktane samsvarar med dei sosiale moglegheitene som eksisterte i tida slik både sosiologisk og antropologisk litteratur om konflikhtar i andre liknande kulturar gjer. Dette meiner han gjer at det er mogleg å ekstrahere det som er deskriptivt i kjeldene.⁵⁰

⁴⁶ Sandvik, Gudmund, *Hovding og konge i Heimskringla*, (Oslo: Akademisk forlag, 1955), 25-26

⁴⁷ Jóhannessen, Jón, *Islands historie i mellomalderen: fristatstida*, (Oslo: Universitetsforlaget, 1969), 200

⁴⁸ Jóhannessen, Jón, *Islands historie i mellomalderen: fristatstida*, 200

⁴⁹ Orning, «Norsk middelalder i et antropologisk perspektiv», 255

⁵⁰ Miller, William Ian, *Bloodtaking and Peacemaking: Feud, Law, and Society in Saga Iceland*, (Chicago and London: The University of Chicago Press, 1990), 45-46

Statsutvikling og utviklinga av statlege institusjonar spelar ikkje ei avgjerande rolle hos Miller. Han ser derimot på feiden, konflikten og krangelen som ein essensiell del av det islandske samfunnet og dette er noko som gjennomsyrrar sogene, hevdar han. Dermed er det feiden, årsaka til feiden, handlingslaupet i ein feide og korleis ein avsluttar ein feide som er det sentrale temaet i sogene, og som Miller særleg undersøker. Feiden gjennomsyrrar samfunnet og det politiske livet på Island i mellomalderen og feiden har ulike politiske funksjonar. Feiden kan vere ein struktur der den politiske aktiviteten kan kome til uttrykk og finn stad. Samstundes er den eit middel der den politiske aktiviteten vert etterstrevd. Til sist er feiden også det endelege sanksjonsmiddelet i samfunnet.⁵¹ Miller kjem ikkje med ein klar definisjon på kva ein feide er, men han skildrar ein modell for dette. Ein feide er eit fiendtleg forhold mellom to grupper. Deltakarane vert rekruttert ut frå prinsipp som slektskap, naboskap, hushald og klientforhold. Det er ikkje store mobiliseringar, men sporadiske mønstringar der valden er kontrollert og det er sjeldan store dødstal. Feiden involverer eit kollektivt ansvar og er skildra av eit system med ein rytme for utviklinga vidare etter kvar konfrontasjon. Dei som deltek i ein feide tenderar til å tru at ære er den fremste motivasjonen for fiendskapen. På tvers av kulturar ser det ut til at det er samheng mellom eksistensen av ein feide og ein æres-kultur. Feiden er styrt av normer som avgrensar kven som kan delta i feiden og kva respons som er aktuell. Det er kulturelt aksepterte måtar å anten inngå midlertidige eller permanente løysingar på konflikhtar.⁵²

Denne modellen er prega av balanse og resiprositet, den krev at ein tek stilling i konflikten og at ein held nøye stillinga på utfallet av konfrontasjonane.⁵³ Modellen kan brukast til å forklare gangen i konfliktane og deltakarane sine handlingar.⁵⁴ Implisitt i modellen ligg det at ein feide er noko som finn stad mellom personar med om lag lik status og ressursar. Feidar eksisterte generelt sett ikkje på tvers av dei sosiale laga i folket. Dette vil seie at forholdet mellom medlemmane i ein feide var kongruent med grensene for æra. Ein gjekk i konflikt med dei som kunne miste ære, og med dei som hadde ære som ein kunne ”stele”.⁵⁵

Brubyggjar mellom Noreg og Island

Vi har no sett at det innan mellomalderforskinga gjerne har vore vanleg å studere anten det ein eller det andre samfunnet, anten Noreg eller Island isoler. Jon Vidar Sigurdsson kan på

⁵¹Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 179

⁵² Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 180-181

⁵³ Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 182

⁵⁴ Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 184-185

⁵⁵ Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 185

mange måtar seiast å vere ein brubbyggjar mellom desse. Han er ein sentral mellomalderforskar innanfor den sosialantropologiske tradisjonen og studerer det samfunnsbiletet som kjem til syne i sogene. I resultatane av si forskning legg han vekt på den rolla vennskapen og gåvegjevinga spelar i det politiske livet i mellomalderen. Vennskap må bli forstått som eit politisk omgrep og eit politisk verkemiddel i mellomalderen. Vennskap må sjåast i lys av den rolla det har i det politiske livet. Det politiske spelet dreia seg om anten å knyte venar til seg sjølv, som leiar, eller sjølv å knyte seg til ein leiar og eit nettverk. Sigurdsson meiner at det er eit klart samsvar mellom makta til ein leiar og storleiken på nettverket hans.⁵⁶ Venskapsrelasjonane var prega av gjensidigheit og det var krav til begge partar om å «bringe noko inn» i relasjonen.⁵⁷ Vi kan dermed seie at denne venskapsrelasjonen er eit tydeleg patron – klient forhold der begge partar er avhengig av den andre. Patron – klient- relasjonen er kjenneteikna av ulikskap i både rang, makt og rikdom mellom partane. Dette er ein viktig føresetnad for at ein slik relasjon vert oppretta, at både klienten og patronen har noko den andre parten har behov for. Dette dannar grunnlaget for asymmetrien som eksisterer i relasjonen mellom patron og klient.⁵⁸

Æra var det grunnleggjande etiske verdisystemet i mellomalderen for dei øvste samfunnsklassane, meiner Sigurdsson.⁵⁹ Det eksisterer to typar ære i mellomalderen som skil seg frå kvarandre og som har ulik funksjon og kjem til uttrykk i ulike samanhengar. Den *personlege æra* er den æra som det enkelte individ har. Denne æra kan aukast og oppretthaldast dersom ein gjennomfører dei pliktene, oppgåvene og krava som samfunnet har på ein god og tilfredstillande måte. Den andre forma for ære er den *sosiale æra*. Denne forma for ære er prega av ein konkurransementalitet og eit individ forsøker å klatre oppover i hierarkiet og den sosiale rangstigen.⁶⁰

Sigurdsson handsamar både tilhøva på Island og i Noreg, og han trekk parallellar mellom dei to landa og samfunna. Eg meiner vi på mange måtar kan seie at Sigurdsson vert ein brubbyggjar mellom statsutviklingsperspektivet og det einsretta fokuset på Noreg ved at han handsamar både høva i Noreg og på Island og gjennom vektlegginga av venskapen og dei sosiale relasjonane sin påverknad på det politiske livet konkretiserer han likskapar mellom dei to samfunna. Samstundes legg han vekt både på politisk utvikling og sosiale og

⁵⁶ Sigurdsson, Jon Vidar, *Det norrøne samfunnet: Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden* (Oslo: Pax Forlag A/S, 2008), 78

⁵⁷ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 79

⁵⁸ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 24

⁵⁹ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 86

⁶⁰ Sigurdsson. «Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet etter 1970»: 115

samfunnsmessige aspekt. Han ser som sagt venskap og ære som ein viktig del av det politiske livet, dette som kontrast til Johnsen, Helle og Lunden som ikkje legg vekt på desse aspekta, men tek utgangspunkt i statlege institusjonar i sine studiar. Sigurdsson legg også vekt på feidar og konfliktløysing og meiner å sjå at dette er del både av det islandske og det norske samfunnet.

Realhistorisk bakgrunn og Snorre sitt formål med historieskriving

Det er viktig både for analysen og for tolkinga av funna i analysen å ha kjennskap til den historiske konteksten til Snorre og kva som er formålet med historieskrivinga hans. Snorre Sturlason er ein viktig politisk aktør i det politiske livet på 1200-talet på Island og han besøker også Noreg ved fleire høver. På trass av den politiske posisjonen hans, er det likevel dei litterære verka, *Snorre-Edda* og *Heimskringla*, som gjer Snorre kjent i dag. Biografien til Snorre vert viktig i diskusjonen knytt til formålet med Snorre si historieskriving og særleg til debatten knytt til om sogene har eit ideologiske formål eller ikkje.

Den historiske konteksten som er særleg relevant i samband med dette er knytt til åra frå 1217-1240. Årsaka til at dette tidsrommet kan karakteriserast som realhistorisk kontekst til *Heimskringla* skuldast både at Snorre er politisk aktiv i denne perioden og det er i denne perioden han har ein relasjon til den norske kongen. Dei realhistoriske hendingane vil dermed vere viktige for å avgjere Snorre sitt formål med historieskriving. Kva pregar det politiske livet i denne fasen og kva rolle spelar Snorre i desse hendingane? Kan dette seiast å påverke formålet med *Heimskringla*?

Snorre si samtid – Kampen mellom Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson

Perioden frå 1130, etter Sigurd Jorsalfare sin død, vert rekna for starten av borgarkrigsperioden i Noreg. Sjølv om kong Sverre sin død markerer overgangen til ei fredelegare periode, reknar ein med at borgarkrigstida ikkje var endeleg slutt før etter Skule Bårdsson sin død i 1240. Denne borgarkrigstida er årsaka til at dei norske kongane ikkje dreiv nokon aktiv politikk med tanke på å gjere både Island og Grønland til ein del av det norske riket før på 1200-talet. Det er Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson som initierer ein aggressiv politikk ovanfor Island, og både Håkon og Skule jarl brukar dei islandske høvdingane for å nå sitt mål.⁶¹ Snorre er involvert i dette og desse hendingane vert difor ein

⁶¹ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 109

viktig del av diskusjonen knytt til Snorre sin historiske kontekst. Snorre si framferd er også eit døme på korleis islandske hovdingar brukte den norske kongemakta til sin fordel.⁶²

Kong Inge dør i 1217 av sott. Før han dør gjer han Skule Bårdsson til jarl over riket.⁶³ Det er fleire aktuelle kandidatar til trona, Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson er to av dei. Dette fører til at det vert ein kamp om kongetrona. Håkon Håkonsson er kong Sverre sin son og han vert hylla til konge etter gamal skikk, dvs. at tronføljelova frå Magnus Lagabøte si tid i praksis ikkje vart overhalde.⁶⁴ Håkon Håkonsson var på dette tidspunkt 13 år, det er difor tydeleg at det er miljøet rundt Håkon som sett fram hans rett til kongetrona, og ved at han vert hylla på tinget må dette tolkast som at han hadde større støtte blant folket enn det Skule jarl hadde. Årsaka til at Skule jarl og hans parti aksepterer at Håkon vert teke til konge må bli fortsått i lys av konteksten. Ein øydeleggande strid innan birkebeinarriket ville vere ei for stor påkjenning, difor aksepterer Skule jarl avtala i 1217 om at han skal få jarledømme over 1/3 av riket. Ved at Håkon ikkje var myndig då han vart hylla var det i praksis Skule jarl som hadde den reelle styringa og var den drivande krafta bak riksstyringa. Skule jarl kjempa mot ribbungane og fekk kongedømet til birkebeinarane anerkjent blant baglarane og styrka gjennom dette kongedømet sin posisjon.⁶⁵ Til tross for at det var Skule jarl som hadde den reelle makta var det ei gruppe «venner og rådgjevarar» rundt Håkon som verna om og pressa gjennom Håkon sin rett til trona. Helle uttrykkjer at det var eit nederlag for Skule jarl når tronfølgespørsmålet vart endeleg avgjort i 1223 i Håkon sin favør. Dette førte til at Skule i praksis no var utestengd frå riksstyringa. Til tross for dette vart avtala om Skule sin rett på jarledømme over 1/3 av riket frå 1218 vidareført også i 1223.⁶⁶ Forholdet mellom Håkon Håkonsson og Skule jarl er spent, både gjennom 1220- og 1230-åra. Ein kan kanskje tenkje seg at forholdet var litt varmare i 1220-åra sidan Skule jarl gifte dotter si med Håkon, men 1230-åra er prega av store motsetnader mellom desse mennene. Årsaka til at 1230-åra er ei forverring i relasjonen er knytt til at lendmennene klagar til kongen over at Skule jarl i praksis rår over meir enn 1/3 av riket slik avtala mellom dei stadfestar. I 1235 er situasjonen så spent at det vert nesten eit ope brot mellom konge og jarl.⁶⁷ I 1239 tek Skule jarl kongsnamn på Øyratinget og let seg krone til konge her. Han har tydeleg støtte blant menn i Trondheim, men også blant menn i Viken og på Austlandet. Dette er klart ei utfordring til kong Håkon, som

⁶² Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 109

⁶³ Helle, Knut, *Norge blir en stat*, (Bergen: Universitetsforlaget, 1964), 69

⁶⁴ Helle, *Norge blir en stat*, 79

⁶⁵ Helle, *Norge blir en stat*, 79

⁶⁶ Helle, *Norge blir en stat*, 79

⁶⁷ Helle, *Norge blir en stat*, 80

raskt avgjer at han vil slå ned på Skule sitt opprør. I 1240 vert Skule jarl felt av Håkon sine menn.⁶⁸

Kva er så Snorre si rolle i dette? Den politiske utviklinga på Island spelar ei rolle med tanke på Snorre sin posisjon. På 1220-talet skaut maktkonsentrasjonen fart og kampen om makt dreia seg om makt over riker, ikkje godord som før. I denne fasen vert dei norske kongane involvert. Snorre vert ein del av det politiske livet på Island då han gifter seg med Herdis Bersedotter frå Borg på Mýrar. Snorre overtek maktposisjonen til Herdis sin far i 1202. Fram til 1220 får Snorre meir og meir makt og til sist har han kontroll over heile Borgarfjord. I 1218 reiser Snorre til Noreg og vert her kong Håkon Håkonsson og Skule jarl sin lendmann. Snorre si rolle endrar seg då det oppstår ei konflikt mellom islandske og norske kjøpmenn. Saka vart klaga inn for kongen og Snorre føreslo for Skule jarl at han kunne vere kongen sin sendemann og dra til Island for å stifte venskap med dei mektigaste høvdingane der. Snorre reiser tilbake til Island i 1220 med det mål for auget at Island skal bli lagt inn under kong Håkon. Snorre bygger seg opp eit stort nettverk og ved å inngå alliansar og mågskap med andre høvdingar vert Snorre utan tvil den mektigaste høvdingen på Island. I 1224 gifte Snorre vekk dotter si Tordis til Torvald Vatnsfjording med eit krav og forventning om støtte i dei konfliktane Snorre måtte ynskje. Snorre dannar same året venskap med ein annan høvding, Torvald Gissurson, ved å gifte vekk dotter si Ingebjørg. Høvdingen Lopt og Snorre dannar også venskap same året, og i overgangen mellom 1227 og 1228 gifter Snorre for andre gong vekk dotter si Hallberra til høvdingen Kolbein Unge.⁶⁹ Alle desse døma underbygg det same aspektet, Snorre utvikla eit stort nettverk i laupet av 1220-åra og var utan tvil den mektigaste mannen på Island. Rundt 1230 endrar derimot situasjonen seg for Snorre. Maktposisjonen vert sakte svekka ved at det oppstår konfliktrar som Snorre ikkje maktar å roe ned. Snorre hadde eit svært stort nettverk, og Sigurdsson seier at dette var den største svakheita ved alliansenettverket, det var så stort at det var vanskeleg å få det til å fungere på ein effektiv og tenleg måte.

I 1235 bryt det ut ei open konflikt mellom Snorre og bror hans, Sigvat, som fører til at Snorre i 1237 reiser til Noreg. Snorre reiser ikkje til kong Håkon, men til Skule jarl. Snorre var hos Skule i to år og vart i denne perioden involvert i den maktkampen som fann stad mellom Skule jarl og kongen. Når Snorre reiser tilbake til Island er dette utan løyve frå kongen og dermed i strid med lova om lendmenn i Hirdskåren. Dette førte til at kong Håkon i

⁶⁸ Helle, *Norge blir en stat*, 80

⁶⁹ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 110

1240 sende ut ordre om at Snorre anten måtte forlate landet eller så ville han bli tatt av dage. Snorre vart drepen av Gissur, kongens hirdmann, natt til 23. september 1241.⁷⁰ Sigurdsson hevdar at årsaka til Snorre sitt fall var knytt til den politikken han førte mot dei norske makthavarane. Denne politikken slo feil og det fekk fatale konsekvensar for Snorre.

Ideologi eller mentalitet – Snorre sitt forhold til kjeldene og til samtida

I arbeidet med kjelder frå mellomalderen og kjelder generelt er det viktig å forsøke å kome til rette med *kvifor* historia vart skriven. Kva er *formålet* med historieskrivinga? Ved å svare på dette spørsmålet vil vi kunne auke vår forståing av historia. Det er debatt og diskusjon knytt til *om* og *korleis* ideologi pregar sogene og om det i det heile er mogeleg å seie at det ligg ein ideologi til grunn for sokeskrivinga. Er formålet med soga å underbygge ein bestemt ideologi? Eller er soga eit uttrykk for ein felles mentalitet i samfunnet? I samband med *Heimskringla* kjem særleg kongedømet sin ideologi i framgrunnen i debatten. Er det ein motsetnad mellom konge, aristokrati og bonde? Er *Heimskringla* talerøyr for kongsmakta eller aristokratiet? Er det dette som er formålet med Snorre si historieskriving? Dermed kan ein stille spørsmålet om *Heimskringla* er uttrykk for ein mentalitet eller om har verket eit ideologiske siktemål? Svaret på dette spørsmålet vil vere viktig for tolkinga av analysen fordi formålet med naudsyn vil påverke det ære-omgrepet som vert synleg i verket.

Det er relativt stor einskap mellom forskarane om at Snorre har brukt andre kjelder når han skreiv *Heimskringla* og det er einskap om kva kjelder dette er. Snorre seier sjølv i prologen til *Heimskringla* at han har teke i bruk Ari og Eiríkr Oddsson. Gjennom samanlikning med andre verk har forskarane rekonstruert det som mest sannsynleg er Snorre sine kjelder og det er brei einskap om at Snorre har brukt *Morkinskinna* og *Fagrskinna* som kjelder til *Heimskringla*.⁷¹

Sverre Bagge har gjennom si bok *Society and Politics in Snorri Sturluson's Heimskringla* analysert *Heimskringla* og vil seie noko om kva Snorre tenkjer om samfunn og politisk handling. Bagge samanliknar Snorre si framstilling i *Heimskringla* med dei andre norrøne historikarane og konkluderer med at det eksisterer ein ulikskap i framstillinga til dei ulike forfattarane. Det dreier seg ikkje om ulikskap i *kva* dei skildrar, men meir ein ulikskap i *kor stor grad* dei legg vekt på dei same elementa. Bagge meiner det politiske spelet og den politiske kulturen har vore skildra i Snorre sine kjelder, men at Snorre har omorganisert informasjonen han har hatt tilgang til slik at dei på ein meir eksplisitt måte skildrar det

⁷⁰ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 109, 110, 111

⁷¹ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*, 20

politiske spelet. Dei endringane Snorre gjer vert uttrykk for korleis han er påverka av sitt sosiale og intellektuelle miljø og han er representant for ein felles mentalitet i tida.⁷² Bagge hevdar at Snorre sitt formål med historieskriving er å skildre store menn sine ærefulle handlingar. Historia skal vere eit døme til etterfylging for enkeltindividet, men også for samfunnet som heilskap. Forteljingane om store og gjæve menn skal underbygge og stadfeste sentrale verdiar i samfunnet.⁷³ *Heimskringla* vert med dette eit uttrykk for mentalitet. Samstundes hevdar Bagge at Snorre si skildring av forholda frå 800-1177 er eit uttrykk for forholda på Island på 1230-talet. På denne måten kan ei analyse av *Heimskringla* seie noko om samfunnsforholda på Island i Snorre si samtid.⁷⁴

Birgit Sawyer reagerer på nettopp dette hos Bagge og rettar kritikk mot hans forståing av *Heimskringla*. Ho hevdar at Snorre har eit ideologisk siktemål når han skriv *Heimskringla*. Som ein av dei viktigaste politiske aktørane på Island er det lite sannsynleg at Snorre ikkje var klar over den handelskonflikten som fann stad mellom Island og Noreg og den norske kongen sine interesser på Island. Sawyer hevdar at *Heimskringla* har eit ideologisk siktemål nettopp fordi den er så fri for den kongs-ideologien som ho meiner prega Noreg og som i Snorre si samtid tydleg byrja å vise interesser ovanfor Island.⁷⁵ Ved at Snorre så tydleg er fri for denne kongsideologien hevdar ho at *Heimskringla* vert eit direkte innlegg imot kongemakta. Snorre skildrar eit samfunn utan den klare kongeideologien i protest mot den eksisterande kongemakta.

Det er ikkje berre Bagge og Sawyer som har ulik oppfatning knytt til kva formålet med Snorre si historieskriving er. Theodore Andersson vil gjennom si forskning bidra til Bagge si forskning gjennom å undersøke *Heimskringla* opp mot *Morkinskinna*. Det er generell einskap mellom forskarar om at *Morkinskinna* er skreve rundt 1220-talet og at den difor er nedskriven midt i handelskonflikten som fann stad mellom Noreg og Island på dette tidspunktet. *Morkinskinna* skildrar ei uro på Island knytt til ein mogeleg invasjon frå norsk hald. Det er i samband med dette Andersson meiner å finne ein tydleg tendens og skeivskap i *Morkinskinna*. Soga bygg opp eit kontrasterande bilete mellom det Andersson kallar «foreign adventurers» og «builder and lawmaker». Tendensen er knytt til at *Morkinskinna* nesten utan unntak fordømmer norsk ekspansjon og tilrår at Noreg skal konsentrere seg om interne forhold. Dette kan skuldast nettopp handelskonflikten og det spente forholdet mellom dei to

⁷² Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 236-237

⁷³ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 202

⁷⁴ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 240

⁷⁵ Sawyer, Birgit. «Samhållsbeskrivingen i Heimskringla». *Historisk tidsskrift*, bind 72 (1993): 223-237

statane. Andersson hevdar at Snorre gjennom ei meir moderat framstilling vil ta eit oppgjer med denne framstillinga og skape eit meir nyansert og balanser bilete. Dette talar dermed for at *Heimskringla* er ei rojalistisk re-justering av perioden.⁷⁶ Andersson si forskning hevdar dermed at Snorre har ein agenda, nemleg å minske den mistilliten islendingane har til Noreg og den norske kongen. *Heimskringla* vert dermed for Andersson eit innlegg i debatten for det norske kongedømet.⁷⁷

På same måte som Andersson hevdar at det er ulikskap i formålet med *Heimskringla* og *Morkinskinna* er også Ármann Jakobsson talsmann for ein slik skilnad mellom dei to verka. Haldninga til eineveldet og kongemakta er ulik i dei to verka. *Morkinskinna* skildrar klart at det vil skape problem både dersom det er meir enn ein konge, men også dersom det er fleire menn som kjempar om kongsmakta og som vil vere like gjæve som kongen sjølv og vere hans likemenn. Jakobsson hevdar at framstillinga i *Heimskringla* er annleis gjennom at sympatien ikkje er knytt til kongen, men til stormennene rundt kongen og dermed til Skule jarl.⁷⁸

Denne gjennomgangen viser klart t det eksisterer ein debatt knytt til dette emnet, ideologi eller mentalitet. I samband med denne oppgåva er det ikkje naudsynt å ta stilling til dette spørsmålet, men dette vil handsamast meir inngåande i konklusjonen med bakgrunn i funna i analysen.

Omgrepsavklaring

Det er naudsynt med ei omgrepsavklaring knytt til kva *mentalitet* og *ideologi* er og korleis desse omgrep skal bli forstått. Årsaka til dette er at begge omgrepa kan definerast ulikt ut frå kontekst og ein kan vektlegge ulike sider ved omgrepa sitt meningsinnhald. Ei tydelig forståinga av kva meningsinnhald eg legg i omgrepa og korleis dei skal brukast vil vere viktig både for å forstå analysen, men også for oppbygginga av oppgåva som heilskap.

Mentalitet: Mentalitetshistorie vart i fyrste omgang introdusert av Annales-skulen i Frankrike. Mentalitetshistorie er opptatt av dei haldningane og oppfatningane som er felles i dei ulike epokane i historia. Ein mentalitet kan forklarast som djuptliggende førestillingar om grunnleggande sider ved livet og samfunnet. Desse førestillingane kan lærast og dei kan endrast. Mentaliteten er totaliteten av ei gruppe eller eit individ sine grunnhaldingar. Ein

⁷⁶ Anderson, Theodore, M. «The politics of Snorri Sturluson». *The Journal of English and Germanic Philology*, Vol. 93, No. 1 (Jan., 1994): 55-58

⁷⁷ Anderson, «The politics of Snorri Sturluson»: 71

⁷⁸ Jakobsson, Ármann. «Kongesagaen som forsvandt. Nyere kongesagastudier med særlig henblik på Morknskinna». *Tid og tanke – Den nordiske renessansen i høymiddelalderen*, Nr. 6 (Haust, 2000): 65-81

mentalitet er med andre ord ikkje eit individuelt fenomen, men er eit kjenneteikn på korleis ei gruppe tenkjer i ei gjeven tid. Ein kan gjerne seie at ein mentalitet er ikkje artikulert. Ein har gjennom historia også gjerne snakka om mentale strukturar. I samband med dette lanserte Herder omgrepet «tidsande». Dette var ein førestillingsstruktur som utgjorde den karakteristiske måten å tenkje på i ei gjeven tid.⁷⁹

Ideologi: Ein ideologi i denne samanheng må forklarast som eit sett med idear og tankar anten knytt til politikk eller religion og som grip fundamentalt inn i eit individ eller ei gruppe sine oppfatningar. Dette er dermed eit tankesett som anten er basert på eit politisk eller religiøst fundament. Ein ideologi definerer korleis samfunnet bør styrast og kva samfunnet bør byggjast på. Ideologi kan dermed definerast som eit samfunnssyn og idégrunnlaget for dette samfunnssynet.⁸⁰ Dette kan på mange måtar likne på definisjonen av mentalitet. Likevel er det ein ulikskap mellom desse to omgrepa. Ulikskapen ligg i at ein ideologi er medviten. Dette vil seie at den gjerne er knytt opp til eksplisitt og systematisk doktrine.

Aktør, struktur, mental struktur og metodologisk tilnærming

Forholdet mellom aktør og struktur pregar historiefaget. I denne oppgåva vil forholdet mellom aktør og struktur ikkje vere ein klar og tydleg del av analysen, men det er naudsynleg med ein introduksjon og forklaring av omgrepa fordi eg meiner æra eksisterer i forholdet mellom aktør og struktur. Sjølv om eg forklarar desse omgrepa her vil ikkje dette med naudsyn seie at eg tek stilling i debatten knytt til formålet med Snorre si historieskriving, og om det dreier seg om ideologi eller mentalitet. Årsaka til at desse omgrepa og deira innhald er relevante for oppgåva er knytt til kva fenomen ære i seg sjølv er. Ære er ein del av mentaliteten til eit menneske og eit menneske vert påverka av nettopp dette i sine handlingar. Denne gjennomgangen er difor ein generell gjennomgang som tek sikte på å forklare omgrepa og på kva måte desse kan relaterast til ære som fenomen.

Både Karl Marx og Jean-Jacques Rousseau har lagt vekt på at mennesket er fritt, men at det samstundes har band som bind. Både Marx og Rousseau arbeidde for frigjering av mennesket.⁸¹ Forholdet mellom mennesket og det som bind mennesket dannar grunnlaget for å snakke om aktør og struktur. I historieforskinga vert handlande menneske kalla aktørar, og ulike teoriar vil forklare kva som driv menneske til handling. Strukturar er ei slik motivasjonskraft og legg føringar for aktøren sine handlingar. Strukturar kan vere

⁷⁹ Myhre, *Historie*, 174

⁸⁰ www.snl.no/ideologi

⁸¹ Myhre, *Historie*, 165

institusjonar, det kan dreie seg om fysiske strukturar og uformelle strukturar. Ei norm kan karakteriserast som ein struktur fordi den vert eit uttrykk for korleis ein skal vere eller tenkje. Norma er overordna individet, den høyrer til samfunnet og norma har eit sosialt preg over seg.⁸² Ein struktur kan vere rammer som ligg utanfor aktøren, men kan også forklarast som ei drivkraft som får aktøren til å handle. Vi kan snakke om fysiske strukturar, institusjonelle strukturar, strukturar i åtferd, sosiale strukturar, normstrukturar og mentale strukturar.⁸³

Kva aktøren vert styrt av er eit av grunnspørsmåla i diskusjonen om forholdet mellom aktør og struktur i forkinga. Dette har danna grunnlaget for å snakke om to idealtypiske aktørar og to handlingsteoriar. Den individualistiske handlingsteorien legg vekt på eigeninteressa til individet, den kollektivistiske tilnærminga legg vekt på normene. Med utgangspunkt i dette kjem dei to idealtypiske aktørane til syne, den interessestyrte og den normstyrte aktøren. Den interessestyrte aktøren er fri, handlar ut frå klare intensjonar, tek val som er rasjonelt kalkulerande og med bakgrunn i den tilgjengelege informasjonen. Den normstyrte aktøren handlar ut frå normene. Dette vil seie at aktøren handlar ut frå overordna verdiar som er overordna individet og som aktøren ikkje rår over. Aktøren har eit umedvite og internalisert forhold til desse verdiane.⁸⁴

Eg meiner den individuelle og den kollektive handlingsteorien kan koplast opp til det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. Det er mogeleg å sjå likskapar mellom den individuelle handlingsteorien og det pragmatiske forholdet til ære. Likskapen ligg i den rolla individet sine eigeninteresser spelar for handlingane. På same måte meiner eg den kollektive handlingsteorien kan koplast til det absolutte forholdet til æra fordi det er kollektivet si oppfatning og samfunnet sine normer som styrer aktøren sine handlingar i relasjon til æra. Fordi æra er ein del av eit menneske sin mentalitet og fordi mentalitet er dei djuptliggande førestillingar om dei essensielle sidene ved livet og samfunnet hos eit menneske vil dette seie at æres-mentaliteten må oppfattast som ein mental struktur som fører til at aktøren tek val og handlar på ein bestemt måte. Æres-mentaliteten er det som driv aktøren til handling, anten i den eine eller andre retninga.

Kjelder og metode

Heimskringla er det mest kjente og kanskje mest leste sogeverket frå det norrøne samfunnet. I historieforskinga er det allment akseptert at sogeverket er skreve av den islandske høvdingen

⁸² Myhre, *Historie*, 165-166

⁸³ Myhre, *Historie*, 171-173

⁸⁴ Myhre, *Historie*, 179

Snorre Sturlason på fyrste halvdel av 1200-talet, ein daterer gjerne verket til rundt 1230.⁸⁵ Verket byrjar med Ynglinge-soga som skildrar korleis guden Odin og dei førhistoriske kongane grunnlegg det norske dynastiet og endar med slaget på Re i 1177. Sogeveket gjev dermed innblikk i det mytiske opphavet til dynastiet, samlinga av det norske riket under Hårfagre-ætta, skildring av dei interne og eksterne konfliktane i riket, kristninga av landet og byrjinga på borgarkrigsperioden 1130-1177.

Dei enkelte sogene tek føre seg kongane, deira regjering og deira fall. Snorre vil skildre store menn og deira store og ærefulle/skamlege handlingar. Den lengste saga i sogeverket er *Soga om Olav den Heilage* som utgjer om lag 1/3 av verket som heilskap. *Soga om Olav den Heilage* har dermed ein sentral posisjon i verket og denne saga vil vere primærkjeldegrunnlaget for analysen i oppgåva. Soga omhandlar hendingar som skjedde medan Olav Haraldsson levde rundt 1000-talet

Sogene som historiske kjelder

Vi har tilgang til eit rikt og omfattande sogemateriale, både i Noreg og på Island, gjennom *Heimskringla* og *Islendingesogene*. Men dette vil ikkje med naudsyn seie at vi har eit rikt historisk materiale som utan vidare kan gje oss kunnskap og informasjon om den tidsepoken dei handsamar. I historieforskingssamanheng har sogene som pålitelege historiske kjelder vore gjenstand for debatt. På 1800-talet var sogene sett på som meir eller mindre truverdige kjelder som kunne gje verdifull kunnskap om sogesamfunnet.⁸⁶ Den kjeldekritiske tradisjonen frå Lauritz Weibull på byrjinga av 1900-talet førte til at saga vart forkasta som historisk kjelde. Både den kjeldekritiske tradisjonen og bokprosaistane hadde ein sterk skepsis til både *Heimskringla* og *Islendingesogene*.⁸⁷ Årsaka til dette er at mange soger i all hovudsak er skreve i laupet av 1200-talet, medan handlinga dei skildrar finn stad frå om lag år 850 til år 1100. Tidsavstanden mellom nedskriving og handling medfører at forfattaren har lagt sekundærkjelder til grunn for nedskrivinga, informasjonen har blitt overlevert munnleg gjennom fleire ledd før den vart nedskrive. Sogene har dermed vorte forkasta som historiske kjelder og dei kan ikkje seie noko om fortida fordi dei er fiksjon.⁸⁸

På 1960-talet vart nye analytiske metodar teke i bruk i mellomalderforskinga, og Theodore Andersson si analyse av dei islandske sogene viser at det er mogeleg å finne ein

⁸⁵ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 1

⁸⁶ Kristjánsson, Jónas. *Eddas and sagas. Iceland's Medieval Literature*. (Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag, 2007), 204

⁸⁷ Sigurdsson. «Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet etter 1970»: 108

⁸⁸ Sigurdsson. «Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet etter 1970»: 108

forteljarstrukturell likskap i sogene knytt til framstillinga av konfliktane og korleis konfliktane vert løyste. Denne forteljarstrukturen går igjen i fleire soger og Andersson hevdar dermed at dei botnar i ein felles munnleg tradisjon. Andersson si analyse har danna utgangspunkt for to analytiske retningar, anten ei reint litterær analyse eller ei foranalyse av sogene som forklarar forma ut frå mentalitet og samfunn.⁸⁹ Verken den eine eller den andre av desse analytiske metodane tek opp spørsmål som er relevante innan kjeldekritikken, men metodane gjev rom for å diskutere *korleis* historikaren kan bruke sogene. Kan sogene vere kjelder som kan gje oss informasjon og kunnskap om t.d. allmenne normer som var gjeldande i sogesamfunnet? Kva haldningar kjem til syne i sogene? Er det mogeleg å sjå eit tankemønster som kjenneteiknar aktørane i sogene?⁹⁰ Kva kan dette seie oss om sogesamfunnet?

Sørensen gjer seg til talsmann for ein analysemetode som han kallar den antropologisk-litterære metoden. Hans argumentasjon er prega av ein skepsis til bruk av soger som historiske kjelder, men også til ein rein litterær analyse av sogene. Verken den eine eller den andre tilnærminga kan gje tilfredsstillande resultat.⁹¹ Årsaka til dette er at sogene hevdar å vere ei genuin røyndomsframstilling av fortida og at framstillinga av samfunn og kultur stemmer overeins.⁹² Han legg til grunn at sogene vart skreve ut frå den kunnskap ein hadde om fortida på det aktuelle tidspunktet, men hendingane og dei kulturelle rammene vi finn i sogene er lagt til rette ut frå eit litterært mønster. Sogene er ei fortolking av fortida og vil skape meiningsfulle bilete av denne fortida. Historikaren derimot leitar etter kjensgjerningar som kan setjast saman til meiningsfulle heilskapar. Målet er dermed ulikt, og Sørensen hevdar ein ikkje kan analysere litterær form ut frå historievitskapen sin metodikk, bruk av kjeldekritiske metodar vil ikkje kunne føre fram til ”den historiske sandhed” som ligg til grunn for den litterære framstillinga.⁹³

Den litterære uttrykksforma er årsaka til at Sørensen hevdar analyse av sogene ikkje kan kombinerast med historikaren sine metodar. Soga er både teksten og konteksten og han meiner at sogene kan seie oss noko om *bruken* av historia, ikkje om historia i seg sjølv. Dette medfører at Sørensen utelet mogelegheita for at sogene faktisk kan bestå av både fakta og fiksjon. I tillegg utelet han mogelegheita for å analysere kjeldene historisk som *levingar* frå den tida då dei vart skreve.

⁸⁹ Bagge, Sverre. «Mellom kildekritikk og historisk antropologi». *Historisk tidsskrift*, bind 81 (2002): 174-175

⁹⁰ Bagge. «Mellom kildekritikk og historisk antropologi»: 175

⁹¹ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 18

⁹² Sørensen, *Fortelling og Ære*, 25

⁹³ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 19

Litteratur vart på 1970-talet vurdert på ein ny måte som fekk påverknad på sogeforskinga. Dette skuldast, som allereie nemnd, den antropologiske vendinga i historieforskinga og vektlegging av nye element i historieforskinga. Denne vendinga fører til ei ny oppfatning av litteraturen, den må brukast med varsemd, med kritisk sans og sunn fornuft. Det vaks samstundes fram ei oppfatninga av at ei skildring av ei hending, som aldri hadde funne stad, med aktørar som aldri hadde eksistert, kunne seie noko viktig om livsforhold, verdigrunnlag og kva som legg føringar for eit individ sine handlingar.⁹⁴ Miller vert på mange måtar talsmann for ei slik tilnærming. På mange områder har han ei liknande tilnærming til sogene som Sørensen, men deira litterære karakter og forholdet til røynda fører ikkje til at han ikkje kan seie noko om den historiske konteksten. Han legg større vekt på den sosiale og kulturelle konteksten og metoden hans kan karakteriserast som ein leivningsanalyse. For Miller spelar ikkje fakta/fiksjon problematikken ei nemneverdig rolle i analysen av sogematerialet. Det spelar inga rolle om ein dialog er fiksjon eller om eit hendingslaup eller aktørar er oppdikta av forfattaren, det vi kan vere sikre på, meiner Miller, er at den sosiale og kulturelle settingen, som sogene skildrar, og som aktørane rører seg i, ikkje er oppdikta.⁹⁵ Miller sin metode går dermed ut på å analysere dei haldningar, handlingar og oppfatningar som kjem til uttrykk i soga og som vert eit uttrykk for forfattaren si sosiale og kulturelle organisering.

Sverre Bagge legg også vekt på at sanningsinnhaldet i ei soge ikkje med naudsyn er avgjerande for at soga kan gje eit korrekt bilete av samfunnsforholda i forfattaren si eiga samtid.⁹⁶ I ei slik analyse av ei skriftleg kjelde vil målet vere å få informasjon om det samfunnet soga sjølv er eit produkt av, ikkje det samfunnet soga skildrar. Forfattaren si oppfatning og forståing av ei hending vil vere det interessante i ein slik leivningsanalyse, sjølve handlinga vil ikkje vere like relevant. Ein kan analysere seg fram til mentale førestillingar hos forfattaren ved å forsøke å finne årsaka til at aktørane i sogene handlar på bestemte måtar eller undersøke kva verdiar som er viktige for dei. Ein treng dermed ikkje avgjere om sogene er fiksjon eller fakta før ein byrjar arbeidet med tekstane, men bruke ein metode som er relevant for det ein vil finne ut.

Ein leivning er alle typar materiale som er overlevert frå fortida og som kan seie noko om den situasjonen materialet oppstod i. Dette vil seie at ein sluttar frå materialet tilbake til det miljøet der materialet vart danna. Ved å bruke ei soge som ein leivning ser vi den som ein

⁹⁴ Sørensen, *Fortelling og Ære*, 322-323

⁹⁵ Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 46

⁹⁶ Bagge. «Mellom kildekritikk og historisk antropologi»: 175

del av den fortidige konteksten då den vart skapt.⁹⁷ Eg ser det som mest tenleg å bruke sogene nettopp som leivingar. Eg meiner sogene i generell forstand kan innehalde både fakta og fiksjon og at forfattaren viser si eiga og samtida si oppfatning gjennom måten han skriv på. Eg kjem i min analyse derfor ikkje til å ta stilling til «sanningsinnhaldet» i Snorre sine skildringar. Det vil seie at eg tek utgangspunkt i det Snorre fortel og aksepterer Snorre si *skildring* av hendingane, aktørane, dialogane og heile hendingslaupet i saga. Dette vil likevel ikkje seie at eg naudsynleg aksepterer Snorre sine skildringar som historiske sanningar og faktaopplysingar, men eg vil studere Snorre sine skildringar på ein slik måte at analysen kan seie noko om Snorre si oppfatning av æres-fenomenet. Eg meiner Snorre si oppfatning av ære vil kome til syne i måten han skildrar hendingane på, dei vala aktørane tek, og i dei refleksjonane han tillegg aktørane. Årsaka til dette er at det er vanskeleg, om ikkje umogeleg, å avgjere kva som er faktaopplysningar og kva som er fiksjon i sogene. Å gå inn i denne problematikken vil ikkje føre til ein fruktberre analyse. Eg vil undersøke dei haldningane som kjem til syne i handlingsmønster og verdigrunnlaget til aktørane i saga. Dette meiner eg speglar forfattaren sine haldningar og samtida til sogeforfattaren sine haldningar knytt til ære.

Oppbygging av oppgåva

Reint strukturelt vil oppgåva bestå av to hovuddelar som er knytt til horisontal ære og vertikal ære. Horisontal ære er ei form for personleg ære som gjev ein person rett til respekt i relasjon til ein likeverdig part i omgivnadane. Dette vil seie at eg i analysen vil sjå på relasjonar mellom menn av om lag lik status i samfunnet. I denne delen vil eg fyrst undersøke dei høva der æra kjem til uttrykk som ein absolutt verdi i dei horisontale relasjonane. Deretter vil eg undersøke dei høva der aktørane viser eit pragmatisk forhold til æra.

I den andre hovuddelen vil eg sjå på vertikal ære. Den vertikale æra er knytt til hierarki og posisjon i samfunnet. Det dreier seg framleis om personleg ære, men her er det andre relasjonsband som vert aktuelle. Dei relasjonsbanda som kjenneteiknar dei vertikale relasjonane er særleg knytt til patron-klient relasjonar. Denne hovuddelen vil difor vidare delast i underkategoriar. Fyrst vil eg rette merksemd mot klienten og undersøke dei høva der klienten yter press oppover mot patronen. Fyrst vil eg sjå på dei høva der æra får karakter av absolutt verdi og deretter dei høva der patronen føreheld seg pragmatisk til æra i samband med presset frå klienten. Deretter vil eg rette merksemda mot patronen. På kva måte yter

⁹⁷ Kjeldstadli, Knut, *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*, (Oslo: Universitetsforlaget AS, 1999), 170-171

patronen press mot klienten si ære? Korleis føreheld klienten seg til dette presset, som absolutt verdi eller pragmatisk?

Både i hovuddelane knytt til horisontal ære og vertikal ære vil eg vurdere ulike hendingar, episodar og delar av episodar som uttrykk for eit syn på ære som ein absolutt verdi eller eit pragmatisk forhold til æra. Å velje denne strukturen på oppgåva medfører at episodar og hendingar vil bli svært oppstykkka i mange høver. Årsaka til dette er at episodar kan vere veldig kompliserte og samansette og omhandle fleire aktørar. Relasjonen mellom aktørane kan variere og det er vanskeleg å handsame episodane i heilskap fordi relasjonane og forma for ære varierer innan den enkelte episoden. På trass av at ein slik struktur er kompleks meiner eg denne inndelinga og oppbygginga er ein interessant måte å undersøke denne problemstillinga på fordi den tek omsyn til fleire aspekt ved æra, nettopp at ære er eit kompleks fenomen og at relasjonar mellom ulike aktørar påverkar æra på ulike måtar. Det eg i botn og grunn vil seie noko om er Snorre si oppfatning av ære og dermed vil ulike uttrykk for æra kome til syne på ulike stadar i hans skildring. Dei formelle posisjonane som Snorre karakteriserer aktørane med kan også skape utfordringar i analysen fordi eg vil undersøke æra i dei horisontale og i dei vertikale relasjonane. Dersom eg ville gjere det enkelt kunne eg tatt utgangspunkt i Snorre sine formelle posisjonar og analysert ut frå dette. Men eg meiner, i likskap med Bagge, at den politiske kulturen er prega av individuelle aktørar og personlege band mellom desse. I soga meiner eg det kjem tydleg fram at aktørar på trass av ulik formell posisjon kjempar om ære i same liga ved mange høver. Dette medfører at eg på nokre punkt vil *velje*, med bakgrunn i Snorre si framstilling, om ein relasjon kan karakteriserast som horisontal eller vertikal. Ei anna utfordring eg møter i analysen er knytt til kva som må til for at eit handlingsmønster skal karakteriserast som ære som ein absolutt verdi eller eit pragmatisk forhold til æra. Årsaka til dette er at eg meiner det eksisterer eit spenn mellom forholdet til æra som ein absolutt verdi og eit pragmatisk forhold til æra.

HORISONTAL ÆRE

I denne delen av analysen er det den horisontale æra som står i fokus. Ulikskapen mellom horisontal og vertikal ære har vorte gjort greie for tidlegare, det eg vil nemne her er at den horisontale ære er den æra som eksisterer mellom likemenn. Horisontal ære eksisterer i heile hierarkiet. Altså det vil seie at den horisontale æra eksisterer i dei ulike sosiale laga i samfunnet og kjenneteikna på den horisontale æra vil vere det same uavhengig av kvar i det sosiale hierarkiet den horisontale relasjonen er. Når dette er sagt er det likevel naudsynt å påpeike at det ikkje alltid er den formelle posisjonen til eit individ som avgjer om det dreier seg om horisontal ære eller vertikal ære, i mange høver er det ikkje samanfall mellom formell posisjon og posisjon i kampen om ære. Drøftinga vil difor også ta stilling til om det faktisk er dei formelle posisjonane som avgjer om det dreier seg om horisontal ære eller om det også er andre aspekt som avgjer dette.

Reint strukturelt vil denne delen vere delt i to hovuddelar, fyrst vil eg undersøke dei høva der æra kjem til uttrykk som ein absolutt verdi i den horisontale æra. Deretter vil eg sjå på dei høva der aktørane føreheld seg pragmatisk til æra i dei horisontale relasjonane.

DEL A: ÆRE SOM ABSOLUTT VERDI

Innleiing

I innleiinga skisserte eg korleis eg meiner Sørensen sitt syn på ære, som ein absolutt verdi, og Stewart sitt syn på ære som ein rett, som kan mistast, har ein del fellestrekk og kan stillast saman. Ut frå Sørensen sin ståstad er æra nært knytt til kollektivet og til den situasjonen aktørane er ein del av. Kollektivet er dommare i saker som omhandlar ære og det er kollektivet som kan avgjere om ein person mister ære eller får ære. Dette same kollektivet kan også avgjere om ein person mister all ære, og dermed mister retten til respekt frå æres-gruppa, dette samsvarar med Stewart sitt syn.

Det eg vil undersøke i denne seksjonen av analysen er om det eksisterer dømer i saga som viser at mennene føreheld seg til æra som ein absolutt verdi i samband med den horisontale æra. I kva relasjonar kjem dette til syne? Kva er årsaka til at mennene føreheld seg til æra som ein absolutt verdi? Korleis kjem dette til uttrykk i dei ulike episodane? Er det mogeleg å sjå eit mønster med tanke på kva som fører til at æra vert ein absolutt verdi? Kva seier dette om Snorre si oppfatning av ære?

Det er fleire episodar og sider ved konflikhtar som kan bidra til å svare på *kva* som fører til at æra vert ein absolutt verdi i det horisontale æres-omgrepet. Sidan *Soga om Olav den Heilage* er ei kongesoge står sjølvstog kongane sentralt i Snorre si skildring. På tross av at Snorre gjev kongane, og særleg Olav Haraldsson mykje merksemd i saga, er dei horisontale relasjonane til stades i alle samfunnslag og kjenneteikn på den horisontale æra er synleg i alle desse relasjonane, meiner eg. Det er difor ikkje berre relasjonane mellom kongane som kan kaste lys over dei høva der æra får ein karakter av absolutt verdi, men også horisontale relasjonar i dei lågare samfunnslaga.

Fordi det ikkje alltid er like lett å avgjere den formelle posisjonen til aktørane, og om det dreier seg om horisontal eller vertikal ære, vil eg fyrst diskutere *kva* som avgjer om ein relasjon er horisontal eller vertikal og *kva* som dannar grunnlaget for desse relasjonane mellom aktørane. Eg vil bruke konkrete dømer frå saga for å vise dette. Deretter vil eg gå over på sjølve drøftinga av horisontal ære som absolutt verdi. Denne delen består av fire hovuddelar. Fyrst vil eg sjå på dømer der Snorre skildrar at aktørane står i fare for å miste grunnlaget for ære. Deretter vil eg sjå på dei høva der konsekvensen av ikkje å handle fører til at ein kan miste grunnlaget for æra. Fornærminga si rolle i den horisontale æra vil vere den tredje hovuddelen. Til sist vil eg undersøke dei vertikale relasjonane sin påverknad på dei horisontale relasjonane, og æra som avslutt verdi i relasjon til dette. *Kva* seier dette om Snorre si oppfatning av ære?

Kva er grunnlaget for horisontal eller vertikal relasjon mellom aktørane?

Det er ikkje alltid like lett å avgjere *kva* type relasjon det er mellom aktørane i Snorre si skildring og eg meiner det dermed er naudsynt med ei vurdering knytt til *kva* form for ære det eigentleg dreier seg om. Er det den horisontale æra eller er det den vertikale æra som vert gjeldande i t.d. relasjonen mellom dei tre kongane, Olav Haraldsson, sveakonge Olav og Knut den mektige, i saga? Snorre teiknar opp eit komplekst bilete av dette. Det kan difor vere vanskeleg å eintydig seie at ein relasjon er anten det eine eller det andre. I mange høver i denne oppgåva vil det vere naudsynt å ta eit val knytt til *kva* relasjon det dreier seg om og analysere med utgangspunkt i dette valet.

Eit døme på kor kompliserte relasjonane kan vere finn vi i Snorre si skildring av relasjonen mellom dei tre kongane. Olav Haraldsson er, og vil vere, konge i Noreg, sveakonge Olav er konge i Sveaveldet og Knut den mektige rår over Daneveldet og England. Dei formelle posisjonane til kongane plasserer dei i ein horisontal relasjon til kvarandre, men likevel meiner eg Snorre si framstilling teiknar eit meir komplekst bilete enn dette. Konflikten

mellom kongane er prega av konkurranse, kamp om makt, om status, om posisjon og om ære. Snorre si skildring av både sveakonge Olav og Knut den mektige sitt tilbod til Olav Haraldsson om å bli lendmann underbygg dette og er med på å komplisere biletet av relasjonen mellom dei. I framstillinga oppfattar dei to kongane det som eit rimeleg tilbod til ein mann som Olav Haraldsson. Sveakonge Olav og Knut den mektige oppfattar Olav i ein vertikal relasjon. Han vil derimot ikkje akseptere dette tilbodet og meiner det ikkje tek omsyn til den posisjonen han har og ynskjer å ha. Olav Haraldsson møter tilboda til sveakonge Olav og Knut den mektige på ein måte som talar for at han oppfattar dei som likemenn. Gjennom dette meiner eg Snorre påpeikar noko interessant knytt til oppfatninga av dei formelle posisjonane. Dei formelle posisjonane spelar ikkje ei avgjerande rolle med tanke på om det dreier seg om horisontal eller vertikal ære, det avgjerande, i dei fleste tilfella, er korleis aktørane agerer, og korleis dei handsamar ei utfordring. Snorre viser at hans oppfatning av Olav Haraldsson, sveakonge Olav og Knut den mektige er at dei har ein horisontal relasjon. Snorre viser dermed at det dreier seg om horisontal ære i relasjonen mellom desse mennene fordi Olav Haraldsson ikkje aksepterer sveakonge Olav og Knut den mektige sitt forsøk på å undergrave hans posisjon. Denne framstillinga viser at det dreier seg om individuelle aktørar, dei har lik formell posisjon, men dei oppfattar relasjonen mellom seg ulikt. Måten dei handsamar kvarandre på viser at dei konkurrerer om ære på same nivå, men brukar ulike middel for å vinne ære i denne konkurransen.

Det same aspektet meiner eg vert synleg i Snorre si skildring av relasjonen mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson. Heller ikkje i samband med denne relasjonen er det lett å avgjere om det dreier seg om horisontal ære eller vertikal ære. Snorre fortel at Erling Skjalgsson er den fremste lendmannen i Noreg.⁹⁸ Ved å vere lendmann vert han posisjonert under Olav Haraldsson i hierarkiet. Dette talar for ein vertikal relasjon. Men Snorre fortel at Erling er den mektigaste lendmannen i riket, han har «mange frendar, var mektig og vensæl, og han hadde så mykje folk omkring seg som det kunne vere ei kongshird».⁹⁹ Eg meiner Snorre indikerer at Erling ikkje ein vanleg lendmann, men at han heilt klart er i konkurranse med Olav Haraldsson om ære. Den formelle posisjonen til Erling fører til at han ofte vert sett i lag med dei andre stormennene i riket i framstillinga i saga, men i mange av situasjonane der Erling er i direkte forhandling med Olav Haraldsson vert det klart at det er snakk om ein horisontal relasjon og dermed også om den horisontale æra. Eg meiner også vi kan sjå denne

⁹⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 218

⁹⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 218

likskapen i relasjonen mellom Einar jarl på Orknøyane og Olav Haraldsson. Einar jarl utfordrar Olav Haraldsson og viser gjennom dette at han vil reknast som ein likeverdig mann med Olav Haraldsson. I analysen vil eg leggje til grunn at relasjonen mellom desse mennene er horisontal og dermed knytte det opp til den horisontale æra. Eg vil også seinare i analysen ta vurderingar knytt til relasjonen mellom aktørane og kva form for ære det dreier seg om der dette er naudsynt for analysen.

Miste grunnlaget for ære

Eg meiner Snorre gjennom si skildring av nokre av episodane og handlingsmønsterane i saga indikerer noko interessant knytt til korleis mennene føreheld seg til æra. Æra kan i mange høver ikkje forståast på ein annan måte enn at den er det overordna styrings- og handlingsgrunnlaget til aktørane i saga. Det er fleire skildringar hos Snorre som talar tydeleg for dette og eg meiner vi kan sjå at æra får absolutt verdi i dei horisontale relasjonane når aktørane kan miste grunnlaget for æra si. Kva vil det så seie, å miste grunnlaget for ære? Eg meiner Snorre viser dette gjennom måten aktørane føreheld seg til æra på. Det dreier seg om dei aspekta som er grunnleggande for å bli rekna som del av æres-gruppa, og kan vere individuelle ved at dei tek særleg omsyn til aktøren sin særeigne stilling.

«Verje landet med odd og egg»

Konflikten mellom Olav Haraldsson og Knut den mektige botnar i at Knut den mektige ved å stadfeste makta si i både Daneveldet og i England har moglegheit til å sjå seg om etter meir makt. Han meiner han har arverett på Noreg og vil forsøke å få makta i landet. Snorre fortel at mange nordmenn kom til Knut og gjorde seg til vens med han, og dei fekk store rikdommar av han. Det var også mange av desse som klaga si naud over styret i Noreg.¹⁰⁰

Knut den mektige byrjar prosessen med å ta makta i Noreg på ein fredeleg måte gjennom forhandling. Prosessen byrjar med andre ord pragmatisk, som ei forhandling om makt. Snorre har ei oppfatning om eit spenn og at det i dette spennet er rom for forhandling. Knut den mektige sender menn med brev til Olav Haraldsson og fortel om kravet han har på Noreg, og han ber Olav bli hans lendmann og betale skatt til han.¹⁰¹ Tilbodet frå Knut er at Olav skal få styre riket *for* Knut dersom han aksepterer vilkåra. I møte med dette kravet gjer Olav Haraldsson det klart at dette ikkje er aktuelt, han vil ikkje akseptere tilbodet. Olav Haraldsson vil verje landet med odd og egg så lenge han lever og vil ikkje betale skatt av riket sitt til

¹⁰⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 341-342

¹⁰¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 342-344

nokon, seier han.¹⁰² I skildringa si av denne hendinga legg Snorre vekt på at sendemennene meiner Olav Haraldsson bør leggje seg inn under Knut den mektige, og dei undrar seg på kven han set si lit til vil kome og hjelpe han mot Knut. Sendemennene reiser tilbake til Knut og fortel kva Olav Haraldsson sin respons var, han er ikkje nøgd med det han høyrer og han trugar med at no vil det kome kalde råder mot Olav.¹⁰³

Kjernen i denne konflikten er heilt klart æra, meiner eg, fordi relasjonen mellom ære og makt er så tydleg. I dette høvet meiner eg Snorre også klargjer kva rolle den formelle samfunnsposisjonen spelar for æra. Posisjon i samfunnet er eit resultat av makt, innflytelse og ære. Det å miste posisjonen sin vil vere einstyddande med å miste ære fordi ein ikkje lenger har det som skal til for å halde på posisjonen. Det er knytt ei særleg ære til kongsnamnet og kongsmakta både i norrøn og kristen tid og kongen har ein opphøgd posisjon. Dette aspektet gjer det særleg spennande å undersøke Snorre si skildring av korleis Olav Haraldsson føreheld seg til æra.

Eg meiner at relasjonen mellom samfunnsposisjon og ære heilt klart er eit aspekt i Snorre si skildring av relasjonen mellom desse mennene. Snorre si framstilling gjer det klart at Olav Haraldsson sine vurderingar er knytt til å verne æra han har gjennom kongsnamnet og kongemakta. Olav Haraldsson sitt mål er å verne æra si, og Snorre si skildring viser at han kan gjere dette ved å halde på kongsnamnet og kongsmakta. Kvifor legg Snorre så stor vekt på relasjonen mellom ære og samfunnsposisjon? Eg meiner han gjer dette fordi denne relasjonen dannar *grunnlaget* for æra hans. Knut den mektige byrjar prosessen med maktovertaking med forhandling om maktdelinga, men måten Olav Haraldsson agerer på i dette høvet underbygg ikkje at det i det heile take er eit alternativ for han å dele makta. Han vil verne makta si, samfunnsposisjonen sin og dermed æra si med alt han kan og alt han har av middel. Snorre si skildring av Olav Haraldsson sin respons på tilbodet frå Knut den mektige fører til at eg meiner det er mogeleg å hevde at samfunnsposisjon har ein så avgjerande påverknad på æra at det i mange høve dreier seg om at samfunnsposisjonen og makta knytt til denne dannar grunnlaget for ein person si ære.

På mange måtar kan dette aspektet knytt til makt relaterast til eit pragmatisk forhold til æra, men i denne situasjonen meiner eg Snorre viser at prisen Olav Haraldsson er villig til å betale for å halde på makta må koplust til at dette maktgrunnlaget dannar grunnlaget for hans ære. Reaksjonen på tilbodet frå Knut den mektige vert framstilt som bastant og avvisande.

¹⁰² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 342-344

¹⁰³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 342-344

Årsaka til dette meiner eg heng saman med kva konsekvensar det vil medføre for Olav Haraldsson å akseptere dette tilbodet. Olav Haraldsson vil miste kongsmakta dersom han aksepterer tilbodet frå Knut, dvs. han vil miste det som dannar *grunnlaget* for æra hans. Knut den mektige sitt tilbod stiller Olav Haraldsson klart og tydeleg i ein anten – eller posisjon, det dreiar seg om å ha eller ikkje ha ære fordi Olav Haraldsson vil miste grunnlaget for æra si dersom han mister kongsnamnet. Olav Haraldsson sin reaksjon på bodskap frå Knut den mektige er klar og konsis og eg meiner reaksjonen kan tolkast som eit uttrykk for at Olav Haraldsson oppfattar ære som ein absolutt verdi når det gjeld å halde på kongsnamnet og å verje kongemakta. Han er villig til å ofre livet for å verje dette og dette fører til at det å verje kongsmakta har ein essensiell verdi for Olav Haraldsson. Dette viser at Snorre oppfattar grunnlaget for ære som styrande for dei vala aktøren tek i samband med æra.

Krenkinga sin karakter og konsekvens

Vi finn fleire dømer i saga på at ein kan miste grunnlaget for ære og å hamne utanfor æresgruppa. Snorre si skildring av hendinga mellom Asbjørn og Sel-Tore er eit klart døme på dette. Konteksten for denne hendinga og sjølve handlingslaupet er viktig for å danne eit startpunkt for drøftinga.

Asbjørn treng korn for å brygge øl til gjestebod i jula og han seglar sørover for å kjøpe dette når det vert uår. Han kjem til Avaldsnes på Karmøy og møter Sel-Tore, kongens årmann på garden. Kongen har gjeve påbod om at korn frå Vestlandet ikkje skal først nordover. Asbjørn dreg vidare sørover frå Avaldsnes for å vitje morbror sin Erling Skjalgsson. Asbjørn lovar å kome innom Sel-Tore før han dreg heim.¹⁰⁴ På trass av kongen sitt påbod får Asbjørn korn av Erling. Sel-Tore er ein trufast kongsmann, han konfiskerer kornet og tek det flotte seglet til Asbjørn i tillegg. Konsekvensane av Sel-Tore sine handlingar er at Asbjørn ikkje kan halde gjestebod og han vert gjort til latter i heimbygda. Dette likar ikkje Asbjørn i det heile.¹⁰⁵ Ut på nyåret reiser Asbjørn sørover igjen og kjem til Avaldsnes i løynd.¹⁰⁶ Kongen er på Avaldsnes og det vert halde eit stort gjestebod. Asbjørn snik seg inn i salen og høyrer at Sel-Tore fortel historia om Asbjørn sitt korn og segl. Sel-Tore smørar godt på forteljninga og hevdar at Asbjørn var misnøgd når han tok kornet, men at han gret når han tok seglet. Med det

¹⁰⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 322-324

¹⁰⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 324-325

¹⁰⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 325-326

same Asbjørn høyrer dette spring han fram og hogg Sel-Tore i nakken slik at hovudet fell av. Hovudet fell rett i fanget på kongen.¹⁰⁷

Asbjørn har kome til Avaldsnes for å rette opp att det tapet av ære han har opplevd ved å miste kornet, seglet og den negative omtalen han fekk heime. Eg meiner Snorre si framstilling av hendinga er prega av at det dreier seg om ei form for forhandling. I fyrste del av episoden meiner eg Snorre skildrar eit pragmatisk forhold til æra, denne pragmatikken har prega Asbjørn sine vurderingar tidligare ved at han aksepterer at Sel-Tore tek kornet og seglet t.d. Denne forhandlinga og pragmatikken er framleis gjeldane når Asbjørn kjem tilbake til Avaldsnes. Men Snorre si skildring og måten han fortel på viser at det skjer ei endring hos Asbjørn med tanke på alvorlet knytt til situasjonen hans. Denne endringa meiner eg viser det spennet som pregar Snorre si oppfatning og som kan relaterast til dette anten – eller punktet som eksisterer mellom eit absolutt forhold til æra og eit pragmatisk forhold til æra.

Det er fyrst medan Sel-Tore fortel om hendingane hausten før at det vert klart for Asbjørn at situasjonen er alvorleg, og at den vil få store konsekvensar for han. Sel-Tore seier at Asbjørn gret når han tok seglet hans. Reaksjonen hans viser at omfanget av hendinga har alvorlege konsekvensar. Snorre si framstilling talar for at Asbjørn sin reaksjon er spontan, men konsis, fordi vi får inntrykk av at Asbjørn handlar med det same han *høyrer* kva Sel-Tore seier og ein kan få kjensla av at han vil «stoppe munnen på» Sel-Tore. Det er vanskeleg å ikkje gjere noko når krenkinga er så klar og tydeleg.

Det interessante i denne analysen er å diskutere krenkinga sin karakter og konsekvens. Kvifor framstiller Snorre Asbjørn sine handlingar på denne måten? Snorre framstiller denne episoden med stort alvor, Asbjørn vert ikkje framstilt som tankelaus og oppøst, men han reagerer spontant og konsist på ei krenking. Krenkinga har ein slik karakter at det dreier seg om alt eller ingenting for Asbjørn i møte med krenkinga. Krenkinga fører til at Asbjørn har kome til dette anten – eller punktet der han vil *miste* grunnlaget for ære. Dersom Asbjørn ikkje agerer på dette vil han miste sitt omdømme og æra hans vil vere øydelagt. Sel-Tore si krenking går i hovudsak på Asbjørn sin manndom ved skuldinga om gråt. Difor vil det å ikkje agere på denne krenkinga vere ei stadfesting av dette. Konsekvensen av krenkinga vert difor at Asbjørn ikkje vil bli rekna som ein mann dersom han ikkje agerer på krenkinga, og ved ikkje å verte rekna som mann vert grunnlaget for Asbjørn si ære reve vekk. Snorre viser at det er hendingar der æra vert ein absolutt verdi og ein må innrette seg etter krav og forventingar, og ein må agere på krenkinga for å halde fram med å vere del av æres-gruppa. Handlingane

¹⁰⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 325-326

vert eit uttrykk for at det ikkje er verdt å leve utan ære for ein mann. Vi kan sjå likskapen mellom korleis Snorre framstiller Olav Haraldsson sin reaksjon i møte med Knut den mektige sitt tilbod og Asbjørn sin reaksjon, i begge høva legg Snorre vekt på at det er betre å miste livet enn å miste grunnlaget for ære. Dette aspektet fører til at det å halde på æra si får eit preg av å vere essensielt og at det dermed dreier seg om eit forhold til æra som ein absolutt verdi. Snorre uttrykkjer tydeleg at dersom Asbjørn ikkje agerer vil han miste grunnlaget for æra si, og måten Asbjørn agerer på talar tydeleg for ei oppfatning av æra som ein absolutt verdi ved at reaksjonen er så konsis og total. Skaden som Sel-Tore sine ord vil føre til for Asbjørn si ære og omdømme kan ikkje ignoreras eller direkte bøtast på, denne vurderinga tek Asbjørn sjølv i møte med krenkinga frå Sel-Tore. Her får æra ein karakter av absolutt verdi, Asbjørn må agere på Sel-Tore sine skuldingar elles vil han miste retten til respekt og han vil dermed stå utan ære.

«kvar kan ha det riket han er odelsboren til»

Olav Haraldsson og sveakonge Olav vert allereie tidleg i saga stilt opp som motstandarar. Eg meiner Snorre si framstilling viser at han ser dei to mennene i ein horisontal relasjon til kvarandre og dei kjempar om makt og posisjon i det same området. Skatt og makt over landområder er eit viktig ledd i konflikten mellom kongane. Sveakonge Olav sender menn som skal krevje inn skatt i Trondheimen. Olav Haraldsson sin reaksjon på dette er ikkje positiv. Snorre seier at Olav Haraldsson stiller spørsmål ved sveakongen sin rett til å samle skatt i det norske riket. Snorre skildrar ein tydeleg interessekonflikt mellom mennene. Sveakongen sine sendemenn reagerer på måten Olav Haraldsson møter sveakongen sitt krav på. Sendemennene oppfattar Olav Haraldsson som storvorren, seier Snorre. Han burde heller legge seg inn under sveakongen, bli hans lendmann, og ha Noreg i len i staden for å yte motstand mot ein så stor høvding, seier dei. Olav Haraldsson er klart negativ til dette og han vil ikkje leggje seg inn under sveakongen. I staden seier han at han sjølv og sveakongen skal møtast ved grensa mellom rika neste vår og inngå forlik slik at begge menn kan ha det riket dei er odelsborne til. Sveakongen vert svært sint på grunn av dette forslaget.¹⁰⁸

Denne episoden ber mange likskapstrekk med episoden mellom Olav Haraldsson og Knut den mektige. Tilbodet om å bli sveakongen sin lendmann anerkjenner ikkje Olav Haraldsson som likeverdig konge, og tilbodet undergrev den kongsposisjonen Olav Haraldsson ynskjer å ha, og som han også har, i delar av landet. Det sentrale i denne

¹⁰⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 243-245

samanhengen er *måten* Olav agerer på i møte med krenkinga. Krenkinga er retta mot Olav Haraldsson sin *rett* på kongsnamnet fordi ved å bli lendmann vil Olav Haraldsson gje opp kongsnamnet og kongsmakta.¹⁰⁹ Dersom han gjer dette mister han dei rettane som følgjer med dette namnet. Konsekvensen av å ta imot sveakongen sitt tilbod vil vere at han mister samfunnsposisjonen sin. Relasjonen mellom samfunnsposisjon og ære er sentral i Snorre si framstilling også i denne situasjonen.

Det er konsekvensen av å akseptere sveakonge Olav sitt tilbod som gjer det mogeleg å forstå Olav Haraldsson sine handlingar og korleis han føreheld seg til æra i denne situasjonen. Sjølv om Snorre gjentekne gongar skildrar at Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til sveakongen sine krenkingar er dette det punktet han ikkje vil vike ifrå. Han vil ikkje gje frå seg kongsnamnet og kongsmakta. Eg meiner årsaka til dette er at kongsnamnet, altså samfunnsposisjon, og kongsmakta er det som dannar grunnlaget for den æra Olav Haraldsson har. Snorre viser korleis Olav Haraldsson er pragmatisk til æra i fleire høver i konflikten med sveakonge Olav, men han tek ikkje val som fører til at han kan miste grunnlaget for æra. Grunnlaget for æra er dermed kjernen i denne situasjonen, og i Snorre si oppfatning. I likskap med skildringa av episodane med Knut den mektige og Asbjørn har Olav Haraldsson si ære kome til dette anten – eller punktet. Olav Haraldsson vil anten miste æra eller han må finne ei anna løysing, og Snorre si skildring viser at han i det lengste forsøker å finne ei anna løysing. For Olav Haraldsson vert dette i fyrste omgang å forsøke å inngå forlik. Den handlingsvegen Olav Haraldsson tek i samband med tilbodet frå sveakonge Olav, er ulik Snorre si skildring av både måten han handlar på i møte med Knut den mektige sitt tilbod og Asbjørn sin reaksjon på Sel-Tore si krenking. Han er meir huga på å finne ei fredeleg løysing enn å gå i direkte konflikt. Årsaka til dette meiner eg er knytt til at det er essensielt for Olav Haraldsson å verje om kongsmakta fordi æra knytt til denne posisjonen har ein absolutt verdi.

På trass av at Olav Haraldsson har ei anna tilnærming til sveakonge Olav sitt tilbod om å bli hans lendmann enn til Knut den mektige sitt tilbod, meiner eg som sagt at det kan trekkjast parallellar mellom måten han agere på i begge desse høva. Olav Haraldsson er i ein mykje meir forhandlande posisjon med sveakongen. Sjølv om han avviser sveakongen sitt tilbod om å bli lendmann, tek han likevel initiativ til forlikssamtalar. Årsaka til denne forhandlingsposisjonen er knytt til relasjonen mellom samfunnsposisjon og ære, men også konteksten spelar ei avgjerande rolle i Snorre si skildring og oppfatning av ære. Ulikskapen i Snorre si skildring av Olav Haraldsson sine reaksjonar i møte med dei andre kongane sine

¹⁰⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 252-260

krav meiner eg kan indikere noko interessant med tanke på Snorre si oppfatning av æra. Olav Haraldsson vil verne grunnlaget for ære, men konteksten er ulike i dei to høva. I høvet med Knut den mektige er Olav Haraldsson ikkje på veg «til makta» men «frå makta». Konteksten pregar Snorre si skildring av korleis ein føreheld seg til æra og er knytt til kva situasjon ein er i og utsiktene for å lykkast med å halde på æra. Snorre viser at æra som ein absolutt verdi kjem til uttrykk på ulike måtar i ulike situasjonar. Eg meiner Snorre viser at æra har ein absolutt verdi både i høvet med Knut den mektige og sveakonge Olav, fordi han er ikkje villig til å gje frå seg makta i nokon av høva. Konsekvensen av å ta imot tilboda vil vere å miste grunnlaget for æra, samfunnsposisjonen sin som konge, dette er ikkje Olav Haraldsson villig til. Fordi konteksten til Olav er ulike i dei to høva vert måten han handsamar tilboda på ulike. I møte med sveakonge Olav sitt tilbod er Olav Haraldsson villig til å finne andre løysingar som kan danne grunnlag for venskap med sveakonge Olav. Dette er ikkje høvet i møte med Knut den mektige, Olav Haraldsson viser tydeleg at dette kan ikkje løysast på annan måte enn gjennom væpna konflikt.

«den tenesta vil bate deg best som eg gjev deg friviljug»

Måten Erling Skjalgsson handlar på i møte med Olav Haraldsson, når venskapen mellom dei vert danna, ber tydeleg preg av at Erling også føreheld seg til æra som ein absolutt verdi. Spørsmålet er om det er nokon likskap i måten han agerer på, og om det er mogelege å snakke om eit punkt der dette kjem til syne. Erling Skjalgsson er involvert i maktkampen mellom Olav Haraldsson og Svein jarl. Han støttar Svein jarl, men når Svein jarl taper mot Olav Haraldsson og flyktar til sveakonge Olav vert Erling verande i Noreg. Årsaka er at han ikkje vil reise frå eigedomane sine, og han inngår dermed forlik med Olav Haraldsson.¹¹⁰ Erling kjem til kongen med ei forventning om at kongen skal auke eigedomane og makta hans, og at han skal få råde over dei områda han hadde under Olav Tryggvasson. Men Olav Haraldsson meiner han bør vere nøgd med å rå over dei områda som han rådde over under Eirik jarl. Erling innser at han ikkje kan «snu og vende på kongen som han ville», og han innser at han har to valalternativ, anten å ikkje inngå forlik og la det stå til eller akseptere at kongen rår over forlikskåra. Erling vel det siste alternativet, men han er ikkje nøgd med utfallet av forliket og dei kåra Olav Haraldsson gjev han. Erling seier «Den tenesta vil bate deg best som eg gjer deg friviljug.»¹¹¹

¹¹⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 239-246

¹¹¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 246

Erling inngår altså forlik med Olav Haraldsson. Kva er årsaka til at Erling vik vekk frå dei krav og forventingar som han har til kongen? Eg meiner årsaka til dette er knytt til Erling si ære og at Snorre tydeleggjer dette gjennom si skildring av Erling sine handlingar. Erling er mektig og har stor støtte blant folket, men Olav Haraldsson er også ein mektig mann og dersom situasjonen skulle kome til ein væpna kamp er ikkje Erling sikker på utfallet av kampen. Erling står ovanfor to alternativ, anten å gå mot Olav Haraldsson og forsøke å verne æra si, eller å la Olav rå over forliket for å verne æra si. Eg meiner Snorre tydeleggjer at det er ei vurdering knytt til æra og til å verje æra si. Dersom han vel det fyrste alternativet vil sannsynet for å miste æra vere stor. Her meiner eg vi kan sjå likskapen til dei andre episodane som er drøfta i det føregåande. Nøkkelomgrepet er *å miste*. Det dreier seg ikkje om eit aspekt ved æra som det kan forhandlast om, men det dreier seg om å miste grunnlaget for æra si. For Erling dreier det seg i denne samanheng om å miste samfunnsposisjonen sin, dersom Erling vel å ikkje godta Olav Haraldsson sitt forlik vil han miste den samfunnsposisjonen han har. Æra får dermed karakter av absolutt verdi for Erling fordi han vel eit forlik som ikkje aukar æra hans, men som vernar æra hans ved å verne den samfunnsposisjonen han allereie har. Ved å velje forliket tek Erling det valet som fører til at han framleis kan vere del av æres-gruppa. Snorre viser dermed klart at Erling tek vurderingar knytt til å verne grunnlaget for æra si, samfunnsposisjonen sin.

Konsekvensen av ikkje å handle – miste grunnlaget for æra

Vi har no drøfta fleire situasjonar der Snorre tydleg viser at aktørane handlar i samsvar med konkrete utfordringar, krenkingar og forventingar som er knytt til deira posisjon. Aktørane handlar i samsvar med konkrete truslar om handlingar som vil føre til at dei mister grunnlaget for æra si og i desse høva får æra karakter av absolutt verdi. I saga meiner eg Snorre skildrar dømer der sjølv trusselen om å miste ære fører til handling og episodar der aktørane står ovanfor eit krav om å handle dersom dei ikkje skal risikere å miste grunnlaget for æra. I Snorre si skildring av desse episodane meiner eg det vert klart at ein *trussel* om å miste grunnlaget for æra også spelar ei avgjerande rolle for korleis mennene føreheld seg til æra i Snorre si framstilling og korleis dei handlar i møte med dei krav som vert stilte. Eg meiner Snorre gjer det tydleg at maning og bryning er eit ledd i korleis ein føreheld seg til den horisontale æra i horisontale relasjonar. Det er mange dømer på eggingar i saga og tradisjonelt er egginga ein reiskap i dei vertikale relasjonane i samfunnet.¹¹² Vi finn ikkje eggingar i

¹¹² Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 84

tradisjonell forstand i dei horisontale relasjonane, men det er mange element som kan vere like mellom maning og bryning og egginga. Eg meiner det i desse høva vert tydeleg at det er trusselen om å miste ære, og miste grunnlaget for ære, som fører til handling og dermed er det tenleg å snakke om ære som ein absolutt verdi.

Maning og bryning – Gudrød og kongane

Olav Haraldsson fer fram med vald og kristnar landet, fortel Snorre. Ingen av dei fem småkongane på Opplanda er nøgde med dette, og dei møtest for å diskutere kva dei skal gjere med Olav. Rørek meiner det beste er å halde fram med å støtte kongen. Gudrød er derimot av ei anna oppfatning og han manar dei andre kongane til kamp. Han gjer dette ved å seie at dei ikkje er noko til karar dersom dei kvir seg for å ta livet av kongen, og dei kjem ikkje til å få nokon fridom så lenge Olav Haraldsson rår i landet. Gudrød stiller altså spørsmål ved om kongane i det heile take dug til noko, og at dei lever som i trælskap under kongen.¹¹³ Gudrød kommenterer kongane sin fridom og manndom, og hevdar at dei er redde og feige dersom dei ikkje går mot Olav Haraldsson. Det er diskusjon mellom kongane med tanke på kva dei skal gjere og kva dei meiner er den beste løysinga på utfordringa med Olav Haraldsson. Det er Gudrød sine argument som fører fram mellom kongane. Snorre fortel at det er maninga til Gudrød som fører fram og kongane følgjer hans råder.

Kva kan Snorre si skildring fortelje om korleis ein føreheldt seg til æra? Det er interessant i denne samanhengen å merke seg at Snorre stiller opp to ulike alternativ som kongane kan følgje, anten Rørek som framleis vil støtte kongen, eller Gudrød som meiner dei bør ta livet av Olav Haraldsson. Det interessante aspektet i denne samanheng meiner eg er knytt til at alle vil fylgje Gudrød sine råder *etter* maninga, også Rørek. Eg meiner årsaka til dette er knytt til ære. Gudrød påpeikar ei svak side hos kongane og påpeikar at dette er ei svak side som vert tydeleg dersom dei ikkje agerer mot Olav Haraldsson. Gudrød påpeikar og sett ord på faren mennene står ovanfor med tanke på å miste grunnlaget for æra si. Han seier at dersom dei ikkje agerer vil dei ha mista både *fridomen* sin og *manndomen* sin. Det er desse aspekta som vender mennene slik at dei vert einige om å følgje Gudrød sine råder. Snorre teiknar gjennom Gudrød sine ord opp eit bilete av kva det vil medføre for kongane om dei aksepterer Olav Haraldsson si framferd, dette kan dei ikkje akseptere fordi det vil medføre at dei mister æra ved å miste fridom og manndom. Kongane føreheld seg til æra som ein absolutt verdi i denne samanhengen. Det dreier seg både om å verje sin eigen maktposisjon, men også

¹¹³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 262-264

om å verne om fridomen og manndomen sin, som også dannar grunnlaget for æra deira. Dersom dei ikkje agerer på Gudrød si maning vil dei ikkje berre miste posisjonen sin men også grunnlaget for æra og dermed falle utanfor æres-gruppa.

Torberg bryner brørne sine

I likskap med Gudrød si maning av kongane viser hendinga mellom Torberg og brørne hans at *trusselen* om å miste æra kan føre til handling, og at dette skuldast at æra har ein absolutt verdi. Konteksten i forkant av maninga er viktig for å forstå kvifor Torberg handlar som han gjer og kvifor brørne hans agerer på bryninga hans. Islendingen Stein Skafteson er på rømmen frå kongen, han har drepe Torgeir, kongen sin årmann, fordi han ikkje ville gje han hest og slede til rømmingsferda. Ragnhild, kona til Torberg, gjev Stein vern hos seg. Ragnhild føler ho står i gjeld til Stein fordi han gav henne hjelp slik at ho fekk barnet sitt døypt tidlegare i saga. Torberg vert sett i ein vanskeleg situasjon når Ragnhild krev at han skal verje Stein mot kongen. Olav Haraldsson har lyst Stein fredlaus og han skal eigentleg drepast, men Torberg vel motvillig å verje Stein fordi Ragnhild trugar med å reise vekk saman med Stein om Torberg ikkje gjer som ho seier. Torberg får ordsending frå kongen om å kome til han. Torberg er usikker på kva han skal gjere, og sjølv om dei fleste rår han til å halde seg heime og sende Stein ifrå seg, vil han likevel reise til kongen.¹¹⁴

Torberg dreg til bror sin, Finn, for å få hjelp, men Finn vil ikkje støtte han. Fyrst fornærmar Finn Torberg og seier at han let kona råde som ein kar i heimen. Torberg gjengjeld fornærminga og hevdar det ikkje er truskar mot kongen, men feigskap som gjer at Finn ikkje vil hjelpe. Deretter dreg Torberg til Arne og på same måte ber han om hjelp. Arne kan ikkje forstå at Torberg er villig til å ofre så mykje for ein islending. Torberg fornærmar dermed Arne og seier det er ei ætteskam i ei kvar ætt, og at Arne er denne ætteskamma i deira ætt. Til tross for motstanden han har møtt kjem både Finn, Arne og Kalv i møte med Torberg når han reiser til kongen. Maninga og fornærmingane har dermed ført fram.¹¹⁵

Brørne til Torberg, som i utgangspunktet er motvillige til å støtte han, kjem likevel og gjev si støtte når Torberg legg i veg til kongen. Sidan Snorre så tydleg skildrar motstanden hos både Finn og Arne, og at dei deretter har endra haldning, er det rimeleg å anta at det er noko i maninga som fører til dette. Torberg kommenterer at Finn er feig og at Arne er ei skam for ætta. Desse krenkingane går konkret på omdømmet deira. Dersom dei får ord på seg for å vere anten feig eller ei skam for si eiga ætt vil dette få konsekvensar for æra deira. Vi ser

¹¹⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 22-26

¹¹⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 22-26

likskap mellom Gudrød si maning av dei andre kongane i dette tilfellet. Ved ikkje å agere på ei slik krenking på omdømmet deira står dei i fare for å miste den æra dei har. Snorre si skildring av denne maninga og bryninga viser at han oppfattar det som eit effektivt verkemiddel. Årsaka til dette er at dei er retta mot aspekt som dannar grunnlag for æra.

Samstundes som Finn og Arne agerer på maninga på grunn av kva det vil ha å seie for omdømmet deira kan aspekt knytt til blodsband vere avgjerande for at dei agerer på Torberg si maning. I dei høgare samfunnslaga måtte far og son nesten utan tinging gje kvarandre støtte i konflikhtar der ein av dei var involverte. Sjølv om forholdet mellom brør ikkje var like sterkt som forholdet mellom far og son, var det som oftast slik at brør støtta kvarandre i konflikhtar.¹¹⁶ Blodsbanda og frenderelasjonen kan difor vere ein av årsakene til at både Finn og Arne støttar Torberg til sist. Torberg viser også med si framferd at han har ikkje tenkt å gje seg, han vil gå mot kongen og søke forlik. For Finn og Arne vil dette også påverke måten dei agerer på. I den vertikale relasjonen til Olav Haraldsson er Torberg villig til å gå åleine inn i forhandlingar, dette er risikabelt, og Torberg risikerer å miste æra si og hamne utanfor æres-gruppa. Dette vil kunne få konsekvensar for Finn og Arne fordi Torberg er bror deira og fordi dei ikkje gav han den støtta som kan forventast av brør. Eg meiner æra får karakter av absolutt verdi i denne samanhengen, fordi både Finn og Arne handlar ut frå kva konsekvensane av ikkje å agere på maninga vil vere. Dersom dei ikkje agerer på maninga vil dette kunne påverke omdømmet deira, dei vil bli oppfatta som feige og som ei ætteskam sidan dei ikkje støttar sin eigen bror. Dersom denne oppfatninga vert knytt til dei vil det vere ein trussel mot deira eigen posisjon og deira eige grunnlag for æra. Ved ikkje å gje bror sin støtte i denne konflikten innfrir dei ikkje dei forventingane som eksisterer innan æres-gruppa. Konsekvensen vil vere at dei mister grunnlaget for æra. Eg meiner Snorre viser at aktørane agerer i samsvar med forventingar og i samsvar med krav som vert stilt frå omgivnadane.

Fornærminga si rolle i den horisontale æra

I samband med at Knut den mektige vil ha makta i Noreg og ber Olav Haraldsson om å bli hans lendmann fornærmar Olav Knut. Denne fornærminga kan ikkje oppfattast som ei egging i streng forstand, det er ikkje snakk om at Olav Haraldsson konkret manar til kamp, men han kjem med fornærmingar som går direkte på Knut den mektige sitt omdømme, på hans framferd og dermed på hans ære. Olav Haraldsson samanliknar Knut den mektige med danekonge Gorm, han var nøgd med det riket han hadde og vart halde for å vere ein gild

¹¹⁶ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 84

folkekonge. Knut rår både for Danmark og England og endå til litt av Skottland, og likevel vil han ha meir. Han bør lære seg måtehald og ikkje vere så grisk, seier Olav Haraldsson.¹¹⁷ Motsetnaden til å vere grisk er å vere gåvmild, og ved å kalle Knut den mektige grisk hevdar Olav Haraldsson at han ikkje innfrir ein av dei viktigaste eigenskapane ved ein konge. Det å vere generøs er ein eigenskap og ein verdi som gjev mykje ære. Fornærminga frå Olav Haraldsson går difor utover Knut den mektige si ære.

I tillegg til fornærminga knytt til det å vere gåvmild kjem Olav Haraldsson med ei fornærming retta mot Knut den mektige si makt og evne til å halde på makta. Han hevdar at det er like sannsynleg at Knut den mektige vil klare å råde over alle Norderlanda åleine, som det er at han kan ete opp all kålen i England åleine. Dersom Knut faktisk greier å ete opp all kålen i England skal Olav bli hans lendmann.¹¹⁸ Gjennom denne samanlikninga påpeikar Olav Haraldsson at det er lite sannsynleg at Knut den mektige vil greie både å ta og halde på makta i alle landa samstundes. Samstundes er det også ei latterleggjering av Knut sjølv ved at Olav antyder at Knut vil forsøke å ete opp all kålen i England fordi han er så grisk. Knut er både grisk og makteslaus og det er ei fornærming av hans makt og hans person. Knut den mektige vert ikkje nøgd med Olav Haraldsson sin respons. Han vert sint og no skal Olav få oppleve at det ikkje berre er kål innanfor sidebeina hans, men vonde råder skal kome mot han.¹¹⁹

Snorre si skildring av den rolla fornærminga har i denne konflikten meiner eg kan forklare noko om hans oppfatning av fornærminga i dei horisontale relasjonane. Det fyrste som er tydeleg er at Olav Haraldsson vil provosere med det han seier, og at Knut den mektige vert provosert av fornærminga. Kvifor skildrar Snorre det på denne måten? For det fyrste har Knut allereie sett seg ut at han også vil rå over Noreg og han har byrja denne prosessen på ein fredeleg måte gjennom forhandlingar. Som vist i den tidlegare analysen er Knut sitt tilbod om å bli lendmann ei undergraving av Olav Haraldsson sin posisjon som konge, dette kan ikkje Olav Haraldsson akseptere. Fornærmingane frå Olav Haraldsson fører til at ein fredeleg prosess ikkje lenger er mogeleg og Knut må finne andre løysingar i konflikten. Væpna kamp vert eit av alternativa. Eg meiner Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson *brukar* krenkinga i den horisontale relasjonen til å presse Knut til å handle på ein annan måte. Knut den mektige *må* respondere på krenkinga og han kan ikkje «la Noreg gå» utan kamp. Krenkinga frå Olav Haraldsson retter merksemda mot Knut den mektige og korleis han agere på denne krenkinga, og den er av ein slik karakter at han kan ikkje berre ignorere den, den er

¹¹⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 343

¹¹⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 343

¹¹⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 344

retta konkret mot «kongsegenskapar». Dette er viktig for Knut den mektige å avkrefte at dette er sant.

Det eg meiner er særleg spanande i denne episoden er nettopp korleis Snorre skildrar rolla fornærminga har. Snorre legg vekt på at sendemennene til Knut den mektige oppfattar maktforholdet mellom dei to kongane ulikt, og at det er Olav Haraldsson som stiller svakast. Gjennom Olav Haraldsson si fornærming endrar fokuset seg, det er ikkje lenger Olav Haraldsson som må bevise sin styrke opp imot Knut den mektige, men det er Knut som må bevise at han både er gåvmild og mektig. Knut den mektige må bevise for samfunnet rundt at Olav Haraldsson sine ord ikkje er sanne, han er ikkje makteslaus og grisk. Dette kjem til syne ved at gåvene hans vert større og lovnadane hans om makt og rikdom til dei norske stormennene vert større. Samstundes legg han klare planar for korleis han skal ta makta i Noreg. Han reiser til England, sender bod til kong Anund om venskap og fred, gjev veitsler hos seg til nordmenn som kjem over havet osv. Alt dette kan tolkast som ei klargjering for å sikre seg størst mogeleg sjanse for siger og suksess. Knut den mektige vert tydeleg provosert av Olav Haraldsson sine ord, men tek det relativt rolig med tanke på å hemne seg og avkrefte Olav Haraldsson sine ord. Fornærmingane fører dermed ikkje til spontan handling, men på lang sikt agerer Knut den mektige på dei. Kva er årsaka til dette?

Eg meiner Snorre si skildring av korleis Knut den mektige agerer er eit uttrykk for ære som absolutt verdi. Fornærminga har ført til at Knut den mektige si ære har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller. Årsaka til dette er knytt til at fornærminga er retta mot «kongsegenskapane», eit element som er avgjerande for at han kan halde på samfunnsposisjonen sin. Snorre skildrar korleis Knut den mektige legg planar, ventar og vil sikre seg siger mot Olav Haraldsson, noko som talar for at han føreheld seg pragmatisk til æra. Men alle handlingane til Knut er no retta mot å overtyde samfunnet og kollektivt om at Olav Haraldsson sine skuldingar ikkje stemmer. Måten Snorre skildrar dette på meiner eg viser at fornærminga spelar ei avgjerande rolle for Knut sine vidare handlingar, fordi dei er retta mot det som dannar grunnlaget for æra hans, ved ikkje å agere er det sannsynleg at han vil miste æra. Samstundes som Snorre, gjennom Knut sine handlingar, viser at ære er ein absolutt verdi, meiner eg han også viser at fornærminga kan ha ei avgjerande rolle som *fokusendrar* i konflikten. Olav Haraldsson møter eit fredeleg forslag om forlik med ei fornærming og brukar fornærminga til å endre fokus i konflikten. Det er ikkje Olav som må bevise at han er verdig kongsnamn etter førespurnaden frå Knut den mektige, men det er Knut

som må vise at han er verdig kongsnamn. Fornærminga kan dermed ha den funksjonen at den endrar fokuset i ein konflikt og kan vere av ein slik karakter at ære får ein absolutt verdi.

Vertikale relasjonar sin påverknad på dei horisontale

Snorre skildrar ikkje berre norske forhold i saga, ved fleire høver skildrar han også relasjonen mellom nordmenn, orknøyingar og færøyingar. Det er naudsynt med ei kontekstskildring av situasjonen på Orknøyane for at drøftinga i analysen skal vere meiningsfull. På Orknøyane bur det tre brør som alle er jarlar, Sumarlide, Einar og Bruse. Kvar enkelt rår over sin eigen lut av øyane. Sumarlide døyr tidleg, og Snorre skildrar konflikten som oppstår mellom Einar jarl og Bruse jarl og ein fjerde bror, Torfinn, som også vil ha sin del av makta på øyane. Snorre framstiller Bruse jarl som den av brørne som er god, han er godt likt og han tek omsyn til dei menneska han er sett til å rå over. I hans lut er det fred og folk er nøgde. Einar jarl har ein annan karakter, han er stridlynt og kravstor og i hans lut er det ofte ufred og misnøye.¹²⁰ I konfliktane mellom brørne tek Bruse jarl rolla som meklar og fredsæl samanlikna med Einar jarl og Torfinn, som klart kjempar om makta. Bruse jarl gjev frå seg råderetten over sin lut til Einar jarl for at det skal vere fred mellom brørne. Men Bruse jarl inngår også ei avtale med Einar jarl om at dersom ein av dei døyr skal den andre overta begge lutene.¹²¹ Bruse har ein son, Ragnvald, og gjennom at Bruse jarl inngår denne avtala vil Ragnvald miste farsarven sin. Einar jarl er i konflikt med fleire menn, ein av dei er Torkjell. Torkjell flyktar frå Orknøyane og vert fyrst Torfinn sin mann, deretter reiser han til Noreg og vert Olav Haraldsson sin mann. Eg skal drøfte og analysere denne delen av Snorre si skildring seinare i analysen, men her er det nok å nemne at det er Torkjell som drep Einar jarl. Dette fører til at Bruse jarl skal råde for begge lutene med bakgrunn i den avtala dei to hadde gjort. Dette er ikkje Torfinn einig i. Han meiner Bruse og han sjølv skal dele Einar sin lut likt mellom seg etter Einar sin død, og han vil ikkje respektere avtala som var mellom Bruse og Einar.¹²²

Snorre skildrar korleis Torfinn forsøker å gå imot avtala mellom Bruse og Einar, han vil ha meir makt. I samband med dette skjer det ei endring i korleis Snorre framstiller Bruse jarl sine haldningar og handlingar. Ein kunne kanskje forvente at han ville gje etter på dette kravet også, slik at han kunne halde på freden, men no vil han ikkje gje opp sin rett. Kvifor skildrar Snorre ei slik endring hos Bruse jarl? Kvifor går han ikkje med på det Torfinn foreslår? Eg meiner dette skuldast at posisjonen til Bruse jarl har endra seg og måten han

¹²⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 300

¹²¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 301-302

¹²² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 304

handlar på samsvarar med dette. Snorre forklarar korleis Bruse jarl er godt likt *fordi* han var god og fredsæl, folket anerkjente og respekterte han nettopp for dette. Eg meiner Snorre viser at dette dannar grunnlaget for Bruse jarl si ære. Men kva er det som fører til at Bruse jarl går frå å gje opp sin rett til fordel for fred og heller kjempe for sin rett til Einar jarl sin lut? Eg meiner Snorre viser dette gjennom å skildre korleis folket reagerer på avtala mellom Bruse og Einar. Folket meiner det var ein urettvis avtale fordi Bruse jarl hadde ein son medan Einar jarl var barnlaus. Ved å inngå denne avtala med Einar jarl risikerer Bruse jarl at Ragnvald vert ståande utan farsarv. Måten Bruse jarl agerer på i møte med Torfinn sitt krav samsvarar dermed med eit forhold til æra som absolutt verdi. Han vil ikkje miste sin samfunnsposisjon, den makta han har og den æra som er knytt til dette. I dette høvet meiner eg det er vanskeleg å skilje dei ulike relasjonane Bruse jarl er i ifrå kvarandre. Kva relasjonar er det eigentleg Snorre viser påverkar Bruse jarl sine val? Folket, som står i ein vertikal relasjon til Bruse jarl har ei oppfatning av han, denne oppfatninga og den samfunnsposisjonen folket gjev han dannar grunnlaget for hans ære. Dei vala Bruse jarl har teke i dei horisontale relasjonane sine til Einar jarl og Torfinn har påverka korleis Bruse jarl vert oppfatta i den vertikale relasjonen til folket. Bruse jarl får ikkje den same æra, respekten og vyrnaden frå folket dersom han i møte med Torfinn ikkje står opp for sin rett. Bruse jarl er villig til å kjempe mot Torfinn i den horisontale æra fordi folket, den vertikale relasjonen han står i, har nye forventingar til han. Dermed føreheld han seg til æra som ein absolutt verdi. Snorre si skildring viser dermed at dei horisontale og dei vertikale relasjonane er tett vove saman, og at desse relasjonane, og dei ulike forventingane, kan påverke korleis ein føreheld seg til æra.

Konklusjon

Kva konkrete haldepunkt sitt vi så igjen med etter den føregåande analysen? Det eg meiner vi kan seie er at Snorre si skildring klart ber preg av at aktørane i fleire høver føreheld seg til æra som ein absolutt verdi i dei horisontale relasjonane. Det eksisterer eit anten – eller punkt i Snorre si oppfatning av ære, meiner eg. Kvar er så dette punktet og kva fører til at aktørane kjem dit? Eg meiner at Snorre i dei høva der æra kjem til uttrykk som ein absolutt verdi viser at æra i mange høver er relatert til samfunnsposisjon, men at det også dreier seg om dei elementa som dannar grunnlaget for æra. Ære vert ein absolutt verdi som er essensiell for Snorre i dei høva der aktørane kan *miste* grunnlaget for æra og dermed hamne utanfor æresgruppa. Eg meiner særleg dette aspektet med *å miste* kjem tydleg fram i Snorre si oppfatning av ære. Det er vanskeleg å sjå nyansane her, men eg meiner Snorre viser at dette grunnlaget for ære må vernast til ein kvar pris, det er dette som blir det absolutte forholdet til æra. Snorre

skildrar korleis både Olav Haraldsson og Knut den mektige vernar om kongsnamnet og kongemakta, Asbjørn vernar om manndommen sin, Gudrød manar dei andre kongane til å verne fridomen og manndomen sin og Bruse jarl vernar omdømmet sitt. Alle desse skildringane viser at dette grunnlaget for ære må vernast for ein kvar pris, det vil også i nokre tilfelle seie å førehalde seg pragmatisk til krenkingar undervegs. Både Olav Haraldsson og Asbjørn er villige til å ofre livet for å halde på grunnlaget for ære, og gjennom denne skildringa viser Snorre at ære har ein absolutt verdi når det dreier seg om å *miste* grunnlaget for æra.

DEL B: PRAGMATISK FORHOLD TIL ÆRE

Fram til no i analysen er det Snorre si skildring av dei episodane, hendingane og handlingsmønsterane som talar for eit absolutt forhold til æra som har fått merksemd. Desse episodane kan likevel ikkje sjåast isolert, og eg meiner Snorre si skildring og oppfatning av ære ikkje kan forståast så einseitig fordi det er så mange episodar som indikerer at biletet er meir komplekst. Eg meiner at oppfatninga av ære eksisterer innanfor det forhandlingsrommet som det pragmatiske forholdet til æra gjev, men at det absolutte forholdet til æra er knytt til å miste grunnlaget for æra og hamne utanfor æres-gruppa.

I den vidare analysen vil eg sjå på den horisontale æra, men undersøke dei høva der aktørane føreheld seg pragmatisk til æra. Sentrale spørsmål i denne samanhengen er kva som er årsaka til at ein føreheld seg pragmatisk. Kva situasjonar kjenneteiknar det pragmatiske forholdet til æra? Som vist i innleiinga meiner eg det pragmatiske synet på æra også kan skildrast som eit æres-omgrep der ein kan forhandle om ære, og dei aspekta som styrer og legg føringar for korleis ein føreheld seg til ære innanfor dette forhandlingsrommet er t.d. langtidsinteresser, dei endelege måla, suksess, rikdom og makt. Det dreier seg dermed ikkje berre om indre kvalitetar, men ytre aspekt spelar ei rolle og pregar dei vala aktørane tek. Det er dermed ofte andre omsyn enn omdømmet som ligg til grunn for dei vala aktørane tek i samband med æra. I analysen vil eg difor ta utgangspunkt i dei situasjonane i Snorre si skildring som klart viser at det endelege målet er avgjerande for val knytt til ære. Eg vil sjå på episodar der aktørane er pragmatiske for å oppnå venskap, korleis pragmatikken kjem til uttrykk i det spennet som eksisterer i anten – eller perspektivet og dei høva der aktørane er pragmatiske til æra i dei horisontale relasjonane.

Pragmatisk – det endelege målet veg mest

Det er fleire høver i saga som viser at det endelege målet til aktørane spelar ei rolle med tanke på korleis dei agerer i ulike situasjonar og korleis dei føreheld seg til æra i møte med desse situasjonane. Snorre si skildring av dei konfliktane som oppstår i samband med Olav Haraldsson sin kamp om makta viser at det dreier seg om at makta er det endelege målet. Denne makta får ein absolutt verdi for Olav Haraldsson, men eg meiner Snorre si skildring viser at aktørane kan ta lite ærefulle val og rett og slett ignorere si eiga ære fordi det endelege målet har større verdi og vil gje dei større ære i det langsiktige perspektivet. Utfallet av ein konflikt har essensiell verdi for aktørane fordi den har avgjerande verdi for makta deira. Ved at desse høva har avgjerande verdi for makta deira har dei også avgjerande verdi for grunnlaget for æra deira. For å verne dette grunnlaget for ære meiner eg Snorre viser at det er stort rom for forhandling og pragmatikk fram mot målet.

Pragmatisk – grunnfeste og halde på makta

Snorre gjev gjennom si skildringa av Olav Haraldsson sin veg til makta mykje informasjon om kva val aktørane tek og kva som er aksepterte handlingsmåtar. Det er viktig å grunnfeste den nye maktposisjonen sin for Olav Haraldsson, og makt i Trondheim og områda rundt er ein sentral del av dette. Svein jarl styrer opphavelig i dette området. Sveakonge Olav har også interesser her, fordi Trondheimen er hans skattland og jarlen og sveakongen har ein nær relasjon gjennom mågskap. Svein jarl og fleire lendmenn i landet vil ikkje gje frå seg makt og er ikkje interessert i ein ny storkonge for heile riket. Dette fører til konflikt med Olav Haraldsson.¹²³ Olav Haraldsson vert teke til konge av orkdølane og trugar konkret Svein jarl sin maktposisjon. Olav Haraldsson vil gå mot Svein jarl og difor lastar han skipa sine og reiser frå Steinskjær ut til Frosta. Einar Tambarskjelve støttar Svein jarl, og dei tek ein avventande posisjon med tanke på om dei skal gå til åtak mot Olav Haraldsson. Olav Haraldsson tek julekosten og anna utstyr frå Steinskjær og dreg til Nidaros for å halde jul der. Svein jarl og Einar samlar dermed ein stor hær for å gå mot Olav Haraldsson i Nidaros, men Olav har speidarar ute og han får vite at hæren er på veg. Olav rømmer med sine menn. Svein jarl og Einar tek all julekosten og brenn alle husa.¹²⁴ Den komande våren samlar dei kvar sin hær og går til åtak på kvarandre. Einar Tambarskjelve, Erling Skjalgsson og fleire lendmenn er med Svein jarl. Hærane kjempar tappert, men jarlehæren må til sist gje tapt og dei rømmer. Svein jarl dreg til sveakonge Olav og vert lova hjelp der. No vert Olav Haraldsson teke til

¹²³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 232

¹²⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 233-234

konge i Trondheimen. Svein jarl planlegg å ta makta tilbake, men han døyr brått. No vert Trondheims-mennene verkeleg trugne mot Olav Haraldsson.¹²⁵

Utfallet av konflikten er av essensiell verdi for Olav Haraldsson. Snorre tydeleggjer dette gjennom skildringa si av korleis Olav Haraldsson agerer i møte med utfordringane frå Svein jarl. I denne konflikten er det fleire dømer på at både Olav Haraldsson og Svein jarl føreheld seg pragmatisk til æra og det interessante er kva denne pragmatikken skuldast. Olav Haraldsson rømmer frå eit åtak, aksepterer tap av materiell rikdom og ventar med hemn. Dette er lite ærefulle handlingar. Eg meiner ei pragmatisk haldning til æra pregar Snorre si skildring i denne samanhengen. Olav Haraldsson let seg styre av sannsynet for suksess i møte med ein væpna konflikt mot Svein jarl. Han er underlegen og vert overraska av åtaket i Nidaros og han vel dermed å rømme. Olav Haraldsson brukar tid og ventar i denne konflikten, han tek seg tid til å samle saman ein stor nok hær og han ventar på det rette tidspunktet for å kome sigrande ut av kampen. Snorre si skildring er tydleg og klar, det er ingen vilje hos Olav Haraldsson til å gå inn i ein sjølvmordskrig for å forsvare tap av ære. Måten Olav Haraldsson agerer på viser eit pragmatisk forhold til æra. Det essensielle for Olav Haraldsson i denne samanhengen er å halde på den makta han har og skaffe seg meir makt. Langtidsinteressene, å bli einekonge i Noreg, påverkar korleis han agerer i møte med Svein jarl, og suksess er essensielt for å nå det endelege målet. Det er tydleg at Olav Haraldsson vurderer si eiga ære i den konkrete situasjonen som underordna det endelege målet. Snorre viser at langtidinteresser og det endelege målet legg føringar for når ein føreheld seg pragmatisk til æra.

Gjennom sigeren mot Svein jarl sikrar Olav Haraldsson seg makta i Noreg. Det pragmatiske forholdet til eiga ære har dermed ført fram og ført til at Olav får større ære. For Snorre er dermed dette ei reell og høgst aktuell side ved korleis ein føreheld seg til æra. Snorre viser korleis Olav Haraldsson sine interesser og mål eigentleg er suksess i kampen mot Svein jarl, og han føreheld seg difor pragmatisk til si eiga ære og ev. tap av ære undervegs fordi langtidsinteressene spelar størst rolle. Langtidsinteressene, suksess, og det endelege målet til Olav Haraldsson spelar ei meir avgjerande rolle i Snorre si skildring og oppfatning enn dei konkrete enkelthendingane, og han skildrar korleis aktøren føreheld seg pragmatisk til krenkingar mot æra undervegs i den langsiktige planen. Snorre si skildring viser at det er rom for forhandling og aktøren kan ta lite ærefulle val fordi utsiktene for større ære klart er til stades, og sannsynet for å auke æra er klart til stades.

¹²⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 231-241

Pragmatisk – venskap som essensielt for endeleg mål

Konflikten mellom Olav Haraldsson og sveakonge Olav byrjar tidleg i saga og er ein av hovudkonfliktane i Snorre si skildring. Det interessante med å analysere Snorre si skildring av konflikten er at vala aktørane tek kan sjåast i lys av heile konflikten og utfallet av konflikten. Dersom vi ser heile konflikten under eitt vert det lettare å forstå kva det endelege målet for aktørane er, og Snorre si skildring av aktørane sine val kan heile tida sjåast i lys av dette endelege målet. Hendingane mellom kongane er samansett og prega av resiprositet. Konflikten mellom kongane botnar i kamp om makt, rikdom og dermed også ære. Konflikten mellom dei to tek seg opp når Olav Haraldsson byrjar å kjempe om kongsmakta i Noreg, og dei motstridane interessene til kongane er tydeleg til stades ved at begge vil ha råderett over Trondheim.¹²⁶

Begge kongane oppfattar det å ha makta i Trondheim som svært viktig, ingen er villig til å gje den frå seg. Snorre gjer det tydeleg at denne makta har ein essensiell verdi for kongane. Eg meiner, som vist i den tidlegare analysen, at dette skuldast at denne makta legg grunnlaget for æra deira som heilskap, dei handlingane dei utfører og korleis dei vert oppfatta vert sett på i lys av denne posisjonen. Sveakonge Olav er harm på Olav Haraldsson fordi han har teke makta frå han og er ikkje villig til å inngå forlik på noko anna vilkår enn at Olav Haraldsson gjev opp maka si. Dette er eit alternativ som Snorre klart skildrar er uaktuelt for Olav Haraldsson. Begge mennene er dermed svært bestemt på at dei ikkje vil gje frå seg makta. Interessant i denne samanhengen er likevel å sjå på korleis konflikten utartar seg og kva som vert løysinga på den. Initiativet til forlik kjem frå Olav Haraldsson og hans menn, men alle forlikforsøk vert møtt med motstand frå sveakonge Olav. Kva er årsaka til at Olav Haraldsson er meir huga på forlik? Eg meiner Snorre si skildring indikerer at årsaka til dette er knytt til Olav Haraldsson sitt endelege mål, å bli einekonge i Noreg. I denne konflikten føreheld Olav Haraldsson seg tilnærma konsekvent pragmatisk til æra i møte med alle krenkingar frå sveakonge Olav. Eg meiner denne haldninga til ære skuldast at Olav Haraldsson har det endelege målet for auget, og i denne konflikten er dette heilt konkret venskap med sveakonge Olav. Olav Haraldsson sin invitasjon til forlik med sveakonge Olav er eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra i den konkrete situasjonen. Snorre viser at venskapen med sveakonge Olav er årsaka til det pragmatiske forholdet fordi venskap vil vere med på å tryggje maktposisjonen til Olav Haraldsson.

¹²⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 234-241

Ignorere krenkingar fram mot det endelege målet

Behovet og ynsket om venskap kan vere årsak til at ein føreheld seg pragmatisk til æra, men Snorre viser også at ein kan ignorere heilt tydelege og klare krenkingar. Som sagt skildrar Snorre korleis Olav Haraldsson og mennene hans på ulike måtar forsøker å få sveakonge Olav til å akseptere eit forlik som jamstiller dei to kongane og som sett opp grensene mellom rika. Sveakonge Olav aksepterer til sist dette etter press frå folket på Uppsala-tinget, og han lovar at Olav Haraldsson skal få gifte seg med kongsdottera Ingegjerd. Sjølv om han aksepterer dei krav som vert stilt frå folket og i forliket, held ikkje sveakonge Olav det han har lova. Olav Haraldsson møter opp til stemne i Kongshelle, men det er ingen teikn til at sveakonge Olav kjem. Ingegjerd finn ut kva sveakonge Olav tenkjer, og det vert klart at han ikkje har intensjonar om å halde forliket og gje Olav Haraldsson dotter si i ekteskap.¹²⁷ Når Olav Haraldsson får vite dette vert han *harmfull og hugsjuk*.

Brotet på forliket er ei krenking av Olav Haraldsson si ære. Han har teke med seg alle sine gjævaste menn til dette møtet og er klar for trulovinga. Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson er svært villig til å inngå forliket og har teke sveakonge Olav sitt ord på alvor. Sveakonge Olav krenker Olav Haraldsson «openlyst» ved å ikkje halde løftet sitt om å gje han dotter si. Tapet av ære vert synleg fordi Olav Haraldsson tydeleg viser at han er villig til å inngå forlik. Brotet på trulovinga er difor eit særleg stort slag mot Olav Haraldsson si ære, men han vel å ignorere denne krenkinga. Kvifor gjer han det? Eg meiner Snorre skildrar at Olav Haraldsson ignorerer denne krenkinga nettopp fordi det er det endelege målet som styrer handlingane. Olav Haraldsson er framleis i ein posisjon der han kjempar om å grunnfeste makta si og han er endå ikkje aksepter som konge over heile landet. Den løysinga Olav Haraldsson vel som kompensasjon for krenkinga samsvarar ikkje og kan ikkje reelt sett bøte på krenkinga sveakonge Olav har utsett han for. Olav Haraldsson vel å gifte seg med Astrid, dotter til sveakonge Olav og ein træl. Dette gjer Olav Haraldsson utan sveakonge Olav sitt samtykke, men dette kan ikkje kompensere for det tapet av ære han har opplevd. Dette er eit dårlegare alternativ enn det opphavelige valet. Bagge hevdar at Snorre i denne samanhengen forsøker å *dekkje* over dette tapet av ære som Olav Haraldsson opplever. Å vere lova ei *ektefødd* dotter i ekteskap og få ei *uekte* er svært nedverdiggande.¹²⁸

Eg meiner dette gjerne kan vere rett, men eg meiner også dette talar for nettopp den ståstaden eg hevdar pregar Snorre si oppfatning av æra. Handsaminga av denne krenkinga

¹²⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 281-286

¹²⁸ Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 82-85, 100-105

viser tydeleg at eit pragmatisk forhold til æra er ein reell del av Snorre si oppfatning av dette fenomenet. Uavhengig av om Snorre har konstruert dette for å dekke over tap av ære eller om det faktisk var ein reell kompensasjon, viser det at det eksisterer forhandling knytt til æra og at aktørane tek val ut frå dei langsiktige måla. Det er dette eg meiner ligg til grunn for Snorre si skildring av Olav Haraldsson sine handlingar. Ved å akseptere ei grov krenking og ved å rette opp igjen æra på denne måten, er framleis venskap med sveakonge Olav mogeleg, dette er det essensielle for å sikre seg og halde på makta. Krenkinga fører ikkje til at æra har kome til det punktet der det dreier seg om å miste den, fordi det framleis er mogelegheit for venskap og Olav Haraldsson kan tryggje makta si gjennom dette. Snorre si framstilling viser at det er eit stor spenn mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra, og at ei så grov krenking kan eksistere innanfor forhandlingsrommet dersom det endelege målet er viktig nok. Snorre er klar på at krenkinga krev gjengjelding, men ikkje på kostnad av alt anna. Målet til Olav Haraldsson står framleis klart, han vil vere konge i Noreg. Suksess i ein kamp mot sveakonge Olav er avgjerande for å oppnå dette målet og halde på makta, og han aksepterer både brot på forliket og brot på trulovinga. Snorre let Olav Haraldsson rettar opp att æra si ved ein *konstruksjon*. Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson rettar opp att æra si ved at han *tek* Astrid til kone. Dette underbygg at langtidsinteresser og det endelege målet er viktigare enn den konkrete krenkinga her og no. Dette meiner eg er ein klar del av Snorre si oppfatning av æra.

Pragmatisk for å oppnå venskap

Venskap kan vere ein viktig del av det endelege målet til aktørane, men eg meiner Snorre også viser at ein kan førehalde seg pragmatisk til æra fordi venskap *er* det endeleg målet i seg sjølv. Olav Haraldsson vert involvert i konflikten mellom Asbjørn og Sel-Tore når Asbjørn hogg hovudet av Sel-Tore og det fell i fanget på kongen. Dette er ei alvorleg krenking av kongen si ære. Konflikten mellom Olav Haraldsson og Asbjørn er over ein vertikal akse og den vertikale æra spelar inn, eg vil difor analysere dette grundig seinare. Men i samband med denne konflikten skildrar Snorre korleis konflikten vert ein horisontal konflikt mellom Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson. Olav Haraldsson vurderer kva han skal gjere i saka med Asbjørn. Skjalg Erlingsson kjem til Olav Haraldsson og ber for Asbjørn sitt liv og byd å betale bot for han, men Olav Haraldsson er ikkje villig til å gje opp den kongelege heideren og si særreigne stilling for Skjalg si skuld. Ved fyrste lesing talar Snorre si skildring for at Olav Haraldsson føreheld seg til æra som ein absolutt verdi som han ikkje er villig til å gje opp. Det interessante er at Snorre si skildring av konflikten som heilskap, Olav Haraldsson si

handsaming av denne saka, og måten han møter Skjalg Erlingsson sitt tilbod om bot på, vert eit uttrykk for at han føreheld seg pragmatisk til æra. Årsaka til dette meiner eg kjem fram i Snorre si skildring av dialogen mellom Olav Haraldsson og Skjalg. Olav Haraldsson seier til Skjalg: «Endå du er ein dugande mann, Skjalg, vil eg ikkje for di skuld bryte lova og gje frå meg den kongelege heideren.»¹²⁹ Skjalg ber Torarin Nevjolvsson hale ut tida til avrettinga medan han hentar far sin, Erling.¹³⁰ Eg meiner Snorre si formulering i denne samanhengen indikerer at hierarki spelar inn med tanke på kva vurderingar ein tek i møte med krenkingar. Olav Haraldsson er ikkje villig til å gje opp den kongelege heideren på bakgrunn av Skjalg sine tilbod om bot, men dersom Erling Skjalgsson sjølv kjem vert saka ei anna. Årsaka til dette meiner eg heng saman med den posisjonen Erling har og kva dette kan føre til for Olav Haraldsson. Erling er ein mektig mann og han har brei støtte hos folk. Dersom Erling vert Olav sin trufaste mann vil dette styrke kongen sin posisjon fordi Erling er mektig og folket hans er trufaste mot han. Olav Haraldsson er ikkje villig til å førehalde seg pragmatisk i den vertikale relasjonen som eksisterer mellom han og Skjalg. Årsaka til dette meiner eg heng saman med at venskap med Skjalg ikkje er noko mål i seg sjølv, og Olav Haraldsson vil ikkje tene på denne venskapen.

Olav Haraldsson er pragmatisk med tanke på at æra hans har vorte krenka fordi han gjennom denne pragmatikken kan oppnå ein større siger enn å hemne seg på ein liten mann som Asbjørn. Dersom Erling vert hans mann vil den makta han får gjennom dette gje han større ære i det lange laup enn å drepe Asbjørn. Maktposisjonen hans vil bli styrka og tryggja og han vil få fleire trufaste menn. Olav Haraldsson utsett å drepe Asbjørn. Snorre si skildring talar for at Olav Haraldsson brukar den vertikale relasjonen for å styrke den horisontale relasjonen ved å sørger for at han sjølv kjem i ein posisjon der han kan tene på å spare Asbjørn sitt liv. Måten han handsamar denne saka på viser også at i den horisontale æra er det dei horisontale relasjonane som gjev størst rom for pragmatikk. Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson sitt pragmatiske forhold til ære er knytt til utsiktene for venskap med Erling og kan knytast vidare til Olav Haraldsson sin suksess som konge. Men i utgangspunktet er det venskapen som i fyrste instans er grunnlaget for pragmatikken.

Pragmatikken i spennet mellom anten – eller

Spennet som eksisterer mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra kjem til syne i fleire av Snorre sine skildringar. Historia om Asbjørn og hans relasjon til både Sel-Tore

¹²⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 327

¹³⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 326-331

og Tore Hund er døme på dette meiner eg. Mykje av konteksten knytt til hendingane mellom Asbjørn og Sel-Tore er allereie gjort greie for tidlegare i analysen. Asbjørn har reist sørover etter korn, vore innom morbror sin Erling Skjalgsson og han stoppar på Avaldsnes på veg nordover igjen. Sel-Tore konfiskerer kornet og seglet til Asbjørn, og han må reise heim igjen utan det han kom for.¹³¹ Sel-Tore sine handlingar får konsekvensar for Asbjørn. Dette året kan han ikkje ha gjestebod fordi han manglar korn. I gjestebodet, som Tore Hund held i staden for Asbjørn, vert han gjort til latter for hendinga med Sel-Tore, dette likar ikkje Asbjørn i det heile.¹³² Ut på nyåret tek Asbjørn eit skip og reiser sørover igjen til Avaldsnes.¹³³

Som allereie nemnd tidlegare i analysen er Asbjørn sin måte å ager på i møte med Sel-Tore si krenking den andre gongen han er på Avaldsnes eit klart døme på æra som ein absolutt verdi. Likevel meiner eg Snorre si skildring av vegen fram til dette punktet underbygg at det eksisterer eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske. Difor vil eg skildre denne utviklinga og vegen fram til dette anten – eller punktet for Asbjørn sitt vedkomande. Det er fleire element som er interessante å trekkje fram i samband med forholdet til æra i denne samanheng. For det fyrste mister Asbjørn både kornlasta og seglet sitt til Sel-Tore. Dette samsvarar med tap av ære. Asbjørn gjer ikkje noko med dette og Snorre fortel ikkje om nokon konkret reaksjon hos Asbjørn anna enn at han ikkje var nøgd med denne hendinga. Asbjørn agerer ikkje på dette klare overtrampet frå Sel-Tore, og Snorre skildrar verken at Asbjørn tek til motmæle verbalt eller forsøker å hindre Sel-Tore i å ta eigedomen hans der og då. Dette meiner eg er eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra, fordi Asbjørn ventar og aksepterer sjølve krenkinga i den konkrete situasjonen. Det som hender mellom Asbjørn og Sel-Tore eksisterer innanfor det forhandlingsrommet som kjenneteiknar det pragmatiske forholdet til æra. Snorre viser at det er eit ganske stort spenn mellom det pragmatiske og det absolutte forholdet til æra.

Også i samband med relasjonen til Tore Hund og utviklinga i denne relasjonen kan vi sjå at Asbjørn føreheld seg pragmatisk til æra. Tore Hund arrangerer gjestebod den fyrste jula etter Asbjørn si reise til Avaldsnes og han er dermed den som «tek» den æra som gjestmildskapen har gjeve Asbjørn. Det er ein klar konkurranse om ære mellom desse to mennene, og hendinga på Avaldsnes fører altså til at Asbjørn tapar i kampen om ære mot Tore Hund. I tillegg til at Asbjørn konkret mister ære, ved ikkje å halde gjestebod, vert også

¹³¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 322-324

¹³² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 324-325

¹³³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 325-326

gjestebodet den staden der kollektivet vert gjort merksame på og påpeikar Asbjørn sitt tap av ære på Avaldsnes. Tore Hund gjer Asbjørn til spott og spe i heimbygda ved å trekkje fram hendinga på Avaldsnes i gjestebodet sitt. Asbjørn må ta eit oppgjær med Sel-Tore som er opphavet til tapet av ære i utgangspunktet.

Vi kan dermed sjå at Asbjørn i samband med hendinga på Avaldsnes føreheld seg pragmatisk til æra ved at forhandlingsaspektet kjem så klart fram i Snorre si skildring. Tapet av ære på Avaldsnes er tydleg både for Asbjørn og Sel-Tore, det same er tilfellet med korleis Tore Hund brukar denne hendinga til å vinne ære på kostand av Asbjørn. Asbjørn tapar dermed ære i tre saker, fyrst ved at Sel-Tore tek både kornet og seglet hans, deretter ved at han mistar evna til å halde gjestebod og til sist ved at han vert gjort til latter i heimbygda for det som hende på Avaldsnes. Alle desse hendingane er knytt til det som hende på Avaldsnes. I alle høva tapar Asbjørn ære, men ingen av dei fører til handling. Eg meiner Snorre uttrykkjer at Asbjørn er i ein forhandlingsposisjon med tanke på kva påverknad desse hendingane skal ha, og har, på æra hans, og æres-gruppa rundt aksepterer denne forhandlinga. Det er tydeleg at Asbjørn føler eit behov for å gjere noko, det ligg implisitt i alle hendingane meiner eg, men han er i ei forhandling med tanke på korleis dette vil påverke æra hans til sjuande og sist. Dette er dermed eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra.

Denne analysen indikerer at Asbjørn føreheld seg pragmatisk til æra i desse høva, han er pragmatisk fram til han innser at han *må* gjere noko. Årsaka til dette heng saman med korleis han agerer i møte med krenkingane, både frå Sel-Tore og Tore Hund. Når Sel-Tore tek seglet og kornet aksepterer Asbjørn dette og reiser heim igjen, han agerer ikkje på krenkinga. Når Asbjørn mistar evna til å halde gjestebod vel han å ikkje kome til Tore Hund. Også når han vert gjort til latter er den fyrste reaksjonen misnøye, ikkje konkrete handlingar. Snorre viser at det er mogeleg å vente og sjå kva reaksjonane på ei hending vil vere før ein går til handling. Asbjørn agerer ikkje spontant, han ventar og planlegg kva han skal gjere og det verkar som han tek vurderingar knytt til suksess. Korleis kan han lykkast med å rette opp igjen tapet av ære på Avaldsnes? Snorre seier at «Asbjørn var ille nøgd med ferda si, og enda mindre lika han seg når han høyrde at det slik vart til lått og løye».¹³⁴ Det er dermed klart at han ikkje syntest noko om det som har hendt, men det er framleis tydelege at det dreier seg om forhandling i møte med desse hendingane. Framstillinga til Snorre indikerer at Asbjørn tek ei vurdering knytt til tapet av ære og i sum vert dette tapet av ein slik karakter at Asbjørn vil agere på krenkingane, når det høver seg reiser han sørover igjen. Snorre si skildring vert

¹³⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 325

dermed uttrykk for ei oppfatning av at aktørane tek eigne vurderingar med tanke på kva konsekvensar summen av tapet av ære har å seie. Dette viser også at Snorre si oppfatning i denne samanhengen har eit forhandlingspreg over seg. Med dette meiner eg å seie at Snorre viser at det i Asbjørn sitt tilfelle dreier seg om eit pragmatisk forhold til æra heilt fram til han agerer og hogg hovudet av Sel-Tore, æra er ikkje på det punktet der Asbjørn risikerer å hamne utanfor æres-gruppa og miste heile grunnlaget for æra. Asbjørn kan framleis forhandle om kva som er den beste handlingsmåten og korleis han skal respondere på krenkingane som vert retta mot han. Snorre si skildring viser at han oppfattar dette spennet mellom eit anten –eller som heilt konkret del av æres-fenomenet.

Pragmatisk til krenking av ære i horisontale relasjonar

Mange av relasjonane som vert skildra i saga er vertikale sidan *Soga om Olav den Heilage* er ei kongesoge og med naudsyn vil skildre det hierarkiske samfunnssystemet. Eg meiner at dei horisontale og dei vertikale relasjonane og dermed også den horisontale og vertikale ære i mange høver er tett vevd saman i Snorre sine skildringar av forholdet til æra. Dette vil seie at eg også meiner det ikkje alltid er lett å skildre kva som pregar forholdet til ære i den horisontale relasjonen utan at ein også tek med skildringar i dei vertikale relasjonane som kan forklare kvifor aktørane handlar som dei gjer. Dette meiner eg er tilfellet i t.d. Snorre si skildring av konflikten mellom Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson i samband med saka med Asbjørn. Eg meiner også at ei utfordring og krenking i den horisontale æra fyrst kan kome til uttrykk i handlingar som går ut over dei vertikale relasjonane. Nokre klare dømer på dette meiner eg vi finn i Snorre si skildring av episodane mellom Einar jarl og Olav Haraldsson og i episoden mellom Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson i samband med konflikten med Aslak Fitjaskalle.

Snorre skildrar ein stadig pågåande konflikt mellom brørne på Orknøyane knytt til kven som skal ha råderett over dei ulike lutene på øya. I denne konflikten meiner eg det er indikasjonar på at den formelle posisjonen ikkje naudsynleg samsvarar med den ambisjonen om makt som den enkelte har. Dette meiner eg særleg kjem til syne i Snorre si skildring av Einar jarl som ikkje er nøgd med dei områda han rår over og vil stadig ha større makt. Snorre fortel at Einar jarl er den mektigaste av brørne på Orknøyane. Snorre fortel ikkje noko konkret om Olav Haraldsson sine interesser på Orknøyane og difor kan ikkje hans involvering i hendingane her forklarast med at det skuldast Olav Haraldsson sitt ønske om auka makt. Derimot fortel Snorre at Einar jarl har drepe Olav Haraldsson sin hirdmann og gode ven Øyvind Urarhorn. Når Olav Haraldsson får vite dette er han ikkje nøgd, han seier ikkje stort,

men alle kunne merke at han meinte dette var ein skade-daude og at han tenkjer at Einar jarl har gjort dette for å trasse han. Eg meiner det i dette «trasset» som Snorre skildrar også ligg ei utfordring til Olav Haraldsson frå Einar jarl si side. Drapet på Øyvind kan det vere tenleg å sjå nærare på fordi det er i samband med dette at den horisontale konflikten mellom Einar jarl og Olav Haraldsson tek til. Gjennom dette drapet grip Einar jarl direkte inn mot kongen og det vert ei personleg utfordring. Snorre indikerer at Einar jarl ved å drepe Øyvind vil poengtere noko ovanfor Olav Haraldsson, men også ovanfor miljøet rundt. Snorre tydeleggjer dette ved å skildre korleis drapet vert oppfatta av Olav Haraldsson. Snorre seier, som sagt, at Olav oppfattar drapet som ein måte å trasse han på. Dermed kan drapet også oppfattast som ein måte å utfordre hans makt på. Einar jarl vil vise at han evnar å ta opp ein kamp mot Olav Haraldsson. Utfordringa er tydelig og grip direkte inn i Olav Haraldsson sitt liv ved at han drep ein nær ven, dette aukar sannsynet for at Olav Haraldsson agerer. Olav Haraldsson agerer ikkje med det same, noko som talar for at utfordringa og krenkinga ikkje i seg sjølv er av ein slik karakter at Olav Haraldsson vil miste grunnlaget for æra. Utfordringa frå Einar jarl er retta mot Olav Haraldsson sine kvalitetar som mann og som konge, men det er ei utfordring som ikkje konkret grip inn i Olav Haraldsson sin eksisterande posisjon og som dannar grunnlaget for hans ære. Snorre si skildring talar for at det er forhandlingsperspektivet som spelar ei rolle ved at Olav Haraldsson ventar og legg forholda til rette for å gå imot Einar jarl. Dermed er det det pragmatiske synet på æra som vert tydelig i Snorre si oppfatning. Olav Haraldsson hemner drapet på Øyvind og viser til sist at han er sterkare enn Einar jarl gjennom å bruke ein vertikal relasjon for å hemne seg. Olav Haraldsson brukar Torkjell og hans forhold til Einar jarl for å hemne drapet på Øyvind. Hemna er kjenneteikna av planlegging og av å vente til sannsynet for suksess er størst. Dette viser at desse aspekta er ein del av Snorre si oppfatning av ære. Olav Haraldsson vert både krenka og utfordra, men han bruker tid, planlegg og ventar til høva legg seg til rette for å rette opp igjen dette tapet av ære, samstundes som han brukar dei vertikale relasjonane som vert oppretta til å auke makta si.

Det er ikkje berre i samband med forholdet til Orknøyane at ein kan sjå dei vertikale relasjonane sin påverknad på dei horisontale og eit pragmatisk forhold til æra i samband med dette. Olav Haraldsson brukar ved fleire høver dei vertikale relasjonane sine inn i dei horisontale. Eit døme på dette finn vi i Snorre si skildring av forholdet mellom Olav Haraldsson og Aslak Fitjaskalle. Aslak er ein høgætta mann som får len og makt av Olav Haraldsson, men han er sett inn i denne posisjonen som eit ledd i den horisontale relasjonen til Erling Skjalgsson. Aslak vert sett i Sunnhordaland og vert beden om å «halde i hempa» med

Erling Skjalgsson.¹³⁵ Snorre skildrar at saka og konflikten byrjar ved at Aslak kjem til Olav Haraldsson etter hjelp mot Erling. Erling gjer nett som han vil og tek ikkje omsyn til den rolla Aslak har fått av kongen. Relasjonen mellom Aslak og Olav Haraldsson er klart ein vertikal relasjon, og Olav Haraldsson brukar denne relasjonen for å forhandle om ære i den horisontale relasjonen til Erling. Olav Haraldsson kallar til seg Erling og diskuterer denne saka. Folket ber begge mennene innrette seg etter forliket, dei meiner dette vil tene dei best. Erling går med på dette, men kjem heim, ignorerer forliket og held fram som før. Det er ein horisontal relasjon mellom Erling og Olav og eg meiner måten begge to handsamar denne saka på viser at det dreier seg om eit pragmatisk forhold til ære og at dei forhandlar om ære. Begge mennene er mektige og har brei støtte, verken Olav eller Erling kjem med truslar og krenkingar som utfordrar den posisjonen dei har og som trugar grunnlaget for æra deira. Erling er den som i samband med forliket må «gje opp» mest fordi han må akseptere dei same veitslene som før og han sender son sin Skjalg til Olav Haraldsson. Snorre si skildring vert eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra fordi det ikkje dreier seg om å miste grunnlaget for ære, det dreier seg om forhandling om makt og posisjon. Snorre understrekar dette ved at Erling held fram som før, også etter forliket, både med Olav Haraldsson og Aslak Fitjaskalle.

Konklusjon

Vi har no gått gjennom fleire episodar som eg meiner klart talar for at eit pragmatisk forhold til æra er ein del av Snorre si oppfatning av horisontal ære. Det fyrste som vert tydleg er at det endelege målet spelar ei avgjerande rolle for korleis aktørane i Snorre si skildring agerer. På vegen fram til det endelege målet, anten dette målet er å grunnfeste og halde på makta, skaffe seg venskap som kan styrke makta, eller at ein ignorerer grove krenkingar for å halde på makta, så er det klare dømer på at aktørane har eit pragmatisk forhold til æra. Det endelege målet kan seiast å vere det sentrale for Snorre, korleis ein når dette målet er delvis uviktig, så lenge ein når det, og det er rom for å ignorere krenkingar på vegen fram til målet. Venskap i seg sjølv kan vere eit endeleg mål, og Snorre viser at aktørane er pragmatiske for å oppnå venskap. Likevel meiner eg denne pragmatikken ofte kan setjast saman med eit mål endå lenger framme knytt til makt. Eg meiner også at Snorre viser det spennet som eksisterer mellom anten –eller perspektivet knytt til ære. Dette spennet er kjenneteikna av eit pragmatisk forhold til æra. Forhandlingsperspektivet er tydleg. Samstundes meiner eg vi i Snorre si oppfatning kan sjå ein tendens til at dersom krenkingane, konsekvensane og tapet av ære i

¹³⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 321

sum vert stor, må aktørane respondere på dette, men det dreier seg likevel ikkje om å miste grunnlaget for æra. Snorre si oppfatning viser også korleis dei vertikale relasjonane vert brukt inn i dei horisontale. Handlingar i dei vertikale relasjonane kan få konsekvensar i dei horisontale relasjonane, og kjem til uttrykk gjennom eit pragmatisk forhold til æra.

VERTIKAL ÆRE

Fram til no har vi handsama dei høva der den horisontale æra kjem til syne i horisontale relasjonar, anten som ein absolutt verdi eller gjennom eit pragmatisk forhold til æra. Det norske samfunnet er bygd opp hierarkisk i mellomalderen i Noreg, noko som kjem tydeleg fram også i Snorre si framstilling. Dette vil seie at vertikale relasjonar er del av samfunnsstrukturen og medfører at den vertikale æra også vert eit sentralt aspekt av Snorre si framstilling og hans oppfatning av ære. Dette vil seie at den vertikale æra vert kjenneteikna av at ein har ein spesiell respekt på bakgrunn av ein overordna posisjon. Den overordna posisjonen kan som sagt skuldast anten særeigne eigenskapar, rang, ytingar til samfunnet som heilskap, kjønn, slektskap og posisjon. Denne forma for ære er knytt til rang og medfører at ein stor del av befolkninga vert underlegne og må innrette seg etter reglane for respekt. I mange høver er konkurransementaliteten sterkt til stades i dei vertikale relasjonane og ein forsøker å vinne ære på kostnad av andre. Dersom eit individ viser seg overlegen dei andre kan individet gjennom handlingane sine auke æra si i denne konkurransen.¹³⁶

Det norske samfunnet er hierarkisk oppbygd og eit sentralt kjenneteikn på dette vertikale systemet er patron – klient-relasjonar. Patron – klient – relasjonar er kjenneteikna av ulikskap i status, rikdom og makt, men også av gjensidig avhengigheit, yting og motyting er ein sentral del av dynamikken i denne relasjonsforma.¹³⁷ Dette vil seie at både patronen og klienten kan rette forventing til kvarandre, og i denne forventinga ligg det også moglegheit til på ulike måtar å påverke motparten i ei bestemt retning ved hjelp av ulike verkemiddel.

I samband med undersøkinga av den vertikale æra som kjem til syne i Snorre si skildring vil eg bruke nettopp denne patron – klient – relasjonen for å skape eit bilete av korleis den vertikale æra kjem til uttrykk. Fordi ære som fenomen spelar ei så grunnleggande rolle i mellomalderssamfunnet generelt vil det også vere naturleg å undersøke kva rolle æra spelar i forholdet mellom patron og klient. Vert æra brukt som eit verkemiddel for å påverke denne relasjonen? Eg vel i denne samanhengen å kalle den påverknaden som både patron og klient kan yte mot motparten for «press». Eg meiner klienten kan presse patronen til ein bestemt handlingsmåte gjennom å involvere aspekt knytt til æra, det motsette er også tilfellet. Eg vil undersøke korleis patronen føreheld seg til æra når klienten pressar oppover og krev handling frå patronen si side. Dreier det seg om ære som ein absolutt verdi eller er det eit

¹³⁶ Stewart, *Honor*, 60

¹³⁷ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 24

pragmatisk forhold til æra som kjem til syne når klienten pressar patronen? Korleis føreheld klienten seg til press ovanfrå frå patronen? Dreier det seg om ære som ein absolutt verdi eller føreheld klienten seg pragmatisk til dette presset? Er det mogeleg å sjå nokon likskap eller ulikskap i korleis patron og klient føreheld seg til æra og korleis dei yter press? Sidan både æra som fenomen og patron – klient-relasjonar er ein viktig del av mellomalderssamfunnet i Noreg vil det vere naturleg å knyte desse to aspekta opp mot kvarandre.

Snorre framstiller tradisjonelle patron – klient-relasjonar i saga. Den vertikale relasjonen mellom kongen og hans menn er eit døme på dette, og den vertikale æra vil stå sentralt i dei episodane som skildrar desse relasjonane. Snorre skildrar korleis Olav Haraldsson, sveakonge Olav og Knut den mektige har mange oppgåver som kongar og dei møter stadig menn i ein lågare sosial posisjon som kjem og søker støtte i konflikta dei er i, vern mot menn som er sterkare og dei forventar at kongen skal vere dei til hjelp. Dette er ein del av den kontrakten som vart skreve mellom kongen og hans menn. Kongane har lova vern, rikdom og jord og mennene har lova lojal støtte i konflikta. Det er også andre relasjonar som eg meiner er prega av gjensidig avhengigheit og asymmetri. Relasjonen mellom kone og mann eller mellom kvinner og mannlige slektningar er også dømer på vertikale relasjonar og dei vertikale aspekta ved æra kjem til syne her. Eggingane som vi finn i saga er ein klar del av dei vertikale relasjonane og eg meiner dei er eit ledd i det presset som klienten kan yte mot patronen. I den vidare analysen vil eg fyrst handsame dei episodane og skildringane i Snorre si framstilling der klienten yter press oppover. Deretter vil eg undersøke dei høva der patronen yter press nedover. I samband med dette vil eg undersøke om aktørane føreheld seg til æra som ein absolutt verdi eller om dei har eit pragmatisk forhold til æra.

DEL 1: KLIENT – PRESS OPP

I den vidare analysen vil eg fyrst undersøke dei høva der klienten yter press oppover og patronen føreheld seg til dette presset som ein absolutt verdi. Deretter vil eg undersøke dei høva der det pragmatiske forholdet til æra kjem til syne i patronen sine handlingar. I den fyrste delen vil eg fyrst undersøke eggingsepisodane og sjå på korleis ein gjennom egginga yter press oppover i samfunnshierarkiet. Deretter vil eg undersøke dei høva der «folket» opptrer som klient og korleis patronen agerer i møte med trussel om endra truskap. Til sist vil eg sjå på kva rolle nettverk og venskap spelar med tanke på korleis ein føreheld seg til æra. I den andre delen av undersøkinga av klienten sitt press oppover vil eg sjå på dei høva der patronen føreheld seg pragmatisk til æra. Denne undersøkinga vil relaterast til pragmatikk i samband med eigne interesser og langsiktige mål, materiell rikdom og suksess.

DEL A: ÆRE SOM ABSOLUTT VERDI

Eggingane

Egging er skildra i sogene frå mellomalderen og er dermed eit fenomen som også vert skildra hos Snorre. Eggingane ein finn i sogene er generelt sett kjenneteikna av at det ligg ei klage i dei og det er ofte ein provokasjon i sjølve egginga som skal få motparten til å handle i samsvar med egginga. Den ber ofte i seg eit krav om hemn i ei eller anna form. Den som eggjar står nesten utan unntak i ei lågare stilling i samfunnshierarkiet enn den som vert eggja. Gjennom egginga kunne kvinner og menn som var lågare stilt i samfunnet påverke det politiske spelet og påverke det i ei retning dei sjølve meinte var tenleg. Likevel er det ikkje slik at egggingane alltid fører fram, ein kan ignorere ei eggging. Den klaga som ligg i ei eggging er svært ofte knytt til ein person si ære.¹³⁸ Eggingane er ofte prega av det klare gâvespråket som kjenneteiknar talen om hemn i sogene.¹³⁹ Egginga er dermed eit klart verkemiddel i dei vertikale relasjonane og dermed også i patron – klient-relasjonen med tanke på påverknad i det hierarkiske systemet. Ein grundig analyse av egginga i soga vil vere tenleg fordi det er eit av dei tydelegaste verkemiddela klientane har til å yte press mot patronen.

¹³⁸ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 84

¹³⁹ Miller, *Bloodtaking and Peacemaking*, 182

«Du blir ein kvar manns niding»

Den tydlegaste eggingsepisoden i saga finn stad mellom Sigríð, mor til Asbjørn Selsbane og Tore Hund. Konflikten mellom Asbjørn og Olav Haraldsson fører til sist til at Asbjørn vert drepen og liket vert ført til Trondenes til Sigríð. Ho sender bod etter Tore Hund på Bjarkøy og andre av Asbjørn sine frendar. Dei flidde liket og då dei for bort gav Sigríð gåver til venene sine. Sigríð følger Tore Hund ned til skipet sitt, men før dei skiljes seier ho:

«No er det så, Tore, at Asbjørn, son min, lydte dine veneråder. No var han ikkje så langt liv laga at han kunne løne deg det som du hadde fortent; men enda eg no maktast mindre enn han hadde gjort, så skal eg leggje godviljen til likevel. Her er no ei gåve eg vil gje deg, og eg skulle ynskje du fekk gagn av ho.» Det var eit spyd. «Her er no det spydet,» sa ho, «som for igjennom Asbjørn, son min, og blodet er på enno; da kan du hugse betre på at det høver til det såret som du såg på Asbjørn, brorson din. No gjorde du som ein kar om du sleppte dette spydet av hendene at det stod i brystet på Olav Digre, og det seier eg deg,» sa ho, «at du blir kvar manns niding om du ikkje hemner Asbjørn.»¹⁴⁰

Etter å ha kome med denne maninga går ho bort. Tore Hund er så oppøst av det ho har sagt og gjort at han ikkje greier å kome med noko tilsvar til henne. Han vert ståande mest som apatisk på brygga med spydet i handa.¹⁴¹

Dette er utan tvil den klaraste egginga i *Soga om Olav den Heilage*. Sverre Bagge argumenterer for at heile historia om Asbjørn, Tore Hund og Sigríð si eggung av Tore er oppdikta av Snorre.¹⁴² Dersom dette er tilfellet vil denne episoden på ein særleg måte kunne seie noko om Snorre si oppfatning av ære. Eg meiner Snorre tydeleggjer nokre viktige aspekt ved eggunga, den vertikale æra og på kva måte ein klient kan yte press mot patronen. For det fyrste viser Snorre kva *effekt* eggunga har med tanke på å yte press oppover. Årsaka til dette er at Tore i utgangspunktet ikkje tek drapet på Asbjørn særleg tungt, han oppfattar ikkje drapet som eit tap og dermed heller ikkje som eit krenking, og han har ikkje tenkt å hemne drapet. Sigríð er derimot svært tydleg på alvoret ho meiner er knytt til hendinga. Desse ulike reaksjonane er eit uttrykk for at dei to oppfattar saka på ulike måtar. Tore og Sigríð sine ulike interesser spelar altså inn med tanke på korleis dei reagerer på drapet på Asbjørn. Sigríð si eggung fører til at saka vert svært annleis for Tore. Sigríð brukar sterke ord i eggunga og seier

¹⁴⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 335

¹⁴¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 335

¹⁴² Bagge, Sverre. "Warrior, King and Saint: The Medieval Histories about St. Óláfr Haraldsson". *The Journal of English and Germanic Philology*, Vol. 109, No. 3 (Juli 2010), 281-321

Tore vil bli ein kvar manns *niding* dersom han ikkje hemner drapet på Asbjørn. Snorre si skildring viser dermed at egginga er effektfull og fungerer som pressmiddel i den vertikale relasjonen. Egginga sin effekt er at den fører til at æra kjem til anten – eller punktet. Æra får dermed karakter av absolutt verdi i samband med denne egginga.

Samstundes som Snorre viser kva effekt egginga har skildrar han også eit handlingsmønster i møte med ei krenking og ei egging gjennom måten Tore Hund agerer på. Snorre si skildring viser for det fyrste at egginga har eit klart mål: Sigrid vil at Tore Hund skal hemne drapet på son hennar. Sigrid tydeleggjer dette målet ved plasseringa av skuld og ansvar, og ho klargjer at hemna skal råke Olav Haraldsson. Situasjonen endrar seg drastisk for Tore i samband med egginga, og viser kor stor verdi Snorre knyt til egginga som reiskap i dei vertikale relasjonane og den vertikale æra. Gjennom egginga påpeikar Sigrid ovanfor Tore, men også for kollektivet, at Tore ikkje lever opp til dei forventingane som vert stilt til han. Dersom Tore no ikkje agerer vil konsekvensane vere at han vert ein kvar manns *niding* og dermed miste grunnlaget for æra. Tore agerer i samsvar med egginga og vert eit uttrykk for at han ikkje kan ignorere Sigrid sine kommentarar. Hemna kjem ikkje før på eit seinare tidspunkt, men han handlar i samsvar med dei krava Sigrid stiller til han. Tore er ein av stormennene som leiar arbeidet imot Olav Haraldsson som konge, han deltek i slaget ved Stiklestad og han er ein av dei som drep Olav Haraldsson ved å stikke eit spyd inn i buken hans.¹⁴³

Sjølv om Tore ventar, tek seg tid og planlegg denne hemna på ein slik måte at utfallet samsvarar med hans eigne interesser, meiner eg at æra får karakter av absolutt verdi i denne samanheng. Sigrid si egging gjer det klart at Tore ikkje innfrir dei krava som vert stilt til han, og strengt tatt påpeikar ho for Tore at dersom han ikkje innfrir krava vil han miste grunnlaget for ære. Tore har i streng forstand førehalde seg pragmatisk til ære ved ikkje å ta på seg ansvaret for hemna av drapet på Asbjørn, men han kan ikkje førehalde seg slik lenger fordi Sigrid påpeikar at det ikkje er rom for forhandling, dersom Tore ikkje innfrir krava vil han bli ein *niding* og hamne utanfor æres-gruppa. Det å bli ein *niding* vil seie det same som å bli ein ærelaus. Dette viser svært tydeleg at det dreier seg om å miste grunnlaget for ære. Sigrid påpeikar for Tore at æra har kome til det punktet der det ikkje lenger er rom for forhandling, æra vert ein absolutt verdi med krav som Tore må innrette seg etter. Han kan ikkje ignorere Sigrid si egging og forventing om handling fordi dette vil få alvorlege konsekvensar for æra hans.

¹⁴³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 106

«heller miste både eigeidom og rike»

Det er fleire dømer på eggingar i Snorre si skildring og eg meiner det er mogeleg å sjå likskapar mellom desse. Episoden der Ingebjørg eggjar ektemannen sin Ragnvald er også ein klar vertikal relasjon der egginga spelar ei sentral rolle i kva val Ragnvald tek. Ragnvald er jarl hos sveakonge Olav, men både han sjølv og kona hans Ingebjørg er ikkje trufaste mot kongen. I samband med konflikten mellom Olav Haraldsson og sveakonge Olav sender Olav Bjørn stallare til Ragnvald for å be han om hjelp og ordne eit forlik. Ragnvald tvilar på at det i det heile er mogeleg å få til eit forlik mellom kongane fordi sveakongen er så storvoren og likar ikkje å bli motsagt.¹⁴⁴ Det kan verke som Ragnvald jarl vil trekkje seg unna å hjelpe Olav Haraldsson, og Bjørn seier at Olav sine råd og planar er slik laga at dei som har «lite mot» tvilar på at det er mogeleg å gjennomføre.¹⁴⁵ Bjørn kallar dermed Ragnvald jarl for feig og utan mot og påpeikar at dersom Ragnvald ikkje støttar Olav Haraldsson vil han bli rekna blant desse med «lite mot». Det er i samband med denne egginga frå Bjørn at Ingebjørg tek til ordet og seier klart ifrå kva ho meiner. Dei bør gje Olav Haraldsson den stønaden han ber dei om. Ho vil heller miste både eigeidom og rike enn at ettermælet hans skal vere at han ikkje gav Olav Haraldsson stønad i denne saka fordi han var redd sveakonge Olav. Ragnvald seier at han er klar over kva Ingebjørg eggjar han til, men han vil råde sjølv over korleis dei skal legge saka fram for sveakongen.¹⁴⁶

Eg meiner både Bjørn si krenking og utfordring og Ingebjørg si egging heng nøye saman. Det er ulikskap i korleis Ragnvald jarl føreheld seg til utfordringa frå Bjørn og til egginga frå Ingebjørg. Det er dette eg meiner er det interessante i samband med forholdet til æra. Ragnvald føreheld seg pragmatisk til egginga frå Bjørn, dette skal eg kome tilbake til seinare i analysen, men når Ingebjørg eggjar han vert saka ei anna. Kva er årsaka til det? Ragnvald vil førehalde seg pragmatisk til egginga frå Bjørn og han tek ein forhandlingsstøstad i møte med egginga. Han oppfattar ikkje at egginga er av ein slik karakter at han må ta stilling til den. Ingebjørg si egging vert ei vidareformidling av Bjørn si egging, men denne egginga får meir alvorlege konsekvensar for Ragnvald jarl og fører til at han innrettar seg etter dei krava som vert stilt. Det eg meiner skil Ingebjørg si egging frå Bjørn si er at Ingebjørg på ein mykje tydlegare måte påpeikar at Ragnvald jarl si ære no har kome til det punktet der det ikkje er rom for forhandling lenger. Dette tydeleggjer Snorre ved at Ingebjørg er villig til å miste alt anna, både rikdom og makt, for å halde på omdømmet til ektemannen. Dersom det

¹⁴⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 254

¹⁴⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 254-255

¹⁴⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 254-255

kjem fram at Ragnvald ikkje gav Olav Haraldsson hjelp mot sveakonge Olav, fordi han var redd og feig, vil det gjere stor skade på omdømmet hans. Ingebjørg tydeleggjer dermed at Ragnvald jarl vil miste grunnlaget for ære. Rikdom og makt vil ikkje bety noko dersom han ikkje lenger kan reknast som ein mann med ære. Æra får karakter av absolutt verdi i dette høvet fordi Ragnvald handlar ut frå det som vert uttrykt i egginga. Egginga uttrykkjer klart at han vil miste ære, miste grunnlaget for ære, dersom han ikkje gjer det Ingebjørg seier. Forhandlinga om ære har kome til det punktet der det ikkje lenger er rom for forhandling, men *for handling*, dersom Ragnvald vil halde på grunnlaget for æra si. Æra vert ein absolutt verdi på dette punktet. Æra har kome til anten – eller punktet, og Ingebjørg er den som klargjer dette for Ragnvald gjennom egginga.

Påpeike mangel og lite rosverdige eigenskapar

Det som i dei fleste høva kjenneteiknar dei eggingane som monar er at dei påpeikar ein mangel eller ein eigenskap som ikkje er prisverdig hos motparten, og at dersom ein ikkje innfrir dei forventingane som vert stilt vil ein miste ære. Det som kjem til syne er at skam, skulding om å vere ein niding, redsle, feigskap og skulding om ikkje å te seg som ein mann er del av dei eggingane som monar. Alle desse skuldingane meiner eg vil føre til at ein mister den retten ein har på ære fordi ein ikkje lenger kan reknast som del av æres-gruppa. Det er mange dømer på episodar der Snorre viser at slike skuldingar har avgjerande verdi for aktørane sine handlingar. I samband med at Olav Haraldsson kjem til stefaren sin Sigurd Syr kjem også Åsta, mor til Olav, med ei klage mot Sigurd, ho kallar han feig ved å seie at ho heller vil at Olav skal døy i forsøket på å ta landet og dermed rette opp att ætta si ære, enn at han skal døy av alderdom slik som Sigurd.¹⁴⁷ Snorre fortel at Sigurd agerer ut frå Åsta si klage og gjennom dette viser at han oppfattar skuldingane om feigskap som alvorlege og dei vil ha konsekvensar for æra.

Det å vere uthaldande i maning og egging kan føre fram og vere eit ledd i prosessen med å uttrykke Alvoret av ikkje å innrette seg etter krava i ei egging. Snorre fortel t.d. om Sigrid som eggjar ektemannen sin Kalv. Kalv kjem heim for å leggje råd og avgjere om han skal vende seg vekk frå Olav Haraldsson og følgje Håkon jarl eller ikkje. Sigrid er stormodig og legg fram for Kalv alt det Olav Haraldsson har gjort mot henne, seier Snorre. Olav Haraldsson har drepe den fyrste ektemannen hennar, Olve på Egge, og begge sønene hennar, Tore og Grjotgard. Implisitt gjev ho Kalv skulda for drapet på sønene hennar fordi han var til

¹⁴⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 228

stades då dei vart drepne. Denne implisitte skuldinga er eit uttrykk for at Kalv ikkje innfrir dei forventingane ho har til han som ektemann, at han skal verne om henne og hennar interesser.¹⁴⁸ I tillegg påpeikar Sigrid at kongen ikkje vørdar han sidan han ikkje skåna Tore sitt liv på trass av Kalv sine bøner. Sigrid trekkjer fram dette fleire gonger, men Kalv dryg med å respondere og kome fram til kva han vil gjere. Til sist lyttar han til Sigrid og det ho vil at han skal gjere og han vert Håkon jarl sin mann.¹⁴⁹ Til tross for at Sigrid si egging er klar og krev handling, dryg Kalv og ventar med å ta eit val. Årsaka kan vere at han gjennom Sigrid si egging forstår at han på sikt ikkje vil kunne forhandle og ikkje kan dra seg unna å innfri forventingane frå Sigrid. Omdømmet hans vil bli endra og han vil i siste instans miste æra dersom han ikkje viser seg som mann i Sigrid og samfunnet sine auger. Kalv innrettar seg etter forventingane til Sigrid, på trass av at han brukar lang tid på å agere på egginga. Årsaka til dette er fyrst og fremst knytt til æra hans og kva konsekvensar det vil få for æra dersom han vel å ignorere Sigrid si maning. Sigrid vil ikkje gje seg, og ho påpeikar tapet av ære fleire gongar. Gjennom dette minner ho både Kalv, og samfunnet på, at han ikkje innfrir forventingane hennar til det å vere ektemann og at han ikkje vert vurdert av kongen. Dersom han ikkje agerer mot mangelen på respekt frå kongen vil han også miste respekten frå kollektivet, og dermed vil han i siste instans miste grunnlaget for æra si. Ved å tene kongen vert Kalv si vanære større og kollektivet vil slutte å rekne han som del av æres-gruppa. Ved at Sigrid held fram med egginga viser ho at Kalv ikkje kan ignorere tapet av ære, det dreier seg ikkje om forhandling fordi saka kan ikkje feiast under teppet. Det dreier seg om å miste grunnlaget for ære.

Grov krenking som press

Det er særleg i eit høve Snorre viser korleis ei krenking kan få same karakter som ei egging og korleis ein klient kan yte press mot patronen. Snorre skildrar korleis Olav Haraldsson sigrar over dei fem opplandskongane ved at Kjetil frå Ringnes fortel om kongane sin plan om å gå mot Olav Haraldsson. Olav Haraldsson overfella kongane og sigrar over dei. Sigeren fører til at Olav no er einekonge i Noreg.¹⁵⁰ Snorre bruker desse hendingane mellom Olav Haraldsson og dei fem kongane i to andre høver i saga der aktørane fortel kva som hende, dette er med på å underbygge Olav Haraldsson sin karakterstyrke. Ingegjerd bruker denne hendinga som ledd i si grove krenking av far sin, sveakonge Olav, når han kjem tilbake frå

¹⁴⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 77-78

¹⁴⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 77-78

¹⁵⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 264

jakt. Ho seier: «Dette er god fangst på ein morgon, herre, at De har fått fem orrar; men det er meir at Olav, Noregs konge, tok fem kongar på ein morgon og eigna til seg heile riket deira.»¹⁵¹ Det Ingebjørg seier underbygg nettopp at ho, og dermed folket rundt, oppfattar Olav Haraldsson som ein større mann enn sveakonge Olav ved at han tok fem kongar og vann riket deira.

Ingegjerd si krenking kjem i samband med forlikforsøket mellom dei to kongane og er eit ledd i det å finne ut kva sveakonge Olav tenkjer å gjere med tanke på å halde forliket med Olav Haraldsson. Om det i utgangspunktet var sveakongen sin intensjon å ikkje halde forliket eller om han framleis vurderer å halde det, kjem ikkje klart fram ut frå Snorre si skildring, men etter Ingegjerd si krenking vert det klart at sveakongen ikkje vil halde lovnaden om forlik med Olav Haraldsson og ekteskap med Ingegjerd. Han bryt forliket og vil gifte bort Ingegjerd til kong Jarisleiv i staden.¹⁵² Ved å gjere dette handlar han tydeleg imot folket sine ynskjer, han bryt det løftet han har gjeve dei og står dermed i fare for å miste kongsnamnet og kongsmakta.

Kva kan dette seie oss om egginga sin karakter og rolle i denne samanhengen? Korleis agerer patronen i møte med press frå klienten og kva er årsaka til denne reaksjonen? Eg meiner for det fyrste at dette er ein indikasjon på den sentrale rolla Snorre knyt til egginga som verkemiddel i klienten sitt press oppover og korleis patronen agerer på dette presset med tanke på æra. Konteksten Snorre skildrar desse hendingane i er også sentral for å forstå forholdet til æra. Sveakonge Olav aksepterer fyrst eit forlik med Olav Haraldsson. Dette skuldast at han innser at folket kan ta frå han kongsnamnet og makta, dermed vel han å agere i samsvar med folket sine krav for å halde på æra. Sveakongen føreheld seg til æra som ein absolutt verdi fordi han vil miste grunnlaget for ære dersom han ikkje gjer dette. Ingegjerd si krenking tilfører eit nytt element i konflikten. Krenkinga frå Ingegjerd er retta direkte mot sveakonge Olav si ære ved at ho påpeikar at Olav Haraldsson er ein større mann enn han. Ved at Ingegjerd krenker sveakonge Olav på denne måten oppstår det ein ny situasjon der han må førehald seg til og agere, anten i samsvar med krenkinga eller ignorere den, og det valet han tek har tydelege konsekvensar for sveakonge Olav si personlege ære. Ingegjerd si krenking er retta mot grunnlaget for sveakonge Olav si ære fordi ho så tydeleg trekk parallellar mellom dei to kongane og set Olav Haraldsson øvst med tanke på ære. Dersom sveakongen ikkje agerer vil det vere einstyddande med at han erkjenner at Olav er ein betre mann, og grunnlaget for

¹⁵¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 283

¹⁵² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 281-286

hans ære, den opphøgde posisjonen vil dermed forsvinne og han vil miste æra si. Ingegjerd si fornærming fører til at æra kjem til dette anten – eller punktet.

«Folket» som klient

Det er fleire høver der Snorre skildrar «folket» som ein av aktørane og som yter press oppover i hierarkiet. Dei to kanskje klaraste døma på dette finn vi i Snorre si skildring av Bruse jarl sine handlingar på Orknøyane og sveakonge Olav sin relasjon til folket på Uppsala-tinget. I desse høva viser Snorre korleis æra får karakter av absolutt verdi fordi den kjem til anten – eller punktet.

Innfri forventningar

I den fyrste delen av forteljinga om Orknøyane meiner eg Snorre viser at grunnlaget for Bruse jarl si ære ligg i at han opptrer som eit motstykke til bror sin Einar jarl. Folk si oppfatning er at han er ein god mann som gjev opp sine eigne rettar fordi freden er viktigare. Det er dette som gjev Bruse jarl det gode omdømmet blant folket og indikerer at moderasjon og det å halde tilbake hemn, tole urett og krenking for å halde på æra også er ein del av den oppfatninga av ære vi møter i saga. Kollektivet si oppfatning av ei handling kan dermed vere den avgjerande faktoren for om ein får ære eller ikkje. Relasjonen mellom Bruse jarl og folket er ein vertikal relasjon og kan sjåast på som ein patron – klient- relasjon.

Fyrsteintrykket av Bruse jarl er at han føreheld seg pragmatisk til si eiga ære, han toler urett, han gjev opp sine rettar osv. for å halde på freden, men det er ikkje naudsynleg så enkelt meiner eg. Snorre si framstilling av Bruse jarl sine handlingar kan tyde på at han agerer ut frå dei forventningar og krav kollektivet har til han. Kollektivet talar vel om han *fordi* han kjempar for freden og er eit motstykke til brørne sine som kjempar om makt og rikdom. Dermed meiner eg det er mogeleg å hevde at det er æra som i siste instans styrer Bruse jarl sine handlingar i Snorre si framstilling, og dette er årsaka til at han gjev frå seg sine rettar i konfliktar med brørne sine. Bruse jarl er ikkje passiv i møte med konfliktane, men han vel ei løysing som skapar fred og unngår valdelege oppgjer fordi dette er forventinga frå kollektivet rundt og det er denne rolla som gjev Bruse jarl ære. I fyrste omgang kan vi seie at Bruse jarl er pragmatisk, han vel det handlingsmønsteret som gjev han mest ære. Bruse jarl føreheld seg dermed ikkje naudsynleg til æra som ein absolutt verdi i denne samanhengen, men han innrettar seg etter folket sine krav og har ein tydleg forhandlingsposisjon med tanke på dei vala han tek og korleis dette skal påverke æra. Eg meiner ein kan seie at denne rolla og folket

si oppfatning er det som dannar grunnlaget for Bruse jarl si ære og er ein del av den kontrakten som eksisterer mellom Bruse jarl og folket.

På eit seinare tidspunkt i saga fortel Snorre at Einar jarl og Bruse jarl inngår ei avtale om at Einar jarl skal rå over Bruse jarl sin lut av øyane, men dersom den eine av dei døyr skal den andre få råderett over begge lutene. Folk syntest denne avtalen var urettvis i Bruse jarl sin favør sidan han hadde ein son, Ragnvald. Snorre skildrar dermed at det skjer ei endring i folket si oppfatning og forventing til Bruse jarl, og dei yter press mot han ved at dei stiller andre krav og forventingar til han som patron. Eg meiner Snorre si skildring viser at det også skjer ei ending i kva som dannar grunnlaget for æra hans. Folket forventar no at Bruse jarl skal stå opp for sin rett og gjennom å snakke om den urettvise avtalen pressar dei Bruse jarl til å agere i møte med Torfinn sine krav om at dei skal dele Einar jarl sin lut likt. Bruse må vise kva han står for og kjempe for sin rett for ikkje å miste ære i samfunnet sine auger. Forventinga frå folket er knytt til korleis Bruse jarl handsamar saka med Torfinn og er uttrykk for eit press mot patronen. Denne saka fører til at Bruse jarl si ære kjem til det punktet der det ikkje er rom for forhandling lenger. Bruse jarl har tidlegare teke dei vala som gjev han størst ære, å søke fred for folket, men Snorre viser tydeleg at dette ikkje lenger er det handlingsmønsteret som gjev han størst ære fordi folket no oppfattar Bruse jarl som svak dersom han ikkje kjemper. Bruse jarl handlar på ein annan måte i konflikten med Torfinn enn i tidlegare konfliktar, og årsaka til dette meiner eg er eit uttrykk for ære som ein absolutt verdi. Kollektivet si oppfatning av Bruse jarl, hans omdømme og grunnlaget for æra hans, har endra seg og Bruse jarl må handle på ein annan måte for å halde på posisjonen sin og omdømmet blant folk. Snorre si skildring viser at folket yter press oppover i hierarkiet ved å uttrykke forventing til korleis ein leiar skal handle. Ved at Bruse innrettar seg etter desse forventingane indikerer det at han føreheld seg til æra som ein absolutt verdi og at æra har kome til dette anten – eller punktet. Dersom han ikkje innfrir forventningane frå folket vil konsekvensen av dette vere at han fell utanfor æres-gruppa og mister dermed grunnlaget for æra si.

Ultimatum frå «folket»

Det er mogeleg å sjå ein del likskapar i Snorre si skildring av Bruse jarl sitt forhold til æra i møte med folket sine forventingar og sveakonge Olav sitt forhold til æra i relasjon til folket. Sveakonge Olav er i ein pågåande konflikt med Olav Haraldsson og slik Snorre skildrar det har sveakonge Olav til hensikt å gå til væpna åtak mot Olav Haraldsson. Han dreg til Uppsala-tinget og er innstilt på å kalle ut leidang. På tinget vert det derimot klart at folket har andre

forventingar til kongen. Ragnvald jarl og Torgny sin tale vert uttrykk for eit ultimatum frå folket, kongen må inngå forlik med Olav Haraldsson eller miste folket si støtte og dermed sin posisjon som konge. Folket vil ha fred og det er sveakonge Olav som skal skaffe denne freden gjennom forlik. Sveakonge Olav innfrir ikkje lenger dei krav folket har til han som konge.

Folket sine krav til sveakonge Olav uttrykkjer forventingane dei har til han som konge og dermed kva som gjev han ære. Folket si oppfatning samsvarar ikkje med kongen si eiga oppfatning av æra. Krava frå folket vert ein trussel om at dersom sveakonge Olav ikkje innfrir forventingane dei har til han vil dei ikkje lenger ha han som sin konge, og han vil miste den æra som kongsposisjonen gjev. Eg meiner Snorre tydeleg viser at dette er eit av verkemiddela som ein klient kan bruke til å presse patronen. Folket, representert ved Ragnvald jarl og Torgny, yter press mot sveakonge Olav ved å truge han med at han vil miste grunnlaget for æra si, kongsnamnet og den posisjonen han har. Dette er ein reell trussel om at sveakonge Olav kan miste kongsnamnet og dermed miste grunnlaget for æra si. Det er på bakgrunn av denne trusselen han seier seg villig til å inngå forliket og innrette seg etter folket sine forventingar. Eg meiner folket sine forventingar og krav viser at sveakonge Olav si ære har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller. Måten sveakonge Olav handlar på vert dermed eit uttrykk for at han føreheld seg til æra som ein absolutt verdi i samband med folket sine krav.

Sveakonge Olav bryt forlikavtala med Olav Haraldsson og held ikkje det han har lova folket. Ved å bryte forliket svivørder han ikkje berre Olav Haraldsson, men også folket som han har gjeve lovnaden sin til og som har gjeve han posisjonen som konge. Snorre skildrar korleis vestgötane kjem til sveakonge Olav for å undersøke om det er mogeleg å inngå venskap på nytt. Emund kjem til kongen på vegne av folket. Utan å nemne konkrete namn legg Emund fram saka mellom sveakongen og Olav Haraldsson. Emund seier at den eine av to odelsborne menn ikkje overheld ein forlikavtale og betalar ikkje det han skal, korleis vil sveakongen dømme i denne saka? Saka dreier seg eigentleg om korleis sveakonge Olav ikkje gav Olav Haraldsson Ingegjerd til kone, sjølv om han hadde lova det, men han måtte ta Astrid i staden. Sveakongen dømmer seg sjølv i denne saka, og etter domen skildrar Snorre korleis Emund, resten av folket og sveahæren konkret ser seg om etter ein ny konge. Sveane vil heller ha ein av kongssønene til konge. Folket gjer Jakob til konge og kallar han Anund.¹⁵³

Det er fyrst etter at sveakonge Olav har halde dom i saka at han innser kva han har gjort og kva konsekvensane vil bli. Sveakonge Olav har brote den dommen som folket dømde

¹⁵³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 290-296

på Uppsala-tinget. Snorre skildrar dei råda som sveakongen sine vismenn gjev han i samband med denne saken. Denne skildringa viser noko avgjerande med tanke på relasjonen mellom folket og kongen, og på kva måte dei konkret yter press mot kongen. Vismennene seier at dersom folket vender seg vekk frå sveakongen er det ikkje noka råd som kan hjelpe kongen til å halde på makta. Alvoret i denne saka samanlikna med folket sitt press på Uppsala-tinget vert tydelegare ved at folket viser handlekraft mot sveakongen ved å gå konkret til verks og ta Anund til konge. Presset nedanfrå får ein annan karakter no enn på Uppsala-tinget. Sveakongen har ikkje lenger sveahæren si støtte, noko som er avgjerande for å halde på makta. Folket sitt med makta med tanke på sveakonge Olav si ære. Grunnlaget for kongen si ære er den posisjonen folket har gjeve han, no er det ein reell trussel knytt til å miste grunnlaget for æra. Presset nedanfrå er av ein slik karakter at æra får absolutt verdi for sveakonge Olav. Snorre viser at sveakonge Olav si ære no definitivt har kome til det punktet der det dreier som om eit anten – eller. Dersom han ikkje innrettar seg etter folket sine krav, inngår forlik og skapar fred vil han miste kongemakt og dermed miste grunnlaget for æra si. Sveakonge Olav og son hans Anund inngår forlik og skal dele på makta. Ein del av denne avtala er også at sveakonge Olav skal inngå forlik med Olav Haraldsson.¹⁵⁴ Folket sitt press har avgjerande påverknad for dei vala sveakonge Olav tek knytt til si eiga ære.

Snorre si framstilling av sveakonge Olav i det fyrste og i det siste forliket er svært ulik. I begge tilfella er det «folket» som yt press mot sveakonge Olav og krev handling frå hans side. I begge tilfella innrettar sveakongen seg i fyrste omgang til krava, men det er berre i det siste tilfellet at alvoret verkeleg vert tydeleg for sveakongen. Sveakonge Olav er framstilt som audmjuk og mild på slutten medan han i det fyrste forliket er framstilt som arrogant. Årsaka til dette kan vere at alvoret knytt til situasjonen har endra seg. Denne episoden viser at det eksisterer eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. I det fyrste tilfellet innrettar sveakongen seg etter folket sine krav, han føreheld seg til æra som ein absolutt verdi, men møter til sist folket med arroganse ved å bryte forlikavtala. I det siste tilfellet skildrar Snorre derimot ein audmjuk sveakonge som innser at han må innrette seg etter folket sitt press fordi æra reelt er kome til anten – eller punktet og han risikerer å miste grunnlaget for æra.

«Folket» sitt press er nært knytt til den horisontale relasjonen mellom sveakonge Olav og Olav Haraldsson. I den horisontale relasjonen er sveakonge Olav pragmatisk ved at han gjev opp sinnet sitt og aksepterer forliksvilkåra både med Olav Haraldsson og med son sin

¹⁵⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 290-296

Anund. Snorre si skildring viser at klienten sitt press spelar ei avgjerande rolle for patronen sine handlingar og at når æra kjem til anten – eller punktet der det er fare for å miste heile grunnlaget for ære må den vernast med alle middel, også gjennom pragmatisk forhold til æra i t.d. horisontale relasjonar. Sveakonge Olav vel også å ignorere den grove krenkinga frå Ingegjerd, til fordel for kongsnamn og kongsmakt. Folket stiller krav til kva kongen må gjere for å halde på deira støtte og halde på æra si som konge og eg meiner Snorre si skildring av sveakonge Olav si handsaming av desse hendingane viser at dette presset fører til at æra får karakter av absolutt verdi fordi det reelt sett dreier seg om å miste grunnlaget for ære og hamne utanfor æres-gruppa.

Eg meiner Snorre gjennom heile denne skildringa viser korleis sveakonge Olav innser at han ikkje kan «presse» rolla si og fridomen sin som konge lenger. Dersom han skal halde på kongnamnet må han gje etter for folket sitt press. Denne måten å handle på er eit uttrykk for at æra knytt til kongsnamnet og kongsmakta er ein absolutt verdi for sveakonge Olav og at han legg til side krenkingar og tap av ære i horisontale relasjonar for ikkje å miste grunnlaget for æra. Dette meiner eg seier noko interessant om Snorre si oppfatning av ære fordi det viser tydleg at æra eksister i dette spennet mellom anten – eller, det absolutte og det pragmatiske og at Snorre har eit medvite forhold til at æra som fenomen er komplekst. Eg meiner Snorre si framstilling viser at æra på eit tidspunkt vil kome til det punktet der det ikkje er rom for forhandling lenger, dersom ein ikkje innrettar seg etter krava og forventingane vil ein på eit punkt miste grunnlaget for æra si. Snorre si skildring av sveakonge Olav sitt pragmatiske forhold til æra i den horisontale relasjonen til Olav Haraldsson viser at presset i den vertikale relasjonen til folket har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller perspektiv, det er ikkje rom for forhandling dersom sveakonge Olav vil halde på makta si.

Trussel om endra truskap

Mange av episodane og høva som Snorre skildrar av vertikale relasjonar der klienten yter press oppover er prega av ein trussel om endra truskap. Klienten sitt press mot patronen er knytt til denne trusselen om endra truskap, og det reelle presset i denne samanhengen er knytt til kva konsekvensar denne endra truskapen vil ha for patronen si ære. Patronen må alltid førehalde seg til ein klar trussel om at klientar *kan* vende seg vekk dersom han ikkje innfrir sin del av avtala. Kongane var t.d. avhengig av støtte frå stormennene i riket for å kunne styre landet og for å sigre i konflikhtar med andre stormenn og kongar. Eit av kjenneteikna på maktkampen som fann stad i Norden på denne tida er at gåver og det å vere gåvmild var ein viktig del av kampen. Stormennene støttar som regel den mest gåvmilde kongen, og dersom

det byrjar å minke på gåver, fordelar og makt byrjar dei å sjå seg om etter andre kongar å tene. Dette vil seie at ein konge kunne gjennom gåver og venskapsband «kjøpe» seg støtte hos stormennene, deira lojalitet var til sals.¹⁵⁵ Eg meiner det er gjennomgåande i saga at æra får karakter av absolutt verdi i samband med press som kan føre til at patronen mister posisjonen sin og at dette i ytste konsekvens vil føre til at ein mister grunnlaget for ære.

Eksplisitt trussel om endra truskap

Det klaraste dømet på denne forma for press meiner eg vi finn i Snorre si skildring av korleis Arne-sønene og Skjalgsson-mennene kjem til Olav Haraldsson for å forhandle i samband med hendingane mellom Torberg og Stein. I denne samanhengen gjer Snorre trusselen eksplisitt ved at Arne-sønene og Skjalgsson-mennene vil reise direkte til Knut den mektige dersom Olav Haraldsson ikkje innfrir krava deira. Olav Haraldsson sin reaksjon viser at han tek trusselen på alvor. Finn og Arne er talsmenn for flokken som kjem, og dei krev at Olav Haraldsson må spare Torberg sitt liv og inngå forlik med han. Dersom han ikkje vil gjere som dei seier vil dei dra med heile hæren sin til Knut den mektige. Her kommenterer Olav Haraldsson at det ikkje er naudsynt med ein slik hær, han vil gjerne inngå forlik med Arne-sønene og Skjalgsson-mennene.¹⁵⁶ Kva er årsaka til at Olav Haraldsson ignorere det brotet som Torberg har gjort imot han? Årsaka til dette meiner eg er knytt til at han veit at trusselen deira er reell, dei kan og vil gå over til Knut den mektige si side dersom Olav Haraldsson ikkje innfrir forventingane deira. Konsekvensen av dette vil vere at Olav Haraldsson sin maktposisjon vert truga. I dette høvet vert det klart at mennene sin truskap er svært viktig for Olav Haraldsson. Han vel å ignorere Torberg sitt brot på tillit fordi trusselen om endra truskap er ein trussel som i streng forstand er retta mot grunnlaget for æra hans. Ved å ignorere brotet på tillit føreheld Olav Haraldsson seg pragmatisk til si eiga ære. Årsaka til denne pragmatikken meiner eg viser det spennet som eksisterer mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. Trusselen om endra truskap har reelle konsekvensar som fører til at Olav Haraldsson si ære kjem til anten – eller punktet og det er dette aspektet han må handle ut ifrå. Han må halde på mennene sin truskap og dette gjer han ved å ignorere krenkinga mot hans bod.

Trusselen om endra truskap styrer Olav Haraldsson sine handlingar og hans forhold til æra i dette høvet. Trusselen til Arne-sønene og Skjalgsson-mennene er reell fordi deira truskap kan «kjøpast», og deira ære er på mange områder knytt til den makta og rikdomen

¹⁵⁵ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 87

¹⁵⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 24-26

tenesta for kongen gjev. Snorre si skildring underbygg difor at æra får karakter av absolutt verdi når det dreier seg om å miste grunnlaget for heile æra. Dette vil vere den ytste konsekvensen for Olav Haraldsson dersom mennene vender seg vekk frå han. Olav Haraldsson si ære har kome til det punktet der det ikkje lenger er rom for forhandling, han må gjere det han kan for å sikre seg mennene sin truskap, dette vil også seie å ignorere ei personleg krenking for å halde på kongsmakta som dannar grunnlaget for heile æra hans.

Nettverk og ære som absolutt verdi

Eit interessant døme på korleis presset frå klienten kan kome til uttrykk meiner eg vi kan finne i Snorre si skildring av hendingane i samband med kong Rørek og dei andre kongane på Opplanda. Kong Rørek og dei andre kongane har spela ei sentral rolle for at Olav Haraldsson har kome så langt i samlinga av riket og har fått så mykje makt. Støtte frå småkongane på Opplanda var avgjerande for t.d. å stadfeste makta si i Trondheim. Rørek og dei andre kongane har likevel konspirert mot han og dei vil ikkje lenger ha han som konge pga. framferda hans på kristningsferdene gjennom landet. Olav Haraldsson innfrir ikkje lenger dei forventningane småkongane har til han og dei vil ikkje støtte han lenger. Kongane legg i det skjulte planar om å styrte kongen, men Kjetil frå Ringnes avslører konspirasjonsplanane og Olav Haraldsson greier å ta alle kongane på ein morgon, han sparar livet deira, men let Rørek blinde, Gudrød mister tunga og dei andre kongane må forlate landet. Olav Haraldsson legg under seg det riket som dei fem kongane hadde og når Sigurd Syr døyr like etter er Olav Haraldsson den einaste med kongsnamn i Noreg.¹⁵⁷

Det er fleire element i denne episoden som kan seie noko om Snorre si oppfatning av ære og korleis klientane yter press oppover. Kongane sine konspirasjonsplanar er eit uttrykk for press oppover meiner eg. Ved å legge planar om å drepe Olav Haraldsson trugar dei både livet hans og den posisjonen han har. Olav Haraldsson innfrir ikkje lenger dei forventningane dei har til han. I samband med dette presset meiner eg Olav Haraldsson føreheld seg til æra som ein absolutt verdi. Presset frå kongane vert fyrst klart når Olav Haraldsson får vite om planane deira og med det same han får vite dette slår han hardt ned på det og avverjar åtaket. Handlingsmåten talar for at dersom angrepet ikkje vert avverja står Olav Haraldsson i ein situasjon der han risikerer å miste kongemakta og grunnlaget for æra si. Fram til Olav Haraldsson får avverja åtaket er æra på eit anten –eller punkt, sannsynet for å miste æra er heilt reell. Æra får ein absolutt verdi og årsaka til dette meiner eg ligg i kva konsekvensen vil

¹⁵⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 264-265

vere for Olav Haraldsson dersom kongane lykkast. Han vil ikkje berre miste livet, men også miste det som dannar grunnlaget for æra hans, kongsnamnet.

Samstundes som eg meiner Snorre viser at æra får karakter av absolutt verdi i møte med ein slik trussel er det interessant å merkje seg at *måten* Olav Haraldsson slår ned på trusselen frå kongane på er prega av ei pragmatisk haldning til æra. Snorre skildrar ikkje at han tek kort affære og kvitter seg med denne trusselen ved å drepe kongane, slik som t.d. i høvet med Tore Olvesson. Eg meiner dette viser at Snorre si oppfatning av ære er prega av eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske, og at dette pregar Snorre si oppfatning av kva som er den mest tenlege måten å møte denne trusselen på. Dette skuldast kva trusselen er retta mot og kva konsekvensen av handlingane hans vil bli dersom han drep dei fem kongane. Snorre si skildring talar dermed for at Olav Haraldsson føreheld seg til æra som ein absolutt verdi ved å slå ned på presset og agere på trusselen i fyrste omgang. Han ventar ikkje før han agerer. Straffa har derimot eit pragmatisk preg over seg i relasjon til æra fordi hemna ikkje naudsynleg samsvarar med trusselen. Eg meiner Snorre viser at årsaka til denne pragmatikken skuldast det langsiktige målet til Olav Haraldsson, nemleg å stadfeste kongsmakta si i Noreg. Desse hendingane finn stad tidleg i regjeringstida til Olav Haraldsson, han er i konflikt med sveakonge Olav og det er ikkje før han har teke eit oppgjer med dei fem kongane at han er einekonge i Noreg. Det er dermed sannsynleg at Olav Haraldsson framleis er i ein sårbar situasjon når det gjeld å halde på kongsmakta i landet. Med bakgrunn i desse aspekta meiner eg ei vurdering av kva rolle Rørek sitt nettverk, frendar og klientar spelar med tanke på Olav Haraldsson sine handlingar. Rørek har eit stort nettverk av frendar og klientar som konge, og Olav Haraldsson er svært avhengig av støtte for å halde på sin posisjon som konge. Eg meiner difor at Olav Haraldsson si straff mot kongane ikkje samsvarar med trusselen og alvorlet i presset deira fordi Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til æra si.

På trass av at det tilsynelatande er ein motsetnad her meiner eg dette kan vere ei forklaring på Snorre si skildring av Olav Haraldsson si handsaming av denne situasjonen. Rørek og dei andre kongane sitt nettverk er av avgjerande verdi for Olav Haraldsson fordi det er avgjerande for han for å halde på makt og den posisjonen han har. Det er denne posisjonen som dannar grunnlaget for æra hans. Dermed kan vi forklare Olav Haraldsson sin måte å agere på som eit ledd i å verne grunnlaget for si eiga ære. For det fyrste slår han ned på konspirasjonsplanane, når dette ikkje lenger er ein trussel tek han ein forhandlingsposisjon der dei langsiktige måla veg tyngre enn å markere makt i den konkrete situasjonen fordi dette vil føre til størst ære i det lange laup. Årsaka til denne pragmatikken skuldast at Olav Haraldsson

vil verne om det som dannar grunnlaget for æra hans, kongemakta. Olav Haraldsson må ha Rørek sitt nettverk i ryggen for å halde på kongemakta og ikkje miste grunnlaget for æra si.

Eg meiner Snorre teiknar eit komplekst bilete av si oppfatning av ære. Spennet mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra er tydleg. Olav Haraldsson føreheld seg til trusselen frå kongane som ein absolutt verdi fordi det trugar æra hans, det dreier seg om eit anten – eller fordi han vil miste grunnlaget for æra si dersom dei styrtar han og han mistar kongemakta. Men når han fyrst har avverja åtaket føreheld han seg pragmatisk til æra gjennom å spare kongane sitt liv. Årsaka til dette er framleis at han verjar grunnlaget for æra si, kongemakta. Snorre si skildring viser dermed kompleksiteten i oppfatninga av ære, og at grunnlaget for ære også kan verjast ved å førehalde seg pragmatisk til konkrete krenkingar.

Absolutt verdi når pragmatikken ikkje fører fram

Som vist tidlegare i analysen har Olav Haraldsson allereie førehalde seg pragmatisk til si eiga ære i samband med saka om Asbjørn for å oppnå venskap med Erling Skjalgsson. Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til æra heilt til det vert klart at Asbjørn ikkje har tenkt å kome tilbake og bli kongen sin årman. Årsaka til dette skuldast at Tore Hund eggjar Asbjørn til å bli verande heime og heller få venene heime si hjelp mot Olav Haraldsson. Snorre si skildring av Olav Haraldsson og måten han agerer på i møte med presset frå Asbjørn vert eit uttrykk for ære som ein absolutt verdi. Fram til dette punktet i Snorre si skildring er Olav Haraldsson pragmatisk fordi han har håp om venskap med Erling, men når Olav Haraldsson ikkje får venskap med Erling og opplever at Asbjørn ikkje vørdar hans påbod, får æra ein karakter av absolutt verdi. Olav Haraldsson sin reaksjon på Asbjørn sitt press vert i denne samanhengen naudsynleg fordi dersom han ikkje agerer vert han utan tvil den tapande parten i konflikten, dette vil få store konsekvensar for æra hans. For det fyrste har ikkje Erling innretta seg etter forliket og viser ikkje Olav Haraldsson respekt, for det andre er Asbjørn sine handlingar også eit uttrykk for at han ikkje tek kongen på alvor. Olav Haraldsson sørgjer for at Asbjørn vert drepen. Gjennom drapet hemner han alle krenkingane, men viser også at han har rett på den posisjonen han har. Ved at Asbjørn svivørdar Olav Haraldsson meiner eg ær hans vert ein absolutt verdi, Olav Haraldsson møter dette med alvorlege handlingar.

Konklusjon

Vi har no undersøkt fleire episodar som kan seie noko om Snorre si oppfatning av æra og korleis den vertikale æra kjem til uttrykk som ein absolutt verdi i samband med klienten sitt press mot patronen. Snorre viser at egginga har funksjon som pressmiddel mot patronen.

Egginga vert brukt for å påpeike at patronen ikkje lev opp til forventingane som vert stilt av klienten. At patronen ikkje innfrir forventingane til kollektivet vert gjort eksplisitt gjennom egginga og det punktet der det ikkje lenger er rom for forhandling vert gjort eksplisitt. Eggingane vert eit uttrykk for at forhandlinga om ære har kome til det punktet der det no dreier seg om eit anten – eller, det dreier seg om at anten så har ein ære eller så har ein det ikkje, og dersom ein ikkje handlar mister ein æra.

Presset frå klientane kjem til uttrykk på ulike måtar, men det er mogeleg å sjå eit mønster med tanke på kva som ligg i botnen for at patronen føreheld seg til æra som ein absolutt verdi i møte med dette presset. Patronen handlar i samsvar med sine egne interesser, egne mål og forventningar, men dette er berre fram til eit visst punkt. Dette punktet er avhengig av kontekst og Snorre si framstilling viser at det er knytt kompleksitet til kvar dette punktet er. Æra vert ein absolutt verdi som ein må innrette seg etter når presset frå klienten er av ein slik karakter at æra kjem til eit anten – eller punkt og aktøren kan miste grunnlaget for ære og hamne utanfor æres-gruppa.

DEL B: PRAGMATISK FORHOLD TIL ÆRE

Fram til no har analysen sentrert seg om dei høva der klienten yter press oppover og patronen agerer på dette presset som ein absolutt verdi. I den vidare analysen vil eg handsame dei høva der patronen føreheld seg pragmatisk til æra og til presset frå klienten. Eg meiner denne pragmatiske haldninga til æra i Snorre si framstilling særleg kjem til syne i relasjon til tre aspekt, egne interesser og langsiktige mål, suksess og materiell rikdom. Eg meiner Snorre si framstilling talar for at patronen føreheld seg pragmatisk til presset frå klienten i dei høva der desse tre aspekta er til stades.

Pragmatisk – egne interesser og langsiktige mål

Eg meiner det er mogeleg å hevde at Snorre ved fleire høver viser at aktørane i saga føreheld seg pragmatisk til æra i møte med press nedanfrå fordi venskap, trugne tenarar, makt og godt omdømme har større verdi. Venskapen får denne sentrale rolla i samband med aktøren sine egne interesser og vert eit viktig ledd i det langsiktige målet. Vi finn fleire dømer som talar for at venskap, anten i horisontale relasjonar eller i vertikale relasjonar, styrer korleis aktørane agerer i møte med press nedanfrå fordi venskapen vil ha konsekvensar for deira egne interesser eller langsiktige mål.

Venskap og trugne tenarar

Snorre si skildring av hendingane mellom Aslak Fitjaskalle og Olav Haraldsson er eit døme på korleis patronen føreheld seg pragmatisk til press frå klienten fordi andre interesser spelar større rolle. Aslak Fitjaskalle er Olav Haraldsson sin trugne mann og han vert beden om å halde i hempa med Erling Skjalgsson. Erling kuar Aslak og han reiser til kongen etter hjelp. Ved å kome til Olav Haraldsson etter hjelp meiner eg Aslak yter press mot Olav Haraldsson fordi han konkretiserer kva forventingar han har til Olav og ber han halde sin del av patron – klient-avtalen. Olav Haraldsson agerer på dette presset, han kallar til seg Erling og får i stand ei forlik. Det er lite ærefullt å ikkje ta ansvar for sine eigne menn og deira ve og vel. Aslak vil rette opp igjen æra si og gjev kongen saka fordi han ikkje maktar å gå mot Erling sjølv. Men det forliket Olav Haraldsson får i stand fører ikkje til ei endring i Aslak sin situasjon, Erling held fram som før. Olav Haraldsson si hjelp og råd fører dermed ikkje til at Aslak får retta opp att æra si slik han hadde håpa.

Kvifor handlar Olav Haraldsson på denne måten? Årsaka til dette meiner eg er knytt til at Olav Haraldsson let seg styre av kva han sjølv kan tene på forliket, ikkje kva som tener Aslak best. Olav Haraldsson sitt mål er hans eiga ære i dette høvet og venskap med Erling er det som vil tene Olav Haraldsson sine interesser best. Han vil tene meir på venskap med Erling enn å agere konsist på presset frå Aslak. Gjennom denne episoden viser Snorre at forhandlinga er ein del av patronen sitt forhold til presset frå klienten. Årsaka til at det er forhandling og pragmatikk som styrer aktøren sine handlingar er at presset frå klienten ikkje har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller. Snorre si skildring av Olav Haraldsson sin respons når Aslak drep Erling seinare i saga indikerer at Olav Haraldsson har hatt venskap med Erling som eit sentralt mål: «*Berre hogg du, din forbanna arming! no hogg du Noreg av handa mi.*».¹⁵⁸ Dette talar for at Olav Haraldsson si pragmatiske haldning til press nedanfrå, og æra i samband med dette presset, er styrt av hans langsiktige mål. Venskapen med Erling vil føre til at Olav Haraldsson sin posisjon vert styrka og dermed vel han å ta ein forhandlingsposisjon med tanke på æra fordi venskap med Erling vil vere tenleg.

Også i andre høver der klienten kjem til patronen etter hjelp kjem denne pragmatiske haldinga til æra fram i Snorre si framstilling. Hendingane mellom Hårek frå Tjøtta og Åsmund Grankjellsson er også eit døme på korleis klienten krev hjelp og handling frå patronen, men patronen sin reaksjon er knytt til eigne interesser og langsiktige mål. Olav Haraldsson pressar ikkje gjennom at Erling skal halde forliket mellom han sjølv og Aslak

¹⁵⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 69

fordi han i utgangspunktet vil ha venskap med Erling. Årsaka til dette er at det vil tene hans eiga makt og ære. Olav Haraldsson lyttar ikkje til Hårek frå Tjøtta når han klagar på kongen fordi han ikkje anerkjenner stormennene sin posisjon. Hårek, som er ein større mann enn Åsmund, meiner han fortener kongen sin vyrndad og at Olav Haraldsson skal gje etter for hans press, men Olav Haraldsson let seg styre av sine eigne interesser og favoriserer dermed Åsmund fordi han vil ha ein trugen mann i si teneste nord i landet. Det som kjenneteiknar alle desse høva i Snorre si skildring er at æra ikkje kjem til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller perspektiv. Årsaka til dette er at verken Aslak, Åsmund eller Hårek sitt press mot Olav Haraldsson er av ein slik karakter at dei vil få konsekvensar for det som dannar grunnlaget for Olav Haraldsson si ære. Olav Haraldsson kan forhandle om ære og i denne forhandlinga let han sine eigne interesser og langsiktige mål styre dei avgjerdene han tek og karakteren på forlika han få i stand.

Venskap og omdømme

Skildringa til Snorre talar for at patronen ofte kan ta avgjerder som samsvarar med eigne interesser og langsiktige mål og ikkje med klientane sine interesser og deira press mot patronen. Dei føregåande døma har vore kjenneteikna av at klienten kjem til patronen etter hjelp, det er klienten som er i ein konflikt og søker støtte og hjelp hos patronen. Patronen sine eigne interesser er dermed ikkje truga i streng forstand og han kan utnytte at klienten kjem etter hjelp. Men det eksisterer også dømer i saga der patronene sine interesser er involvert og at patronene likevel føreheld seg pragmatisk til press nedanfrå. Snorre fortel at Olav Haraldsson har med seg Rørek Blinde på sine ferder rundt om i landet. Rørek Blinde utgjer ein reell trussel mot Olav Haraldsson sitt liv fordi han planlegg og forsøker å gjennomføre fleire drapsforsøk. Det er i samband med denne trusselen frå Rørek at Olavs-mennene meiner han ikkje bør spare livet til Rørek, men kvitte seg med han ein gong for alle ved å ta livet hans. Dei eggjar han til å ta livet av Rørek, seier Snorre. Dei meiner det er eit stort «vågespel» å ha ein mann som Rørek i nærleiken, og dersom han sender han vekk vil det ikkje ta lang tid før han konspirerer om å få kongen drepen. Til dette svarar kongen at han er stolt av den sigeren han vann då han tok dei fem kongane utan å måtte drepe nokon av dei sidan dei alle var frendane hans. Det endar med at han sender Rørek til Island, her vert han verande til han døyr.¹⁵⁹

¹⁵⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 272-280

Olav Haraldsson innrettar seg ikkje etter egginga frå mennene sine. Måten mennene eggjar Olav Haraldsson på vert ikkje konkretisert, men det er tydleg at dei vil verne han fordi trusselen mot kongen sitt liv er reell. Olav Haraldsson har andre vurderingar knytt til situasjonen med Rørek enn det mennene hans har. Mennene uttrykkjer eit ynskje om hemn og påpeikar ein mangel/svakheit hos Olav Haraldsson ved at han let Rørek leve. Egginga er eit press mot Olav Haraldsson og eit uttrykk for at mennene ynskjer at han skal handle på ein bestemt måte.

Kva er årsaka til at Olav Haraldsson ikkje agerer på mennene si egging? Eg meiner Snorre si skildring talar for at fleire aspekt spelar inn på Olav Haraldsson si handsaming av denne egginga. For det fyrste har sigeren over Rørek og dei andre kongane ført til at Olav Haraldsson har fått større makt og eit godt omdømme. For det andre er Rørek sine frenderelasjonar viktige for Olav Haraldsson for å halde på makta. Ved å drepe Rørek vil sigeren over dei fem kongane bli ringare og han vil ikkje lenger ha det gode omdømmet han har fått. Samstundes vil Olav Haraldsson, ved å drepe Rørek, miste lojaliteten frå Rørek sitt frendenettverk. Dette frendenettverket er viktig for å halde på den makta han har. I dette høvet vert ikkje egginga eit uttrykk for at forhandlinga om ære har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller og Olav Haraldsson står i fare for å miste grunnlaget for ære. Eg meiner i staden at Snorre si skildring i dette høvet underbygg at aktørane føreheld seg pragmatisk og forhandlar om æra for å tryggje det som dannar grunnlaget for æra deira. For Olav Haraldsson er dette kongemakt og kongsnamn. Olav Haraldsson handlar dermed ut får sine egne interesser i denne samanhengen, interessene hans er knytt til dei langsiktige måla han har. Presset frå mennene vert ikkje eit uttrykk for at Olav Haraldsson står i fare for å miste grunnlaget for æra si, difor føreheld han seg pragmatisk til æra. Det er dette perspektivet eg trur vert styrande for Olav Haraldsson si handsaming av situasjonen med Rørek Blinde og presset frå mennene hans.

Tryggje makta

Vi finn også ei interessant eggingsepisode i Snorre si skildring av slaget mellom Olav Haraldsson og Svein jarl. Denne hendinga viser også ei pragmatisk haldning til æra i samband med press nedanfrå og at langtidsinteressene er viktigare enn situasjonen her og no. Sigurd Syr vil at Olav Haraldsson skal gå imot Svein jarl endå ein gong etter det fyrste slaget. Han meiner dei skal slåst på kniven, men Olav Haraldsson vil vente å sjå kva jarlen gjer med hæren, om dei held hæren samla eller om dei går frå kvarandre. Snorre seier at Sigurd eggjar Olav Haraldsson og seier: «Men det er no min tanke,» seier han, «at med ditt huglynde, og så

sjølvråden som du er, vil du seint få desse storbukkane true mot deg, etter di dei alt før er vane til å trasse mot storhøvdingane.».¹⁶⁰ I tillegg til å kome med eit forslag til vidare handling seier Sigurd eigentleg at Olav Haraldsson er «dristig» og viser tydeleg at han meiner Olav Haraldsson tek feil vurdering knytt til utfallet av kampen ved at han vil vente og sjå kva som skjer med jarlehæren. Snorre knyt Sigurd si egging til å få «storbukkane true mot seg», dermed meiner eg det er snakk om praktiske forhold med tanke på å halde på makta. Olav Haraldsson sin respons på Sigurd si egging viser at dei har ulik oppfatning av situasjonen og ved at Olav Haraldsson ignorerer egginga meiner eg Snorre si framstilling viser at det i dette høvet ikkje dreier seg om at æra får karakter av absolutt verdi, forhandlinga og pragmatikken er tydeleg til stades. Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til presset frå Sigurd fordi det ikkje dreier seg om å miste grunnlaget for æra, men det er knytt til praktiske og politiske forhold som ut frå Sigurd si oppfatning kan tryggje makta. I samband med desse vurderingane meiner eg Snorre indikerer at det er rom for eit pragmatisk forhold til æra.

«når det høver seg for meg»

Det er ein klar patron – klient relasjon mellom Olav Haraldsson og Gunnstein. Karle, bror til Gunnstein har vorte drepen. Karle og Gunnstein var på oppdrag for Olav Haraldsson nord i landet, heilt til Bjarmeland. Tore Hund slår seg med på ferda med eit stort mannskap. Etter handelsferda avgjer mennene at dei skal gå i land og plyndre, men på heimferda vert dei usamde om fordeling av byttet. Konflikten utartar seg og det endar med at Tore Hund drep Karle og tek eit kostbart smykke. Gunnstein flyktar no til Olav Haraldsson for å få hjelp og Olav seier han ikkje likar saka, men lovar å hjelpe Gunnstein *når det vert mogeleg for han*.¹⁶¹

Gunnstein kjem altså til Olav Haraldsson og forventar hjelp i saka med Tore Hund. Olav Haraldsson let seg presse til å ta på seg saka og lovar å hjelpe Gunnstein. Ved at Gunnstein kjem til Olav Haraldsson viser han at det er Olav sitt ansvar å hemne dette drapet. Olav Haraldsson tek på seg denne saka, men han gjer det tydeleg at det skal skje når det høver han. Gjennom å presisere dette meiner eg Snorre viser at eigne interesser og sannsynet for suksess er det som avgjer Olav Haraldsson si pragmatiske haldning til presset frå Gunnstein. Snorre skildrar korleis Olav Haraldsson planlegg å vente og at Gunnstein aksepterer å vente med hemna *til det høver seg* for Olav Haraldsson. Snorre viser at Olav Haraldsson kan førehalde seg pragmatisk til dette presset fordi det anerkjenner den posisjonen han ynskjer å ha og ikkje trugar den.

¹⁶⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 240

¹⁶¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 9-15

Pragmatisk – materiell rikdom

Materiell rikdom er eit element som gjev ein mann ære i mellomalderen. Rikdom gjev ære og dess meir rikdom dess meir ære. Eg meiner det er særleg ein episode i Snorre si skildring som viser korleis patronen føreheld seg pragmatisk til press nedanfrå og til æra fordi materiell rikdom spelar ei meir sentral rolle. Det er naudsynt med skildring av denne hendinga for at det skal gje meining i analysen.

Snorre fortel korleis Olav Haraldsson kallar til seg dei gjævaste mennene på Færøyane, Gille lovseiemann, Leiv Ossursson, Toralv frå Dimun, og ber dei legge seg inn under han, betale skatt til han og fylgje den norske lova. Mennene frå Færøyane aksepterer Olav Haraldsson sine krav i frykt for kva han vil gjere dersom dei ikkje gjer som han seier.¹⁶² Dette er ein måte for patronen å yte press nedover på, men dette vil eg kome tilbake til seinare i analysen. Olav Haraldsson sender fyrst eitt skip, og deretter eitt skip til, for å samle inn skatten som han er lova, men skipa forsvinn og ingen har høyrte noko om at det er samla inn skatt på Færøyane eller at skipa har kome i land nokon annan stad.¹⁶³ Olav Haraldsson er svært opptatt av kva som har skjedd med skipa og mennene han har sendt. Han vil sende endå eit skip, men ingen melder seg på grunn av risikoen knytt til ferda. Karl Mørske er den einaste som vil reise og Olav Haraldsson takkar ja til tenestene hans til tross for at han sjølv har vore på jakt etter å drepe Karl fordi han er ein viking og røver.¹⁶⁴ Karl reiser til Færøyane og tek inn hos Leiv. Trond får i oppdrag å samle inn skatten til kongen på delar av øya og dei møtest på tinget våren etter. Karl og Leiv vurderer skatten til ikkje å vere av god nok myntkvalitet. Gaute den raude kommenterer dette, at det er ei fornærming mot Trond at dei ikkje godkjenner pengane hans. Det vert ein del uro utanfor tinghytta til Trond knytt til pengeteljinga og Gaute den raude kjem då springane ut og hogg Karl i hovudet. Trond den låge slår øksa heilt inn i hovudet på han før han dør.¹⁶⁵ Trond i Gata likar ikkje det som har hendt, og han sender dei norske mennene heim med bøter til forlik for frendane sine for livet til Karl. Mennene reiser heim og fortel kongen det som hende, men det vert ikkje slik at Olav Haraldsson gjer noko med dette på grunn av den ufreden som var i landet.¹⁶⁶

I samband med desse hendingane meiner eg Snorre viser kor sentral den materielle rikdommen er i samband med korleis ein agerer på press knytt til æra. Olav Haraldsson sine

¹⁶² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 339

¹⁶³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 340

¹⁶⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 35-37

¹⁶⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 35-37

¹⁶⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 35-37

skip forsvinn og han får ikkje den skatten færøyingane har lova han og heller ikkje den vyrnaden han som konge har rett på. Det ligg implisitt i Snorre si framstilling at dei unge mennene på Færøyane, Gaute den raude, Trond og Sigurd Torlaksson er knytt til skipa si forsvinning. Dette er ein måte å yte press på i den vertikale relasjonen som er mellom Olav Haraldsson og mennene på Færøyane. Det er tydelege krenkingar i færøyingane sine handlingar. Mennene viser misnøye i patron – klient – relasjonen som eksisterer og færøyingane overheld ikkje patron – klient-avtala som er inngått.

Snorre si framstilling viser at dette skuldast kva karakter og konsekvens dette presset vil ha for han. Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til æra i denne konflikten på trass av det tydelege presset frå færøyingane. Snorre viser dette på to måtar. For det fyrste skildrar Snorre at Olav Haraldsson ikkje har hastverk med å finne ut kva som hende med skipa hans. For det andre viser han at det sentrale for Olav Haraldsson i relasjonen til Færøyane er skatten han er lova. Dette kjem til syne ved at oppgåva til Karl ikkje er å undersøke kva som hende med skipa og mennene til kongen, men å samle inn skatten som kongen har krav på. Årsaka til at det er skatten som står i sentrum for Olav Haraldsson meiner eg er knytt til karakteren av presset frå færøyingane. Dei unge mennene yter press mot Olav Haraldsson som ein reaksjon på hans krav om skatt. Olav Haraldsson si ære er ikkje kome til anten – eller punktet. Grunnlaget for Olav Haraldsson si ære ligg i den makta og den posisjonen han har i Noreg som konge, dermed vil presset og krenkingane mot Olav Haraldsson ikkje truge grunnlaget for æra hans og han risikerer ikkje å miste æra. Auka materiell rikdom vil auke både makt og uttrettsevne i det politiske livet, skatten vil dermed auke æra og den er eit mål i seg sjølv.

Den føregåande analysen indikerer at skatten og den materielle rikdommen står sentralt i Olav Haraldsson sin relasjon til Færøyane. Snorre viser at materiell rikdom er ei av årsakene til at ein føreheld seg pragmatisk til æra og til press frå klientane. Eit aspektet som også kan underbygge kong Olav sitt pragmatiske forhold til æra er korleis han handsamar både drapet på Trond i Gata og Karl. Årsaka til at Olav Haraldsson ikkje hemner drapet på Karl er open for diskusjon, meiner eg. Snorre klargjer ikkje dette. Vil han hemne drapet, men får ikkje høve til det på grunn av den meir prekær situasjonen heime? Eller skuldast det at han eigentleg har fått det han var ute etter, nemleg skatten frå færøyingane. Eg meiner Snorre gjennom si framstilling indikerer at det siste er høvet, det er skatten frå færøyingane som spelar ei rolle. Olav Haraldsson føreheld seg dermed pragmatisk til æra og til presset frå klientane. Han rettar ikkje opp tapet av ære pga. drapet på Karl og heller ikkje for alle dei

skipa som forsvann, han er nøgd med skatten, og den bota han får for Karl sitt liv, fordi det i denne samanheng var materiell rikdom som var drivkrafta.

Snorre si skildringa av ulikskapen i korleis Olav Haraldsson føreheld seg til drapet på Karl og drapet på Øyvind talar også for at materiell rikdom er drivkrafta i hendingane på Færøyane. Olav Haraldsson handsamar drapet på Karl og Øyvind på ulik måte. Dette kan skuldast både ulikskapen i relasjonen hans til dei ulike mennene, men også dei praktiske forholda rundt drapa og andre krav Olav Haraldsson stod ovanfor samstundes. Ulikskapen kan også skuldast at han har ulike mål i dei ulike situasjonane. I høvet med Øyvind er målet å hemne drapet på ein god ven, vise makta si og på sikt få makt over Orknøyane. I høvet med Karl og Færøyane meiner eg skatten er det endelege målet, han vil ha dei pengane som færøyingane har lova han. Dermed er han nøgd med utfallet av hendingane på Færøyane når han får dei pengane han har rett på, i høvet med Øyvind krev hendingane meir av Olav Haraldsson. Sjølv om Olav Haraldsson hemner drapet på Øyvind og ikkje drapet på Karle viser analysen at han handsamar begge høva pragmatisk med tanke på æra si. Begge høva tener til å underbygge hans makt og skaffe han rikdom. Å nå måla på ein suksessfull måte står sentralt og han ventar og planlegg korleis han skal rette opp att æra si.

Pragmatisk – suksess

Sannsynet og naudsynet for suksess i møte med konflikhtar meiner eg er den tredje årsaka til at patronen føreheld seg pragmatisk til æra i samband med press frå klienten. Suksess i møte med ein konflikt kan auke patronen si ære, og eg meiner vi kan sjå dømer i saga som viser at patronen føreheld seg pragmatisk til æra i den konkrete situasjonen fordi suksess på eit seinare tidspunkt er det sentrale målet. Eit klart døme på dette finn vi i Snorre si skildring av Olavs-mennene si egging av Olav Haraldsson til å reise tilbake og kjempe mot Knut den mektige. Episoden finn stad medan Olav Haraldsson er i Gardarriket. Bjørn stallare kjem frå Noreg og fortel at Håkon jarl er død og kven av stormennene som framleis er trufaste mot han. Olav Haraldsson er no i ein vanskeleg situasjon med tanke på kva han skal gjere. Han har tre alternativ: 1) å bli vereande hos Jarisleiv og Ingegjerd og råde i Vulgaria, 2) reise tilbake til Noreg og kjempe for riket eller 3) gje opp heile kongsnamnet og velje eit rolig og heilagt liv i kloster. Mennene til kongen eggjar han til å reise tilbake til Noreg og kjempe om makta. Dei vil ikkje at han skal ta imot land i Gardarriket. Til tross for egginga er Olav svært usikker på kva han skal gjere. Han brukar lang tid i bøn og tenkjer mykje, men han er svært usikker på

kva han skal gjere fordi dei siste åra av regjeringstida var tunge og han trur at det han tenkjer å gjere vil vere til ulykke for han.¹⁶⁷

Eg meiner denne episoden og måten Olav Haraldsson handsamar den på kan seie noko om kva rolle Snorre meiner suksess har i forholdet til æra. Snorre presiserer ikkje innhaldet i mennene si egging, men eg meiner egginga kan vere eit uttrykk for at mennene meiner Olav Haraldsson mister ære dersom han ikkje gjer krav på Noreg igjen. Snorre legg vekt på at mennene meiner Olav Haraldsson har *rett* på riket, og seier implisitt at dersom han ikkje gjer krav på det står han som tapar i konflikten med Knut den mektige. Årsaka er at han gjev avkall på sitt rettmessige krav på riket. Olav Haraldsson reiser tilbake til Noreg og kjempar for riket, men det er ikkje mennene si egging som fører til dette og Olav Haraldsson føreheld seg ikkje til æra som ein absolutt verdi. Dersom vi studerer heile historia under eitt er Snorre si forklaring på Olav Haraldsson sine handlingar annleis enn i dei høva der æra vert ein absolutt verdi. Det er ikkje egginga som fører til at Olav Haraldsson til sist vender tilbake til Noreg, men ein draum der Olav Tryggvasson viser at æra berre kan reddast ved å reise tilbake. Olav Haraldsson er i ei klar vurderingsfase med tanke på kva han skal gjere og det er ikkje nokon automatikk i korleis han skal agere på egginga frå mennene sine. Dette indikerer at han føreheld seg pragmatisk til æra i samband med egginga og presset som klientane yter oppover mot han. Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson føreheld seg pragmatisk til presset frå mennene sine i den vertikale relasjonen som eksisterer mellom dei. Han er i ein forhandlingsposisjon og vurderer kva han skal gjere. Dette vert understreka av Snorre i skildringa av korleis Olav Haraldsson tenkjer og ber i samband med egginga. Han trur ikkje det vil lykkast for han og dermed vurderer han andre alternativ. Olav Haraldsson vurderer egginga opp imot sannsynet for å lykkast og sannsynet for suksess. Den forma for press som klienten legg på patronen i dette høvet er ikkje av ein slik karakter at æra får karakter av absolutt verdi for patronen. Olav Haraldsson si ære har ikkje kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller, han er villig til å tape ære fordi dersom han ikkje lykkast i å ta tilbake riket vil han miste heile grunnlaget for ære.

I samband med Olav Haraldsson si maning av stefaren Sigurd kjem også dette pragmatiske forholdet til æra og til presset frå klienten til syne. Vurderingane i samband med dette meiner eg er knytt til sannsynet for suksess. Olav Haraldsson dreg tidleg i saga heim til mor si og stefaren sin. På dette tidspunktet i Snorre si skildring er det ein vertikal relasjon mellom Olav Haraldsson og stefaren Sigurd. Olav er underlegen stefar sin fordi han ikkje har

¹⁶⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 81

noko reell makt. Han vil ta tilbake farsarven sin frå danekongen og sveakongen og vil ha Sigurd si hjelp til dette. Medan han legg fram kva han tenkjer å gjere kjem han med ei krenking av Sigurd og dei andre mennene som er odelsborne til kongedømet etter Harald Hårfagre sine lover:

«at de ikkje er så traude for å reisa dykk og fri dykk for dette som er ei skam for ætta vår, at de vil leggja godviljen til alle i hop og hjelpe den som vil gå i brodden og reise ætta vår att. Men anten så de vil no fara åt på manns vis eller ikkje,...»¹⁶⁸

Sigurd seier han vil støtte Olav med alt det han eig, men han kan ikkje lova han nokon heilt konkret før han har snakka med dei andre kongane.

Eg meiner Snorre si skildring indikerer at Sigurd tek ein pragmatisk ståstad til Olav Haraldsson si maning og krenking av æra hans. Sigurd seier han vil støtte Olav Haraldsson med alt han eig, men implisitt seier han at han må vere sikker på at det er fleire enn han som vil støtte Olav, han kan difor ikkje love noko heilt konkret. Årsaka til dette meiner eg er knytt til sannsynet for suksess. Sigurd veit at han åleine ikkje kan gje Olav Haraldsson den støtta han treng for å ta makta i Noreg, dei treng meir hjelp og Sigurd vil dermed ikkje love noko konkret. Olav Haraldsson påpeikar at Sigurd og dei andre kongane fører ætta deira i skam og at dei ikkje ter seg som menn. Dette er grove krenkingar, men eg meiner at til tross for at Olav Haraldsson tydleg påpeikar alvorlege manglar hos Sigurd, er krenkinga retta mot både Sigurd og dei andre kongane. Saman tek dei stilling til korleis dei skal handle. Sigurd åleine agerer ikkje på denne krenkinga før han har snakka med dei andre kongane. Snorre viser dermed at suksess spelar ei stor rolle for om aktørane handlar eller ikkje. Han føreheld seg pragmatisk til krenkinga og er klart i ein posisjon der forhandlinga er til stades, Sigurd si ære har ikkje kome til det punktet der det dreier seg om eit anten –eller.

Sannsynet for suksess spelar også ei rolle i Snorre si skildring av hendingane mellom Bjørn stallare og Ragnvald jarl. I likskap med Olav Haraldsson si egging av Sigurd og dei andre kongane føreheld Ragnvald seg pragmatisk til egginga frå Bjørn, men egginga får ein annan karakter når Ingebjørg tek til ordet. Olav Haraldsson sender Bjørn stallare til Ragnvald jarl for å be om hjelp i saka mellom han sjølv og sveakongen og ordne eit forlik mellom dei. Ragnvald jarl tvilar som sagt på at det vil vere mogeleg å få til eit forlik fordi sveakonge Olav er så storvorren og likar ikkje å bli motsagt.¹⁶⁹ Ein får fyrst inntrykk av at Ragnvald ikkje vil gje Bjørn støtte og hjelpe Olav Haraldsson i denne saka. Dette vert understreka i Bjørn sitt

¹⁶⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 226

¹⁶⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 254

svar til Ragnvald når han seier at Olav Haraldsson sine råd og planar er slik laga at dei som har «lite mot» tvilar på at det er mogeleg å gjennomføre.¹⁷⁰ Bjørn krenkjer Ragnvald ved å kalla han feig og utan mot. Snorre si skildring viser klart Ragnvald jarl si motvilje til å ta på seg dette oppdraget og han vil i det lengste trekkje seg unna dette ansvaret. Dette meiner eg vitnar om ei pragmatisk haldning til æra og ei pragmatisk haldning til press får klienten. Årsaka til Ragnvald jarl si motvilje meiner eg kan relaterast til sannsynet for suksess, den risikoen det medfører og vanskanane med å få gjennomført eit forlik. Ragnvald jarl oppfattar dermed at dette er eit høve der det er rom for forhandling, Bjørn si krenking og krav fører ikkje til at æra til Ragnvald kjem til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller. Bjørn si krenking er ikkje av ein slik karakter at Ragnvald jarl står i fare for å miste grunnlaget for ære. Forhandlinga om ære har ikkje kome til det punktet der den vert ein absolutt verdi, dette skjer fyrst når Ingebjørg tek opp igjen egginga og uttrykkjer at æra har kome til eit anten – eller. Ho påpeikar at han vil miste grunnlaget for ære dersom han ikkje agerer.

Konklusjon

Er det mogeleg å seie noko om kva som kjenneteiknar dei høva der patronen føreheld seg pragmatisk til æra i samband med press frå klienten? Eg meiner Snorre si oppfatning av ære ber preg av dette. Det er klare dømer i soga på at ei pragmatisk haldning til ære er del av Snorre si oppfatning av fenomenet. For det fyrste er det klare dømer på at eigne interesser og langsiktige mål legg føringar for korleis ein føreheld seg til æra, men desse interessene og dei langsiktige måla spelar berre inn når det ikkje dreier seg om å miste grunnlaget for æra, aktørane er ikkje ved anten – eller punktet som kjenneteiknar ære som absolutt verdi. I dei høva der patronen føreheld seg pragmatisk er ikkje grunnlaget for æra truga. Snorre viser dermed at det er eit spenn mellom det absolutte og at den pragmatiske haldninga pregar mange avgjerder i samband med æra. Rikdom spelar også ei rolle med tanke på det pragmatiske forholdet til æra. Dersom tap av rikdom ikkje trugar grunnlaget for ære viser Snorre at patronen kan førehalde seg pragmatisk til krenkingar frå klientane. Vurderingar knytt til suksess fører også til at patronen føreheld seg pragmatisk til den vertikale æra og til press frå klienten. Dette gjeld i mange høver eggingar. Dersom egginga ikkje trugar grunnlaget for æra til aktørane skildrar Snorre at dei i fleire høver tek val som er knytt til sine eigne interesser, langsiktige mål og sannsynet for suksess i møte med presset frå klienten.

¹⁷⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 254-255

DEL 2: PATRON – PRESS NED

Snorre si framstilling og oppfatning indikerer at aktørane ikkje føreheld seg til æra i eit vakuum. Forholdet til æra er prega av gjensidigskap, aktørane agerer på bakgrunn av andre aktørar sine handlingar, oppfatningar og forventingar. I mange av eggingsepisodane som er analysert meiner eg vi ser eit einseitig press frå klienten og at patronen agerer ut frå dette presset. Men i fleire av episodane som vert skildra i saga meiner eg det er mogeleg å sjå eit gjensidig press mellom klient og patron knytt til æra. Dette vil seie at i mange høver vil press oppover frå klienten bli møtt med press nedover frå patronen og motsett.

Eg meiner gjensidig press ofte er det som kjenneteiknar patronen sitt press nedover, eit krav frå patronen vert møtte med krav frå klienten og dannar basisen for den avhengigheita som eksisterer i relasjonen. Eg vil difor ta føre meg episodar der eg meiner det vert tydeleg at press vert møtt med press i patron – klient relasjonen og sjå på dei høva der klienten og patronen føreheld seg til æra som ein absolutt verdi eller som uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra. Dei krava som vert stilt og sjølve æra får karakter av absolutt verdi fordi dei trugar grunnlaget for æra og aktørane står i fare for å miste æra. Dei høva der Snorre skildrar press frå patronen er kompliserte og samansette og dette skuldast denne gjensidigheita.

DEL A: PRESS SOM ABSOLUTT VERDI

Press møter press

Som sagt meiner eg vi ofte ser at press nedover frå patronen ofte vert møtt med press frå klienten, eller at press frå patronen er eit resultat og konsekvens av press frå klienten. Dette vil seie at det ofte er vanskeleg både å avgjere kven som i streng forstand yter press, er det patron eller klient? Eg har forsøkt å velje ut høver der dette gjensidige presset kjem til syne samstundes som eg vil analysere dei i relasjon til ære som absolutt verdi eller eit pragmatisk forhold til æra.

Endre truskap i løynd

Det er særleg ein episode som eg meiner tydeleg viser at relasjonen mellom patron og klient er tette vove saman, og at presset dei to partane yt mot kvarandre kan vere vanskeleg å analysere isolert. Dei hendingane som finn stad mellom Olav Haraldsson, Tore Olvesson og fleire av stormennene er kompleks. På mange måtar ville det gje meining å plassere analysen av denne episoden i samband med seksjonen som omhandlar klienten sitt press opp som absolutt verdi.

Likevel meiner eg det kan rettferdiggjera å plassere analysen her fordi det Snorre legg vekt på i skildringa er Olav Haraldsson sin reaksjon på Tore sin trussel og mennene si bøn. Det er Olav Haraldsson sine handlingar og måten han yter press på som står i fokus.

Det er naudsynt med ei skildring av konteksten for å gjennomføre analysen. Hendinga med Tore tek til ved at han inviterer Olav Haraldsson heim til seg på gjestebod. Tore er son til Olve på Egge og steson til Kalve Arnesson. Dag Raudsson er blant dei mennene som følgjer kongen dit.¹⁷¹ Dag har evna til å seie kva godt og vondt som bur i ein mann og kongen høyrer mykje på det han seier.¹⁷² Olav Haraldsson ber Dag finne den lyta Tore har og Dag fortel at Tore er Knut den mektige sin mann og han vil drepe kongen. Tore har fått pengar av Knut den mektige i venegåve. Olav Haraldsson vert svært harm når han konfronterer Tore og det viser seg at dette er sant. Mange ber for livet til Tore. Dette inneber at dei ber kongen ignorere Tore si krenking og spare livet hans, men kongen er så harm at han let han drepe. Dette fører til at mange vert harme på Olav Haraldsson, dette gjeld folk i Trondheimen, i Opplanda og også Kalv Arnesson tok det svært tungt at denne mannen vart drepen. Grjotgard, son til Olve og bror til Tore, får høyre at Tore er død. Han overfell kongens menn og stel det godset dei har. Olav Haraldsson får høyre dette og han dreg dit og drep Grjotgard.¹⁷³

I denne episoden meiner eg det er fleire dømer på at klientar pressar oppover og vil påverke korleis patronen handlar, men patronen pressar i staden nedover. For å kome nærare ei forståing av Snorre si oppfatning av æra i denne samanhengen er det naudsynt å analysere dei ulike aktørane sine handlingar i relasjon til kvarandre. For det fyrste er Tore sine handlingar eit konkret press mot Olav Haraldsson sine rettar som konge og dermed hans ære. Ved at Tore i det skjulte tener Knut den mektige signaliserer han for det fyrste at Olav Haraldsson ikkje innfrir forventingane og ansvaret som patron. I tillegg har Tore lova å drepe Olav Haraldsson og dette trugar heile posisjonen hans som konge, han risikerer å miste makt, rikdom og posisjon. Gjennom dette vert Tore sine handlingar ein trussel mot grunnlaget for Olav Haraldsson si ære. Snorre si skildring indikerer at Olav Haraldsson handlar svært konsist i dette høvet, på trass av bøner for Tore sitt liv. Olav Haraldsson agerer på dette presset mot æra som ein absolutt verdi fordi det trugar grunnlaget for æra hans.

Kvifor handlar han på denne måten og kvifor kan dette likevel oppfatast som patronen sitt press ned? Eg meiner vi må sjå desse hendingane i relasjon til dei andre mennene si bøn for Tore sitt liv, og kva Olav Haraldsson vil oppnå i desse relasjonane. Drapet på Tore meiner eg

¹⁷¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 59

¹⁷² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 57-58

¹⁷³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 60

må sjåast som eit døme til skrekk og åtvaring for dei andre mennene, og det må sjåast på i samband med den horisontale relasjonen til Knut den mektige. Olav Haraldsson må i relasjonen til Knut den mektige både vise at han ikkje aksepterer denne forma for tuslar i det skjulte og han vil statuere eit døme mellom dei andre stormennene. Det er greitt å endre truskap, men det er ikkje greitt å gjere det i det skjulte, då vert det eit direkte svik, som kongen vil slå hardt ned på. Tore sine handlingar fører til at Olav Haraldsson sitt press mot dei andre mennene får karakter av absolutt verdi fordi han brukar Tore til å setje eit døme på kva som vil skje dersom dei svik han. Sjølv om mennene ikkje er nøgde med Olav Haraldsson si handsaming av denne saka må dei i fyrste omgang akseptere dette.

Eg meiner at denne handlingsmåten og dette presset frå Olav Haraldsson si side må karakteriserast som eit absolutt forhold til æra. Årsaka til at eg meiner dette er at dersom han føreheldt seg pragmatisk til æra i denne situasjonen tenkjer eg meg at Snorre ville skildra korleis Olav Haraldsson brukte dette høvet til å tryggje makta si ved å få Kalv, Trondheimsmennene og menn frå Opplanda trugne mot seg, men han gjer ikkje dette. I staden tek han Tore sitt liv og vekkjer harme hos desse mennene. På sikt fører også desse hendingane til at fleire vender seg vekk frå Olav Haraldsson og til Knut den mektige. Dermed kan vi kanskje seie at Olav Haraldsson tek omsyn til si eiga ære i den konkrete situasjonen, og tek ikkje like stort omsyn til dei langsiktige interessene. Eg meiner Snorre signaliserer at Olav Haraldsson handlar som han gjer som eit press nedover mot dei andre mennene fordi han vil at dei skal innrette seg etter hans krav. Olav Haraldsson vil verne æra si, også på kostnad av dei langsiktige måla. Snorre skildrar dermed æra som absolutt verdi fordi det er grunnlaget for ære som styrer aktøren sine handlingar.

Pragmatisk forhold til æra fører ikkje fram – vert absolutt

I samband med saka mellom Aslak Fitjaskalle og Erling Skjalgsson meiner eg det også er mogeleg å sjå eit døme på at patronen pressar nedover og at klienten agerer på dette som ein absolutt verdi. Aslak er som sagt sett inn ilag med Erling for å halde i hempa med han på vegne av Olav Haraldsson, men Erling fer fram som han vil og Aslak vert kua og overmanna av Erling. Dette medfører at han mister ære fordi han viser seg som ein svakare mann samanlikna med Erling. Aslak vil rette opp att æra si, og han gjev kongen saka fordi han ikkje har eigne middel og makt nok til å gå mot Erling. Olav Haraldsson si handsaming av denne saka og dette forliket har vorte drøfta i den føregåande analysen, og Olav Haraldsson har førehalde seg pragmatisk til Aslak si ære i samband med denne saka fordi hans eigne interesser spelar inn. Ved at Aslak søker hjelp hos kongen viser Snorre at dette i

utgangspunktet er ei sak som kan forhandlast om. Men denne saka vert interessant fordi Erling ikkje held forliket og forliket fører ikkje til ei endring i Aslak sin situasjon. Erling held fram som før og Olav Haraldsson si hjelp fører ikkje til at Aslak får retta opp att æra si slik han hadde håpa. Eg meiner vi kan forstå relasjonen mellom Erling og Aslak som ein vertikal relasjon og som ein «dårleg» patron – klient- relasjon. Erling pressar Aslak og overheld ikkje dei rammene som eksisterer i relasjonen mellom dei. Snorre fortel at det er Aslak som til sist drep Erling. Dette gjer han imot kongen si vilje, og slik det vert framstilt får det karakter av å vere ei spontan handling. Olav Haraldsson uttrykkjer tydeleg at dette ikkje var eit godt trekk av Aslak.¹⁷⁴

Eg meiner vi i Snorre si framstilling av Aslak sitt handlingsmønster kan sjå at æra får karakter av absolutt verdi for Aslak og at dette er ein konsekvens av presset frå Erling. Aslak forsøker ulike vegar og alternativ for å rette opp att æra si i den vertikale relasjonen til Erling, han føreheld seg dermed i fyrste omgang pragmatisk til æra, men han vert ståande som den tapande part i konflikten fordi Erling held fram som før også etter forliket. Eg meiner Snorre si skildring av korleis Aslak drep Erling er eit uttrykk for at Aslak si ære no har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller og vert ein absolutt verdi. Aslak forsøker fyrst å rette opp att æra på ein fredeleg måte, men mislykkast fordi Olav Haraldsson har sine egne interesser for auge i forliket med Erling. Aslak vert den tapande part. Aslak har prøvd ulike tiltak for å rette opp att æra si, men har feila, dermed meiner eg Aslak *må* handle og ta i bruk drastiske tiltak for å rette opp att æra si. Aslak drep Erling, dette på trass av at han veit at Erling sine frendar vil stå han etter livet. Det er også slik Snorre fortel at Aslak døyr, Vigleik Arnesson drep han som hemn fordi han tok livet til Erling.¹⁷⁵

Snorre si framstilling talar dermed for at Aslak, på bakgrunn av presset frå Erling føreheld seg til æra som ein absolutt verdi. Æra har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller, Aslak vil miste æra dersom han ikkje gjer noko med tapet av ære i relasjonen til Erling. Han forsøker fyrst å gå den pragmatiske vegen og søker hjelp hos kongen, dersom saka kjem oppover i hierarkiet er det meir sannsynleg med eit ærefullt forlik. Snorre si framstilling viser derimot at dette slår feil, og Aslak står igjen som ein større tapar etter Olav Haraldsson sitt forlik. Eit anna element som talar for at Aslak si ære har kome til det punktet der den vert ein absolutt verdi vert signalisert av Snorre ved at Aslak allereie like etter drapet

¹⁷⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 68-69

¹⁷⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 71

på Erling veit at det vil kome ei hemn, han er likevel villig til å ta denne risikoen.¹⁷⁶ Eg meiner dette skuldast at Aslak er klar over at han vil miste grunnlaget for æra dersom han ikkje agerer mot Erling.

Yte motstand for å vere del av æres-gruppa

Også i samband med Snorre si skildring av hendingane mellom Olav Haraldsson og Rørek Blinde meiner eg det er mogeleg å sjå korleis klienten agerer på patronen sitt press mot æra som ein absolutt verdi. Etter at Olav Haraldsson har slått ned på opprøret frå dei fem kongane på Opplanda straffar han dei på ulike måtar. Når det gjeld Rørek og relasjonen med Olav Haraldsson viser Snorre si skildring at relasjonen mellom dei to mennene er spesiell. Olav Haraldsson sparar Rørek sitt liv etter det alvorlege sviket, men han let han blinde og har med seg Rørek Blinde rundt omkring på ferdene sine. Han vil at Rørek skal leve eit behageleg liv til tross for hans svik.¹⁷⁷ Olav Haraldsson har dermed ein av sine fiendar i sin næraste krets og som vist tidlegare i analysen sparar han Rørek sitt liv for å tryggje kongemakta si.

Eg meiner Snorre si skildring av korleis Olav Haraldsson handsamar Rørek også er eit uttrykk for press frå patronen. For det fyrste har Olav Haraldsson audmjuka Rørek ved ikkje å drepe han og heller gjere han til ein krøpling som ikkje kan ta del i mannsverda lenger. For det andre held Olav Haraldsson Rørek i fangenskap. Som patron i den vertikale relasjonen pressar Olav Haraldsson Rørek på ein slik måte at han må agere og presse tilbake dersom han skal halde på æra si og ikkje hamne totalt utanfor æres-gruppa. Snorre skildrar korleis Rørek ved fleire høver forsøker å drepe Olav Haraldsson og han legg stadig planar om korleis han kan hemne seg på Olav Haraldsson. Alvoret i Rørek sine planar om hemn meiner eg gjev eit signal om at han tek presset frå Olav Haraldsson svært alvorleg, og han veit at han hamnar utanfor æres-gruppa dersom han ikkje hemner seg. For Rørek har æra kome til det punktet der anten – eller perspektivet vert styrande, Rørek må vise at han kjempar imot Olav Haraldsson og at ein framleis kan rekne med han som del av æres-gruppa.

Kompliserte relasjonsband

Eg meiner Snorre si skildring av forholdet og hendingane knytt til Færøyane viser eit viktig aspekt ved korleis både patron og klient føreheld seg til æra i samband med press i den vertikale relasjonen og hendingane viser at patronen kan initiere presset mot klienten. Som sagt er det Olav Haraldsson som sender bod etter dei gjævaste mennene på Færøyane, Leiv

¹⁷⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 69

¹⁷⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 272-280

Ossurson, Gille lovseiemann og Toralv frå Dimun. Dei legg seg inn under kongen på bakgrunn av frykt for korleis det vil gå dei dersom dei ikkje fylgjer hans bod, dei skal betale skatt og fylgje dei norske lovene. Olav Haraldsson sender eit skip dit for å samle inn denne skatten, men skipet forsvinn og det er ingen som har høyrte eller sett det. Kongen sender ut endå eit skip, men begge skipa forsvinn.¹⁷⁸ Neste vår sender kongen igjen eit skip, denne gongen for å be ein av færøyingane om å kome til Noreg.¹⁷⁹

Snorre viser korleis Olav Haraldsson brukar fyrst sitt eige omdømme og si eiga makt til å truge til seg makta på Færøyane. Mennene er redde for kva Olav Haraldsson vil gjere med dei dersom dei ikkje følgjer hans påbod og dei aksepterer dei krava han stiller til dei. Olav Haraldsson skapar ein patron – klient relasjon til mennene på Færøyane ved at han bruker frykt som pressmiddel. For færøyingane er ikkje sannsynet for suksess i ein kamp med den norske kongen til stades, trusselen til Olav Haraldsson trugar dermed den gjeldane posisjonen til dei fremste mennene på Færøyane og dei vel å innrette seg etter kongen sine krav. Ved å bruke frykt på denne måten yter Olav Haraldsson press nedover, og mennene føreheld seg til dette presset som ein absolutt verdi og si eiga ære som ein absolutt verdi. Årsaka til dette meiner eg er knytt til forma og konsekvensen av Olav Haraldsson sitt press. Konsekvensen vil vere at dei mister posisjonane sine dersom dei ikkje gjer det Olav Haraldsson krev av dei og dermed er det frykta for å miste grunnlaget for ære som styrer dei. Initiativet og krava frå Olav Haraldsson fører til at æra til færøyingane kjem til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller perspektiv og den får karakter av absolutt verdi. Initiativet til relasjonen kjem frå Olav Haraldsson, dette viser at han er sjølvstikker på si eiga makt og si eiga evne til å gjennomføre eit ev. åtak mot færøyingane.

Konflikt både over horisontal og vertikal akse

Hendingane på Færøyane er kompliserte fordi den horisontale og den vertikale æra og relasjonane knytt til dette grip over i kvarandre. Det kan vere vanskeleg å avgjere om Snorre si skildring av ei hending er knytt til ein horisontal relasjon eller vertikal relasjon, og om handlingar i dei vertikale relasjonane eigentleg skal fremje aktørane sine interesser i horisontale relasjonar. Toralv si ypping av Sigurd, Tord Tordlaksson og Gaute den raude er eit døme på dette. Olav Haraldsson kallar som sagt til seg ein av mennene på Færøyane for å finne ut kva som har hendt med skipa hans. Toralv skal reise, og han bur hos Trond i Gata medan han bur seg til ferda. Det eksisterer allereie ein konflikt mellom Olav Haraldsson og

¹⁷⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 339-340

¹⁷⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 17-19

færøyingane. Dette er ein vertikal relasjon som er prega av gjensidig press. Toralv si ypping av dei unge mennene dannar utgangspunkt for ein ny konflikt. Toralv yppar opp dei to brorsønene sine Sigurd og Tord Tordlaksson og Gaute den raude som ligg og slappar av. Han seier at dei er late og at det ikkje er tak i dei.¹⁸⁰ Dei unge mennene vert provoserte, dei gjer klart eit skip og reiser ut med same vinden som Toralv. Når skipa legg til land i Noreg går Toralv i land på kvelden, der vert han drepen på brutalt vis.¹⁸¹ Olav Haraldsson er i nærleiken og han kallar til seg dei unge mennene. Kongen trur det er dei som har drepe Toralv fordi han skulle fortelje kva som hende med skipa hans. Dei unge mennene rømmer tilbake til Færøyane og Olav Haraldsson vert ved dette meir og meir sikker på at han har rett og at desse mennene veit kva som hende med skipa hans.¹⁸²

Eg meiner dei unge mennene sine handlingar både kan sjåast i relasjon til den overordna konflikten med Olav Haraldsson og i relasjon til Toralv si ypping. Dersom vi ser drapet på Toralv i relasjon til yppinga av dei unge mennene vert dette eit uttrykk for ære som ein absolutt verdi. Men dette kan ikkje forklare den alvorlege konsekvensen Toralv si ypping får, fordi det i streng forstand ikkje trugar grunnlaget for æra til dei unge mennene. Ser vi derimot hendinga i relasjon til konflikten med Olav Haraldsson vil konsekvensen av hendingane vere alvorleg fordi hemna frå Olav Haraldsson vil vere stor. Dei unge mennene sine handlingar kan dermed oppfattast som frykt for kva Olav Haraldsson vil gjere og kva konsekvensar dette vil ha for æra deira dersom han finn ut kva som har hendt med skipa. Dei unge mennene strekk seg til det ytste for ikkje å møte Olav Haraldsson si hemn. Dersom Olav Haraldsson får vite kva som har hendt vil æra deira kome til dette anten – eller punktet ved at dei miste posisjonane sine, men også livet, dersom dei må møte Olav Haraldsson si hemn. Dei unge mennene kan risikere å miste grunnlaget for æra. Snorre viser at Olav Haraldsson som patron er tydleg til stades i konflikten med færøyingane og brukar frykt som pressmiddel mot klientane. Dei unge mennene agerer mot dette presset og moglegheita for tap av ære som ein absolutt verdi.

Frykt som pressmiddel frå patronen

Også i samband med relasjonen mellom Einar jarl og Torkjell vert det tydleg i Snorre si framstilling at frykt spelar ei avgjerande rolle i patronen sitt press nedover, og legg føringar for korleis klienten reagerer på dette presset. Frykta klientane kjenner meiner eg kan relaterast

¹⁸⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 17-19

¹⁸¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 17

¹⁸² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 17-19

til aktørane si ære og i mange høver til å miste grunnlaget for ære. Einar jarl står Torkjell etter livet både fordi han har utfordra hans rettar som jarl, men også fordi han meiner Torkjell har fått Torfinn interessert i råderetten over ein av lutene på Orknøyane. Torfinn sender Torkjell for å samle inn skatt på sin del av øyane, men Torkjell må rømme fordi Einar jarl står han etter livet.¹⁸³ Einar jarl yt press mot Torkjell ved å truge livet hans, og presset får karakter av absolutt verdi for Torkjell fordi han risikerer å miste alt, miste heile æra og grunnlaget for æra dersom Einar jarl drep han. Torkjell reiser til Olav Haraldsson for å kome vekk frå Einar jarl sitt maktområde.

Eg meiner vi igjen står ovanfor eit komplisert døme på korleis den horisontale og den vertikale æra og relasjonen mellom dei grip over i kvarandre og kompliserer biletet med tanke på kva form for ære det dreier seg om og kva type press det dreier seg om i Snorre si skildring. Einar jarl og Torkjell er i konflikt på grunn av Torkjell sine krav til Einar jarl på tinget. Samstundes er Einar jarl og Olav Haraldsson i konflikt med kvarandre på grunn av drapet på Øyvind. Det som kompliserer biletet i Snorre si skildring er at Torfinn og Torkjell reiser tilbake til Orknøyane etter opphaldet i Noreg og målet med reisa er forlik med Einar jarl. Men i staden for forlik drep Torkjell Einar jarl. Same dagen reiser Torkjell, åleine, tilbake til Olav Haraldsson som er svært nøgd med det som har hendt, seier Snorre.¹⁸⁴

Sidan både Olav Haraldsson og Torkjell har ei pågåande konflikt med Einar jarl meiner eg drapet på Einar jarl må sjåast i samband med desse konfliktane. Drapet på Øyvind er startpunktet for konflikten mellom Einar jarl og Olav Haraldsson og venskapen mellom Olav Haraldsson og Torkjell skuldast konflikten mellom Einar jarl og Olav Haraldsson. Torkjell vil verje sitt eige liv i møte med presset frå Einar og trusselen mot Torkjell sitt liv og grunnlaget for æra hans. Drapet på Einar jarl kan dermed oppfattast som ein reaksjon på presset og trusselen ovanfrå. Måten Torkjell føreheld seg til dette på viser at han også føreheld seg til æra som ein absolutt verdi. I konflikten med Einar har æra til Torkjell kome til anten – eller punktet, han risikerer å miste livet og gjennom dette miste æra.

Det interessante i denne samanhengen er derimot at det ikkje er *normalen* at ein vanleg mann drep ein jarl. Eg meiner difor at Torkjell sine handlingar ikkje kan sjåast isolert frå relasjonen til Olav Haraldsson. Sannsynet for at Torkjell er på oppdrag for Olav Haraldsson er stort, meiner eg, og dermed at Olav Haraldsson brukar den vertikale relasjonen med Torkjell for å hemne seg i relasjonen til Einar jarl. Snorre fortel at Øyvind var Olav Haraldsson sin

¹⁸³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 302

¹⁸⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 303

hirdmann, men også kongen sin ven. Han har difor både personleg interesse i å hemne drapet på Øyvind, men også å reagere på utfordringa frå Einar jarl og vise seg som Einar jarl sin overmann. Det er Torkjell som er «klienten» i begge desse relasjonane og hans reaksjon på Einar jarl sitt press og på Olav Haraldsson sitt press får karakter av absolutt verdi fordi han risikerer å miste livet og stå åleine i konflikten mot Einar jarl og hans menn dersom han ikkje gjev etter for Olav Haraldsson sitt press. Presset frå Einar jarl har kome til eit punkt der det dreier seg om eit anten – eller for Torkjell, det er livet og dermed grunnlaget for æra hans som står på spel.

Eg meiner det er rom for å sjå Snorre si skildring som uttrykk for to ulike senario i samband med dei vertikale relasjonane. Anten brukar Torkjell den vertikale relasjonen til Olav Haraldsson for å skaffe seg støtte til å gjennomføre drapet på Einar jarl. Eller Torkjell vert utsett for press frå Olav Haraldsson som sett ned dette som eit krav til patron – klient relasjonen som vert oppretta mellom dei to. Eg meiner det siste senarioet er mest sannsynleg. Årsaka til dette meiner eg Snorre sjølv klargjer ved at Torkjell allereie *same dagen* som han drep Einar vender tilbake til Noreg og fortel Olav Haraldsson det som har skjedd, og ved at Olav Haraldsson er *nøgd* med utfallet av Torkjell si reise. Eg meiner Snorre si skildring av hendingane på Orknøyane er eit døme på at klienten innrettar seg etter presset frå patronen og at æra i samband med dette får ein absolutt verdi. Årsaka til dette meiner eg skuldast at Torkjell si ære har kome til anten – eller punktet og dersom han ikkje agerer, både på Einar jarl sitt press og på Olav Haraldsson sitt press, vil han miste grunnlaget for ære ved at han vil miste livet.

Krav om truskap og makt

Snorre skildrar også korleis den tredje av brørne på Orknøyane, Bruse jarl, kjem til Olav Haraldsson etter hjelp på eit seinare tidspunkt. Dette skjer i samband med at Bruse jarl er i konflikt med bror sin Torfinn over kven som skal råde over Einar jarl sin lut etter hans død. I relasjonen med Bruse jarl kjem Olav Haraldsson med krav om at han må få råderetten over den eine luten og han må bli kongen sin lendmann dersom han skal gje støtte i konflikten med Torfinn. Bruse jarl vert med dette stilt ovanfor eit vanskeleg val. Han har tre valalternativ, 1) anten halde på delar av makta si ved å bli Olav Haraldsson sin lendmann og få hjelp mot Torfinn, 2) få Olav Haraldsson som fiende og dermed stå i fare for at Olav Haraldsson tek lutene hans med makt, 3) eller kjempe mot Torfinn åleine og risiker å miste lutene sine til han.

Etter litt ettertanke vel Bruse jarl det fyrste alternativet, han blir Olav Haraldsson sin mann og legg seg under han.¹⁸⁵

Eg meiner Snorre si framstilling klart viser at Olav Haraldsson yter press mot Bruse jarl i denne samanhengen og at Bruse jarl føreheld seg til æra som ein absolutt verdi. Bruse jarl vel det alternativet som vil føre til at han mister minst ære. Ved å velje anten alternativ 2.) eller 3.) vil Bruse jarl miste grunnlaget for æra si fordi sannsynet for å halde på posisjonen er liten. Ved å velje alternativ 1.) vil Bruse jarl halde på makta si og den posisjonen han har. Eg meiner difor at Bruse jarl si ære, gjennom Olav Haraldsson sitt press, kjem til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller. Bruse jarl vil miste æra, grunnlaget for æra dersom han tek sjansen på å stå seg åleine mot både Olav Haraldsson og Torfinn. Bruse jarl tek vurderingar knytt til kva som er den beste løysinga, men dei vala han tek er knytt til å halde på det som dannar grunnlaget for æra hans, posisjonen sin som jarl.

Trugar posisjonen til stormennene

Snorre si skildring rommar fleire dømer på korleis Olav Haraldsson trugar posisjonen til stormenne i riket og dette fungerer som eit press i samband med den vertikale æra. Olav Haraldsson dreg på ei kristningsferd nordover i landet, til Hålogaland og vidare nordover, og på denne ferda vert både Hårek frå Tjøtta og Tore Hund på Bjarkøy kongen sine menn.¹⁸⁶ Etter kvart sett Olav Haraldsson inn Åsmund Grankjellsson til å styre halve sysla på Hålogaland. Dette fører til ei auka misnøye hos Hårek. Det er kongen som rår for kven som skal ha sysla, seier han, «men såleis gjorde ikkje dei gamle hovdingane,» sa han, «at dei minkar retten for oss som er ætteborne til å få makt av kongane, og gav ho i hendene på bondesøner som aldri før har hatt slikt å stelle med.»¹⁸⁷ Denne utsegna rommar mykje av misnøya til stormennene i riket, og eg meiner den seier noko om Snorre si oppfatning av æra og den forma for press som patronen i mange høver yter mot klientane sine. Stormennene i Noreg meiner dei har rett på ære i kraft av ætta si og den posisjonen dei har. Men Olav Haraldsson undergrev deira autoritet og deira rett til meir ære enn vanlege folk nettopp ved å setje inn menn av lågare ætt i si teneste. Snorre si skildring av Olav Haraldsson si handsaming av stormennene meiner eg vert eit uttrykk for at han svivørder stormennene si rolle i landet. Hårek vert eit døme på korleis han gjev etter for presset frå Olav Haraldsson, han aksepterer å bli krenka ved ikkje å gå til konkrete motåtak mot kongen. Dersom Olav Haraldsson tek frå

¹⁸⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 304-307

¹⁸⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 310

¹⁸⁷ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 334

Hårek posisjonen som sysselmann vil han miste det eg meiner dannar grunnlaget for æra hans, posisjonen og makta som sysselmannsembetet gjev. Ved å presse på denne måten viser Olav Haraldsson at han kan truge deira posisjonar, han kan setje inn andre menn til å utføre tenester for han og dette vil fører til at Hårek og dei andre stormennene vil miste sine posisjonar og miste grunnlaget for æra si. Vi ser fleire dømer på at mange av mennene strekk seg i det lengste når det gjeld å fylgje Olav Haraldsson, og ventar til dei er trygge på at endra truskap er det som vil gje dei størst ære. Denne måten å handle på vert i streng forstand eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til den og at stormennene heile tida vurderer kva som tener dei best. Men samstundes meiner eg forklaringa på denne pragmatiske haldinga, at dei aksepterer å bli svivørd, skuldast at klienten føreheld seg til den æra som posisjonen og makta deira gjev som ein absolutt verdi. Snorre si skildring av Hårek sin reaksjon på Olav Haraldsson sitt press vert eit døme på dette. Snorre si skildring av Hårek og hans måte å agere på er kanskje det tydlegaste dømet i saga på korleis ein klient tener patronen i det lengste fordi presset frå patronen er ein trussel mot klienten sin noverande posisjon og ein sentral del av klienten sitt grunnlag for ære.

Dette er likevel ikkje det einaste høvet der Olav Haraldsson gjev makt til «bondesøner som aldri før har hatt slikt å stelle med.» Dette gjeld Åsmund, men også Sel-Tore. Erling trekkjer fram særleg situasjonen med Sel-Tore i saka mellom seg sjølv og Aslak Fitjaskalle.¹⁸⁸ Stormennene klagar på at Olav Haraldsson ikkje tek på alvor det skiljet som dei meiner er mellom menn av låg ætt og storætta menn. Dette meiner eg er press frå Olav Haraldsson si side og som mennene må førehalde seg til. Men på trass av desse klagene mot Olav Haraldsson aksepterer dei i det lengste handlingane hans. Årsaka til dette meiner eg skuldast at den posisjonen dei har dannar grunnlaget for æra deira. Dei aksepterer å bli svivørd og ventar med det endelege brotet med Olav Haraldsson, det er fyrst når dei er trygge på at Knut den mektige vil kunne gje dei betre kår og meir ære at dei bryt med Olav Haraldsson. Stormennene føreheld seg pragmatisk til æra ved fyrste augekast ved å akseptere Olav Haraldsson sine handlingar. Årsaka til sjølv pragmatikken meiner eg skuldast eit absolutt forhold til æra og presset frå patronen. Kva meiner eg med dette? Stormennene akseptere Olav Haraldsson sitt press og krav fordi deira mål er å halde på dei posisjonane som dannar grunnlaget for æra deira. For å halde på denne æra føreheld dei seg pragmatisk til krenkingar undervegs. Patronen viser at æra kjem til anten – eller punktet dersom dei ikkje innrettar seg etter dei krav han stiller.

¹⁸⁸ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 321

Vertikalt press får horisontalt utløp

Eg meiner Snorre også skildrar at aktørane agerer på press ikkje berre ved å presse tilbake i vertikale relasjonar, men at presset kjem til uttrykk i ein horisontal relasjon. Måten Olav Haraldsson handsamar saka mellom Hårek og Åsmund på har visse likskapstrekk med saka mellom Aslak og Erling, men fordi det dreier seg om ulik relasjon mellom aktørane må Snorre si skildring tolkast ulikt. Konflikten mellom Åsmund og Hårek byrjar som sagt ved at Olav Haraldsson sett inn Åsmund til å styre halve sysla til Hårek. Dette fører til at Hårek er misnøgd med kongen.¹⁸⁹ På eit seinare tidspunkt vert det også ein konflikt mellom mennene knytt til råderetten over eit fiskevær. Hårek og Åsmund tek saka til kongen som avgjer at Åsmund og Grankjell skal råde over fiskeværet. Hårek er svært misnøgd med utfallet av forliket, men han let kongen råde.¹⁹⁰ På eit seinare tidspunkt tek Hårek derimot opp igjen saka, han brenn Grankjell og fleire menn inne i huset som hemn for at mennene hans fekk juling i konflikten knytt til fiskeværet.¹⁹¹

Snorre si skildring i samband med dette meiner eg talar for at misnøye med press ovanfrå kan få horisontalt utløp. I utgangspunktet er det Olav Haraldsson sine avgjerder som fører til at Hårek vert sint og hans press fører til at Hårek si ære kjem til anten – eller punktet. Åsmund har Olav Haraldsson på si side og han tener på dei forlika Olav Haraldsson får i stand for han. Denne hendinga vert eit uttrykk for at kongen i mange høver sett ned partiske forlik som tener han sjølv, men samstundes vert den eit uttrykk for at Olav Haraldsson sitt press som patron vert møtt med ei horisontal hemn av klienten. Hårek vert i den horisontale konflikten med Åsmund alltid den «tapande part» i forlika, fyrst ved at han mister råderett i sysla, deretter over fiskeværet, og til sist ved at han ikkje får bot for drengane sine.

Desse to døma, både konflikten mellom Aslak og Erling og Hårek og Åsmund, indikerer noko interessant knytt til korleis klientane føreheld seg til press frå patronen. Olav Haraldsson sitt press mot Hårek si ære får utløp i den horisontale relasjonen til Åsmund og gjennom dette rettar han opp att æra si og viser seg som ein mann med ære. Aslak handlar også imot Olav Haraldsson sitt forlik og tek saka i eigne hender for å rette opp tapet av ære til Erling. I begge sakene tek Hårek og Aslak saka i eigne hender og vil rette opp att æra si som ein reaksjon mot patronen sitt press, men hemna kjem til uttrykk i ein horisontal relasjon. Både Hårek og Aslak si ære har kome til anten – eller punktet i samband med press frå patronen og dermed agerer dei i ein vertikal relasjon.

¹⁸⁹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 334

¹⁹⁰ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 29

¹⁹¹ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 62

DEL B: PRESS MØTER PRESS – PRAGMATISK

Vi har allereie skildra inngåande historia om Asbjørn og korleis Erling Skjalgsson vert involvert gjennom forlik med Olav Haraldsson. Olav Haraldsson vert involvert i ein konflikt som i utgangspunktet var mellom Asbjørn og Sel-Tore ved at Asbjørn hogg hovudet av Sel-Tore og det landar i fanget hans. Asbjørn er no i konflikt med kongen sjølv og dette endrar karakteren på konflikten for Asbjørn. Konflikten er no over ein vertikal akse i staden for ein horisontal, og Asbjørn må i streng forstand innrette seg etter dei reglane for respekt som er knytt til kongen. Ein konflikt eller ein feide går tradisjonelt ikkje på tvers av desse vertikale grensene og sidan Asbjørn er kongens undermann gjev han saka si til ein mann høgare i hierarkiet og som kan tale hans sak, Erling Skjalgsson. Olav Haraldsson er svært sint og meiner det er gode grunnar til å drepe Asbjørn. For det fyrste bryt han påskefreden ved å drepe ein mann, for det andre drep han nokon i kongen sitt hus og for det tredje brukar han kongen sitt fang som hoggestabbe. Som nemnd tidlegare er det utsiktene for venskap med Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson sine egne interesser som fører til at han føreheld seg pragmatisk til æra si og til krenkingane frå Asbjørn.

Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson inngår forlik etter hendingane på Avaldsnes og ein del av dette forliket er knytt til kva rolle Asbjørn skal ha vidare og korleis han konkret kan bøte på skaden som vart gjort mot Olav Haraldsson. Som ledd i forliket mellom Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson aksepterer Asbjørn å bli kongen sin årmann på Avaldsnes i staden for Sel-Tore. Snorre fortel at Asbjørn, på bakgrunn av Tore Hund si maning om å trasse kongen sitt påbod, vel å ignorere krava i forliket og vert verande heime.¹⁹² Asbjørn bryt dermed forlikskåra med Olav Haraldsson, og han viser ved dette at han ikkje vørdar Olav Haraldsson og forliksavtala mellom dei. Desse handlingane frå Asbjørn si side meiner eg er eit uttrykk for eit press oppover. Ved å ikkje innrette seg etter Olav Haraldsson sine bod utfordrar han Olav Haraldsson si makt og rett til å utøve denne makta. Snorre si skildring viser dermed at Asbjørn føreheld seg pragmatisk til æra i møte med kongen sine krav, vel vitande om at dette kan få konsekvensar for han. Kongen sine krav må oppfattast som den måten han yter press nedover på.

Snorre viser sjølv kva som er årsaka til at Asbjørn føreheld seg pragmatisk til æra, han agerer i samsvar med Tore Hund si egging. Tore Hund har påpeika at Asbjørn mister grunnlaget for ære dersom han følgjer kongen sine påbod. Tore Hund si egging vert uttrykk

¹⁹² *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 326-331

for at æra har kome til det punktet der det dreier seg om eit anten – eller, og dermed føreheld Asbjørn seg pragmatisk til Olav Haraldsson sitt press for å verje grunnlaget for æra i kollektivet. Asbjørn føreheld seg pragmatisk til press ovanfrå fordi presset frå ein horisontal relasjon vil føre til at han mistar grunnlaget for æra og æra har kome til anten – eller punktet i den horisontale relasjonen.

Denne saka viser for det fyrste at staus og posisjon spelar ei rolle og for det andre at vurderingane knytt til eiga vinning i samband med ei krenking spelar avgjerande rolle. Samstundes viser Snorre at aktørane kan førehalde seg til både vertikale og horisontale relasjonar og æra i samband med desse relasjonane. Æra får karakter av absolutt verdi i den relasjonen der presset, anten horisontalt eller vertikalt får dei mest alvorlege konsekvensane. I Asbjørn sitt tilfelle viser Snorre korleis han innser at han i samband med æra har teke «feil» val ved å aksepter kongen sine krav. Dette går fyrst opp for han etter Tore Hund si egging, det er i den horisontale relasjonen han kan miste grunnlaget for æra, dette er verre enn å trasse kongen.

Endeleg mål – pragmatisk til press frå patron

Eg meiner vi kan sjå likskapar med tanke på forholdet til æra og til gjensidigheit i press i skildringa av hendingane mellom Einar jarl og Torkjell på Orknøyane og i hendingane mellom Asbjørn og Olav Haraldsson. Torkjell kjem til Einar jarl på tinget og ber han skåne folket for leidang fordi det er matmangel og tungt for bøndene. Einar jarl aksepterer dette og vil berre kalle ut tre skip i staden for seks til leidang dette året, men Torkjell må ikkje be om dette igjen. Torkjell ber om det same neste år, men no vert Einar jarl harm og seier at neste år skal dei ikkje kome beinheile frå tinget begge to.¹⁹³ Som klient pressar Torkjell Einar jarl gjennom eit krav og ei bøn frå folket om at Einar jarl må bli mildare. I fyrste omgang gjev Einar jarl etter for dette presset ved at han gjev opp sin rett til å krevje leidang. Presset frå klienten er knytt til den respekten patronen skal ha. Einar jarl uttrykkjer tydeleg at Torkjell no må innrette seg etter dei krava han stiller, men Torkjell ignorerer dette ved å be om det same neste år. Eg meiner Torkjell handlar på denne måten fordi han ikkje oppfattar Einar jarl sitt krav som eit reelt press og innser ikkje at dersom han ikkje innordnar seg vil presset frå Einar jarl auke og få ein annan karakter ved at det ikkje vil vere rom for forhandling. Einar jarl sin respons på Torkjell si andre bøn om å spare folket vert møtt med ein klar trussel mot Torkjell sitt liv, og dette viser at denne måten å handle på ikkje var tenleg for Torkjell. Torkjell

¹⁹³ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 300

føreheld seg pragmatisk til presset og trusselen frå Einar jarl i fyrste omgang fordi det endelege målet hans er å hjelpe folket og støtte dei. Saka vert ei anna når Einar konkret trugar livet hans og grunnlaget for æra.

Skjalg Erlingsson er ein av aktørane i Snorre si skildring av hendingane mellom Asbjørn Selsbane og Olav Haraldsson. I denne relasjonen meiner eg det finn stad eit press nedover og at Skjalg har eit pragmatisk forhold til æra. Olav Haraldsson meiner Asbjørn skal bøte med livet for krenkingane mot han i samband med drapet på Sel-Tore, men Skjalg Erlingsson byd å betale pengar for Asbjørn sitt liv og lemer. Olav Haraldsson seier til Skjalg: «Endå du er ein dugande mann, Skjalg, vil eg ikkje for di skuld bryte lova og gje frå meg den kongelege heideren.»¹⁹⁴ Skjalg er klart i ein underlegen posisjon til Olav Haraldsson, men han forsøker å opptre som ein likemann. Gjennom Olav Haraldsson sin respons viser Snorre at Skjalg si oppfatning er ukorrekt, og Olav Haraldsson sin kommentar vil i streng forstand vere ei krenkinga av Skjalg si ære fordi den anerkjenner han som uverdigg å forhandle med kongen. Olav Haraldsson påpeikar den klare statusskilnaden som eksisterer mellom dei to mennene, men Skjalg sin reaksjon på presset frå Olav Haraldsson vert eit uttrykk for eit pragmatisk forhold til æra ved at han innrettar seg etter krava frå Olav Haraldsson, han tek ikkje på veg fordi kongen ikkje anerkjenner han som ein verdigg forhandlingspartner. Eg meiner at årsaka til dette skuldast at Skjalg oppriktig er interessert i å berge Asbjørn sitt liv, og han er dermed villig til å ignorere dette. Snorre fortel heller ikkje at Skjalg på noko seinare tidspunkt forsøker å rette opp igjen dette. Eg meiner difor at Skjalg, med bakgrunn i sitt mål om å berge Asbjørn sitt liv, føreheld seg pragmatisk til si eiga ære og til presset som Olav Haraldsson rettar mot han. Skjalg er fullt klar over forhandlingsposisjonen som eksisterer mellom han sjølv og kongen.

Krav om truskap og motyting

I saga finn vi mange dømer på episodar der patronen kjem med krav til klienten om truskap og korleis klientane skal handle i møte med desse krava og presset frå patronen. Snorre viser gjennom si skildring av Olav Haraldsson si handsaming av saka med Arne-sønene og Skjalgsson-mennene at han innrettar seg etter trusselen om endra truskap. Eg meiner han ved å ignorere Torberg sitt brot på kongen sitt bod om at Stein er fredlaus også ignorerer ei krenking mot æra hans. Årsaka til dette er som vist at den trusselen mennene kjem med trugar ikkje berre æra hans, men den trugar heile grunnlaget for æra, og dersom Olav Haraldsson ikkje

¹⁹⁴ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 327

inngår forlik kan han miste æra. Til tross for at Snorre si skildring viser at Olav Haraldsson innrettar seg etter press frå klientane meiner eg Snorre gjennom denne skildringa viser ei viktig side ved ære i den vertikale relasjonen. Olav Haraldsson kjem med eit motkrav til Arne-sønene og Skjalgsson-mennene, dersom dei vil leggje seg inn under han og gje han eiden sin på at dei vil vere trufaste mot han, skal han inngå forlik. Eg meiner dette er eit uttrykk for patronen sitt press nedover. I møte med presset oppover kjem Olav Haraldsson med krav tilbake. Det interessante er at mennene agerer ulikt på Olav Haraldsson sitt krav. Mennene deler seg og Finn, Arne og Torberg vel å gje kongen eiden sin, Kalv vil ikkje og reiser heim, Erling og mennene hans dreg direkte til kong Knut.¹⁹⁵ Kva kan dette skuldast? Dette meiner eg er eit uttrykk for det som kjenneteiknar patron – klient relasjonane og korleis klienten kan velje å tene den patronen som gjev mest rikdom, makt, tryggleik og ære. Arne-sønene og Skjalgsson-mennene tek ulike vurderingar knytt til kva som vil gje dei mest ære. Eg meiner årsaka til dette er knytt til kva dei gjev opp dersom dei gjev Olav Haraldsson eiden sin. Finn, Arne og Torberg vurderer at det å fylgje Olav Haraldsson vil gje dei mest ære. Snorre viser dette ved at Torberg vel å bli hos Olav Haraldsson fordi han ikkje vil gå frå eigedomane sine, og han trur at det å fylgje Olav Haraldsson vil gje han størst ære. For Torberg, og kanskje Finn og Arne, vil det å gå frå Olav Haraldsson medføre at dei mister rikdom, makt og den posisjonen dei har, og gjennom dette vil dei miste grunnlaget for æra si. Eg meiner at for desse tre brørne får æra karakter av absolutt verdi i møte med Olav Haraldsson sitt press. Dei vel å fylgje han fordi dei vil miste grunnlaget for æra dersom dei vender seg vekk frå han.

Skjalgsson-mennene har derimot i utgangspunktet Erling Skjalgsson som sin leiar og dei vel å fylgje han dit han går. Som vist tidlegare meiner eg Snorre viser at relasjonen mellom Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson er av horisontal karakter og Erling vil ved å gje Olav Haraldsson eiden sin på at han skal vere hans trufaste mann miste den posisjonen han har. Gjennom dette vil Erling miste grunnlaget for æra. Erling føreheld seg pragmatisk til presset frå Olav Haraldsson fordi å innrette seg etter det vil fører til at han mister ære. Denne skildringa frå Snorre viser at menn reagerer ulikt på presset ovanfrå og at det er utgangsposisjonen, interessene og dei langsiktige måla som spelar inn med tanke på kva vurderingar dei enkelte tek i møte med presset frå patronen.

Eit liknande døme finn vi i Snorre si skildring av korleis brørne Bruse jarl og Torfinn agerer ulikt på Olav Haraldsson sitt krav om truskap. Bruse jarl får som sagt tre val av kongen

¹⁹⁵ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 24-26

og vel til sist å fylgje han, men når Torfinn vert stilt ovanfor det same valet som Bruse jarl seier han at han ikkje kan gje seg inn under kongen fordi han allereie er skottekongen sin mann, fortel Snorre. Olav Haraldsson får Torfinn til å love at han skal respektere avtala mellom han sjølv og Bruse jarl og at Olav Haraldsson skal avgjere kven som skal råde i den siste luten.¹⁹⁶ Torfinn vel den pragmatiske løysinga på Olav Haraldsson sitt press. Han har allereie skottekongen i ryggen og har ikkje behov for ein ny patron. Å tene Olav Haraldsson vil ikkje auke verken makta eller rikdomen hans og han vel å ignorere Olav Haraldsson sitt press. Årsaka til at Torfinn kan forhandle i møte med Olav Haraldsson sitt press meiner eg skuldast relasjonen han har til skottekongen og at han kan forsvare seg.

Konklusjon

I samband med patronen sitt press ned meiner eg Snorre teiknar eit komplisert bilete av både relasjonane mellom patron og klient og korleis ein føreheld seg til æra. I møte med press nedanfrå frå klienten meiner eg Snorre viser at patronen kan yte press nedover for å statuere eit døme og gjennom frykt og trussel om at klienten vil miste den eksisterande posisjonen få klienten til å innrette seg etter presset frå patronen. Det eksisterer også dømer på at klientane fyrst møter presset frå patronen pragmatisk, men at konsekvensen av dette vert til sist av ein slik karakter at klienten står i fare for å miste grunnlaget for ære dersom han ikkje handlar. Det er klare dømer på at klientar i møte med press frå patronen må presse tilbake. Årsaka til dette er at dersom klienten føreheld seg pragmatisk vil det vere det same som å vise at ein ikkje har *krav* på resepekt og *rett* til respekt frå æres-gruppa. Frykt fungerer som eit klart pressmiddel i det pragmatiske forholdet til æra i relasjonen mellom patron og klient, i denne samanhengen dreier det seg gjerne om frykt for å miste grunnlaget for æra. Patronen sitt press kan vere prega av forventning om truskap i gjengjeld for stønad og dersom klienten ikkje innrettar seg etter dette vil ein trussel om å miste makt og posisjon og æra som fylgjer med vere det tydelegaste pressmiddelet. Eg meiner det er klare teikn på at klientane i fyrste omgang føreheld seg pragmatisk til press frå patronen i samband med saker der klienten har eit endeleg mål som vil gje dei større ære og som på ingen måte kan vere ein trussel mot deira eksisterande posisjon. Klienten føreheld seg også pragmatisk til æra i samband med press frå patronen i dei høva der klienten har eit reelt alternativ med tanke på val av patron og når dette valet med sannsyn vil føre til større ære.

¹⁹⁶ *Soga om Olav den Heilage*, 1997, 304-307

KONKLUSJON

Målsetjing for oppgåva

Målsetjinga for denne oppgåva har vore å undersøke den oppfatninga av æres-fenomenet som kjem til uttrykk i *Soga om Olav den Heilage* og som eg meiner er eit uttrykk for Snorre si oppfatning av fenomenet. I innleiinga har eg allereie definert eit klart rammeverk som eg har arbeida ut ifrå i analysen. Eg har gått inn i sogematerialet og leita etter korleis ære kjem til uttrykk og sett om dette samsvarar med det metodologiske rammeverket som eg analyserer sogematerialet ut ifrå, og eg tolkar Snorre si oppfatning av ære gjennom dette. Ved å ta utgangspunkt i Sørensen, Bagge og Stewart sine oppfatningar av ære har eg eit rammeverk både til analysen og til vurdering av funna mine. Eg undersøker dermed om dette rammeverket samsvarar med den oppfatninga som Snorre skildrar i saga. Eg har skapt to ytterpunkt i dette rammeverket, ære som absolutt verdi i den eine enden og eit pragmatisk forhold til æra i den andre enden. Snorre si oppfatning av æra kjem til uttrykk i spennet mellom desse to ytterpunkta.

Målet for denne oppgåva har dermed vore og seie noko konkret om korleis Snorre oppfattar og føreheld seg til æra. Det å kome nærare ei forståing av Snorre si oppfatninga av ære i hans eigen historiske kontekst er det interessante. Den realhistoriske konteksten til Snorre har allereie vorte klarlagt i innleiinga. Snorre entrar bana i det politiske livet på Island og på 1220-talet er han utan tvil den mektigaste mannen på Island. Snorre er også ved fleire høver, og over fleire år, til stades ved kongen sitt hoff i Noreg. Frå 1218-1220 var han hos Skule jarl og kong Håkon. Han reiste tilbake til Skule jarl i 1237 når det var klart at makta hans på Island var svekka. Snorre har difor hatt grundig kjennskap til det politiske spelet og den politiske utviklinga både i Noreg og på Island.

Det er fyrst naudsynt med ei kort og generell oppsummering av funna i analysen. Kva type ære finn vi *Soga om Olav den heilage*? Deretter vil eg sjå desse funna i relasjon til Sørensen, Bagge og Stewart sine oppfatninga og vurdere om desse held mål. Til sist må desse funna sjåast i samband med Snorre sin historiske kontekst. Dette er avgjerande for at dei skal kunne seie oss noko om Snorre si oppfatning av ære. Det er også naudsynt med ei klargjering med tanke på kva formålet med Snorre si historieskriving er. Dette er naudsynt fordi det vil vere avgjerande for vurderinga av funna i analysen.

Oppsummering av funna i analysen

Ein viktig del av funna i analysen er knytt til kva som dannar *grunnlaget* for æra. Årsaka til at dette er viktig skuldast at eg meiner æra som absolutt verdi kjem til uttrykk i samband med dette. For det fyrste meiner eg Snorre viser at posisjon i samfunnet spelar ei sentral rolle med tanke på kva som gjev ære. Dette gjer han tydleg ved å relatere ære til makt, innflytelse og rikdom, men også til omdømme, manndom, forventing frå samfunnet og å leve opp til desse forventingane. Ved at Snorre så tydleg relaterer ære til desse aspekta meiner eg det gjev grunn til å tolke desse elementa som del av det som dannar grunnlaget for eit individ si ære i Snorre si forståing. Alle desse elementa som Snorre relaterer til ære kan også relaterast til samfunnsposisjon, både makt, innflytelse, rikdom, omdømme og ulike forventingar frå samfunnet kan sjåast i samheng med den samfunnsposisjonen individet har. Samstundes som grunnlaget for ære kan relaterast til samfunnsposisjon meiner eg Snorre si oppfatning av ære også kan relaterast til ettermæle. Det å få eit godt ettermæle vil gje eit individ ære og vil vere med på å verne grunnlaget for individet si ære.

Eg meiner Snorre i saga viser at ære kjem til uttrykk som ein absolutt verdi i dei høva der grunnlaget for ære kan mistast. Dette meiner eg gjeld både i dei horisontale og dei vertikale relasjonane. Snorre si skildring og framstilling talar tydleg for at ære er noko som kan mistast, og at dersom eit individ mister grunnlaget for ære får æra karakter av absolutt verdi.

Snorre forfeitar altså eit syn på ære som absolutt verdi i saga, men eg meiner funna i analysen ikkje gjev rom for å konkludere eintydig på dette spørsmålet. Funna i analysen viser at Snorre oppfatar ære som eit komplekst fenomen som ikkje naudsynleg kan skildrast og forklarast eintydig, og individa kan ikkje førehalde seg til dette fenomenet på ein enkel måte. Snorre viser dette ved at dei konfliktane han skildrar tydleg ber preg av *forhandling*. Dette dreier seg om forhandling om makt, rikdom, status, posisjon og omdømme og dermed også om ære. Snorre viser at han oppfatar æra som eit fenomen det kan knytast diskusjon til. Kva *konsekvensar* vil ei handling ha for individet si ære? Eg meiner difor at Snorre si oppfatning av ære også kan knytast til eit pragmatisk forhold til æra og at æra dermed eksisterer innanfor eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske. Forhandlinga om ære og utfallet av konflikta og handlingar talar klart for dette.

Funna i analysen talar for at Snorre oppfatar æra i eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. På trass av at dette spennet er så tydeleg meiner eg likevel Snorre viser at æra innanfor dette spennet kan kome til eit anten – eller punkt. Det er mogeleg

å ha ære eller å ikkje ha ære i Snorre si oppfatning av fenomenet. Dersom æra kjem til dette punktet får æra ein karakter av absolutt verdi. Det er i samband med dette punktet og denne risikoen at æra får karakter av absolutt verdi. Årsaka til dette er at konsekvensane for individet vil vere av avgjerande karakter dersom individet mister grunnlaget for æra. Dersom æra kjem til dette punktet *må* individet agere, anten på den eine eller andre måten i samsvar med dei forventingane som vert stilt dersom individet framleis vil verer del av æres-gruppa og ha rett til respekt. Konteksten i samband med *kva* som fører fram til dette punktet, og *når* aktørane tek val knytt til dette varierer, men eg meiner denne tendensen kjem fram både i den horisontale og den vertikale æra.

Det eg meiner å finne i analysen er at det absolutte forholdet til æra og det pragmatiske forholdet til æra kjem til syne både i dei horisontale og dei vertikale relasjonane. Dette viser at æra på mange måtar inneheld dei same elementa, uavhengig av relasjonstype. Snorre viser også at individet tek rasjonelle val og gjennomfører rasjonelle handlingar i møte med æra som ein absolutt verdi og at æra vert brukt som ein vektfaktor med tanke på kva handlingsval som er mest tenlege. Men når æra får ein absolutt verdi er det uansett naudsynt med handling i ei eller anna form.

Eg meiner det er mogeleg å sjå ulikskap mellom den horisontale og den vertikale æra med tanke på kva konkrete handlingar aktørane utfører. Likevel meiner eg som sagt at det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra, spennet som eksisterer mellom desse og anten – eller punktet er like klart til stades i den horisontale æra som i den vertikale æra. Det eg kanskje kan sjå ein tendens til er at æra i fleire høver får karakter av absolutt verdi i den horisontale æra ved at det var enklare å finne dømer på dette. Talet på episodar og hendingar der patronen reagerer på press frå klienten som ein absolutt verdi er også større enn høva der klienten reagerer på press frå patronen som absolutt verdi. Kanskje dette kan forklarast ved at ein patron har meir å miste ved å miste støtte frå klientar enn det ein klient har i møte med press frå patronen. Ein klient kan velje å tene ein annan patron, men ein patron «kjempar» om støtte frå klientar.

Egginga fungerer som eit klart verkemiddel og pressmiddel i dei vertikale relasjonane, og Snorre viser at egginga er effektfull som pressmiddel. Egginga si rolle er å vise og poengtere for individet at æra no har kome til det anten – eller punktet som kjenneteiknar det absolutte forholdet til æra. Egginga er det verkemiddelet som Snorre tydelegast viser fører til at æra kjem til punktet der det dreier seg om å miste grunnlaget for æra i dei vertikale

relasjonane. Dette er dermed eit pressmiddel som tydleg har ein plass i Snorre si oppfatning av æra.

Det pragmatiske forholdet til æra er i stor grad kjenneteikna av kva aktøren kan tene på pragmatikken. Dette gjeld både med tanke på materiell vinning, suksess og aktøren sitt endelege mål. Felles for alle dei høva der Snorre skildrar eit pragmatisk forhold til æra er at grunnlaget for æra ikkje vert truga.

Mine funn i relasjon til Sørensen, Bagge og Stewart

Analysen har kasta lys over ulike episodar i Snorre si skildring som viser aktørar som føreheld seg til æra på ulike måtar. Korleis kan desse funna relaterast til Sørensen og Bagge si oppfatning av æra i mellomalderen? Eg meiner verken Sørensen eller Bagge si oppfatning av ære i mellomalderen på ein tilfredsstillande måte samsvarar med den oppfatninga eg meiner Snorre viser i si skildring. Begge synspunkta er for einsretta med tanke på korleis dei meiner aktørane føreheld seg til æra. Snorre si oppfatning av ære viser eit komplekst biletet av fenomenet ære og korleis individet føreheld seg til dette. Eg meiner det er mange element i Snorre si oppfatning som samsvarar med begge forskarane, men det vert i mange høver eit for einseitig fokus der det anten er æra som ein absolutt verdi som styrer alle handlingar eller eit pragmatisk forhold til æra.

Bagge er talsmann for det pragmatiske synet på æra, dei langsiktige måla som makt, rikdom og suksess er det som styrer æra. «Nothing succeeds like success» seier han og meiner at individet vil få ære dersom ein lykkast i sine handlingar. Eg meiner Bagge gjennom sitt syn ikkje kjem til rette med dei høva der Snorre tydleg skildrar at aktørane tek val og handlar på ein måte som ikkje kan relaterast verken til suksess, makt eller rikdom, men vala er knytt til æra, til å leve opp til forventingar og krav frå kollektivet og til å få og halde på rettigheter i samfunnet. Det er eit meir komplisert bilete som vert teikna i saga meiner eg. Snorre viser gjennom sine skildringar fleire dømer som ikkje samsvarar med Bagge si oppfatninga av æra. Asbjørn sin reaksjon mot Sel-Tore si krenking, Olav Haraldsson sine handlingsvegar har ved fleire høver lite sannsyn for å lukkast, Olav Haraldsson sin reaksjon i møte med Tore Olvesson og dei andre stormennene og Sigrid si egging av Tore Hund er klare dømer på dette. Dette er berre nokre få dømer frå saga og analysen viser at det i desse høva ikkje kan dreie seg om eit pragmatisk forhold til æra som er styrt av suksess og auka makt. I desse høva dreier det seg om å leve opp til forventingar og det er ein annan målestokk for handlingane.

Vil dette seie at eg meiner Sørensen på ein betre måte kjem i mål med si oppfatning av ære? Nei, Sørensen si oppfatning blir for snever fordi den ikkje tek omsyn til dei hendingane

der aktørane faktisk ikkje innrettar seg etter forventningane frå samfunnet. Sørensen si oppfatning vert for blindt ei oppfatning der æra vert styrt av kollektivet, av den offentlige meining. Individet vert fråteke sjølvrådetretten, evna til å tenkje sjølv og ta rasjonelle val. Dette samsvarar ikkje med den oppfatninga som eg meiner tydeleg kjem fram hos Snorre. Aktørane tenkjer, reflekterer og er aktivt deltakande i forminga av si eiga ære. Samstundes meiner eg Sørensen har rett i at æra kan få ein absolutt verdi. Dette meiner eg Snorre viser når det dreier seg om å miste grunnlaget for æra. Det eksisterer eit punkt der æra vert ein absolutt verdi, ein kan ikkje akseptere alle krenkingar og fornærmingar utan at det får konsekvensar for æra.

Eg meiner difor at verken Sørensen eller Bagge på ein tilfredsstillande måte kjem til rette med den oppfatninga av ære eg meiner Snorre viser i *Soga om Olav den Heilage*. Eg meiner æra eksisterer i eit *spenn mellom* det pragmatiske og det absolutte. I dette spennet er det rom for forhandling og diskusjon knytt til kva konsekvensar ei handling vil ha for æra. Konsekvensen av ei handling meiner eg står svært sentralt i Snorre si oppfatning av ære. Dette inneber at konsekvensen kan vere av ulik karakter og at nokre konsekvensar er meir alvorlege enn andre og at dei ikkje gjev rom for forhandling. Snorre viser tydeleg at æra vert ein absolutt verdi i dei tilfella der konsekvensen vil vere at aktøren mistar æra. Dette skjer på eit punkt der eg meiner aktøren kjem til eit anten – eller. Ved dette punktet må aktøren handle i samsvar med æra si og for å verne æra. Årsaka til at aktøren handlar i møte med desse situasjonane er knytt til at aktøren vil/risikerer å miste æra. Anten – eller punktet er dermed det punktet der aktøren *anten* er del av æres-gruppa og vert medrekna i kollektivet *eller* ikkje. Eg meiner at æra eksisterer i spennet mellom det absolutte forholdet til æra, som dreier seg om å miste grunnlaget for ære, og det pragmatiske forholdet til æra, som kjem til syne i dei høva der aktøren kan auke eller minke æra si i samfunnet sine auger utan at grunnlaget for ære er truga.

Med tanke på Stewart si oppfatning av ære og hans inndeling i hierarkisk og vertikal ære meiner eg funna i analysen viser at hierarki spelar inn på korleis ein føreheld seg til æra. Funna viser at æra både kan få ein karakter av absolutt verdi i dei horisontale og dei vertikale relasjonane og at aktørane også kan førehalde seg pragmatisk i begge desse relasjonane. Ulikskapen i relasjon mellom aktørane spelar inn i korleis aktørane handlar, men likevel meiner eg å kunne sjå at det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra er til stades og at aktørane heile tida tenkjer innanfor rammene av personleg ære. Eg meiner at vi i *Soga om Olav den Heilage* til tross for at Snorre brukar formelle hierarkiske posisjonar møter ei personleg ære som går på tvers av dei formelle posisjonane. Det absolutte og det pragmatiske

gjer seg gjeldande både det horisontale og det vertikale og dermed kan vi seie at det horisontale og det vertikale i streng forstand ikkje påverkar korleis aktørane føreheld seg til æra i Snorre si oppfatning. Det som til sist påverkar korleis dei føreheld seg til ære er knytt til kva konsekvensen av ikkje å handle vil vere.

Formålet med Snorre sitt verk

I innleiinga til denne oppgåva vart debatten som føregår knytt til formålet med Snorre si historieskriving skissert. Skriv Snorre med eit ideologisk siktemål eller er *Heimskringla*, og dermed også *Soga om Olav den Heilage*, uttrykk for ein felles mentalitet i Snorre sitt intellektuelle miljø. Kan mine funn i analysen seie noko om dette? Eg meiner at den oppfatninga av ære som Snorre skisserer og som kjem til syne i analysen faktisk kan seie noko om dette, men funna gjev ikkje grunnlag for å plassere soga eintydig i den eine eller andre leiren. Eg meiner den realhistoriske konteksten, relasjonen mellom Noreg og Island og Snorre sin relasjon til Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson også må takast med når dette spørsmålet skal handsamast. Samstundes må, og vil, dei ulike synspunkta innan mellomalderforskinga også brukast til å støtte opp under funna i analysen.

Konteksten Snorre skriv i

Snorre er ein del av det politiske livet på Island heilt frå han vert gift med Herdis Bersedotter. Han overtek maktposisjonen til Herdis sin far i 1202 og aukar denne makta. I 1218 reiser Snorre til Noreg og går i teneste hos kong Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson, som er kongen sin jarl. Snorre vert lendmann hos kongen. På dette tidspunktet er det Skule jarl som står for den reelle statsstyringa i Noreg fordi Håkon framleis er mindreårig. Konflikten som eksisterer mellom Oddaverjene og handelsmennene i Bergen spissar seg til i 1220, og Snorre føreslår som sagt, for Skule jarl, at han skal reise til Island og få landet lagt inn under kongen. Dette vil med andre ord seie at Snorre er fullstendig klar over dei konkrete planane det norske kongedømet har knytt til herredøme over Island. Snorre reiser tilbake til Island, men gjennomfører ikkje lovnaden som å sørge for at Island vert lagt inn under kongen og handelskonflikten vert løyst på andre måtar. Når Snorre skriv *Heimskringla*, sannsynlegvis rundt 1230, veit han dermed kva utfallet av handelskonflikten er og kongen sine ambisjonar knytt til maktovertaking på Island.

Eg meiner at Snorre sin kontekst vil påverke den måten æra vert framstilt på i soga. Spørsmålet er om det er den politiske konteksten eller om det er den sosiale og kulturelle konteksten som pregar hans oppfatning og framstilling av æra. Er det ideologi eller

mentalitet? Er den oppfatninga av ære som kjem til syne i saga forma ut frå eit ideologisk siktemål, dvs. at Snorre medviten er talerøyr for ei oppfatning i opposisjon? Eller er dette uttrykk for korleis Snorre og hans likemenn tenkte om ære i samtida, med andre ord den mentaliteten som var rådande i samtida? I samband med dette spørsmålet er det naudsynt å ta stilling både til debatten knytt til statsutvikling i Noreg og i kor stor grad Noreg og Island var ulike samfunn på dette tidspunktet. Kongsideologi og kongeære vert nøkkelomgrep som eg meiner må takast med i drøftinga av desse spørsmåla. Det er i lys av den realhistoriske konteksten funna i analysen kan brukast til å seie noko om Snorre si oppfatning av ære.

Statsutvikling i mellomalderen

Innan historieforskinga har det som sagt vore debatt knytt til graden av statsutvikling i det norske samfunnet i mellomalderen. Representantar som Helle, Lunden, og Sawyer er talsmenn for ei klar og tydleg utviklingstenking knytt til utviklinga av statsapparatet og det norske einekongedømet i middelalderen. Innan dette synet vil det med naudsyn vere ein tydleg utvikla kongsideologi som gjev kongen ein overordna posisjon i samfunnet. Denne kongsideologien vert skildra i *Kongsspegelen* som er skreve etter Håkon Håkonsson si kroning i 1247. Det som kjenneteiknar denne kongsideologien er at ein går vekk frå at kongeval skjer på bakgrunn av eigenskapar til at kongsposisjonen vert eit embete. Den fyrste offisielle kroninga i Noreg skjer i 1163/64 då Magnus Erlingsson vert krona. Tronfølgjelova vart laga i samband med dette, men desse lovene fekk likevel små praktiske konsekvensar og det er fyrst i 1247, gjennom kroninga av Håkon Håkonsson og nedskrivninga av *Kongsspegelen*, at denne nye kongsideologien vert tydleg gjeldande. Kongsemetet vert knytt til den kristne trua og kongen vert ein *rex iustus*, den rettferdige konge, som er innsett av Gud.¹⁹⁷ Denne kongsideologien sette kongen øvst i samfunnet og gjer kongen til ein «Kristus» på jorda som skal lydast og ærast høgare enn nokon annan.¹⁹⁸ Når eg brukar omgrepet kongeære er det dette eg legg til grunn, det dreier seg om ei kongeære der alle andre er underordna kongen og hans bod og krav. Kongeære meiner eg difor skil seg frå personleg ære, fordi kongen på ein heilt spesiell måte, og utan protest frå andre, har rett på ære i kraft av posisjonen som konge og «*rex iustus*». Helle og Lunden hevdar at denne utviklinga fram mot kongsideologi og kongeære har skjedd heilt frå tronfølgjelova vart vedteke, og dei talar difor for at det er stor skilnad mellom Island i fristatsperioden og Noreg med tydleg utbygd statsapparat, kongemakt og kongsideologi. På den motsette fløya finn vi Orning som

¹⁹⁷ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 138-140

¹⁹⁸ Sigurdsson, *Det norrøne samfunnet*, 138

argumenterer for at statsutviklinga i Noreg ikkje har kome så langt på det tidspunktet då *Heimskringla* vart skreve. Orning ser tydlege feidetrekk i konflikten mellom Håkon Håkonsson og Skule Bårdsson på 1220- og 1230-talet, og han ser dette som eit argument for at utviklinga av statsapparatet og utviklinga av kongsideologien fyrst skyt fart *etter* Skule jarl sitt opprør mot kong Håkon.¹⁹⁹ Orning argumenterer difor for at kongsideologi, og kongeære, ikkje er særleg utvikla på 1220- og 1230-talet.

Funna i analysen viser som sagt at Snorre oppfattar æra innanfor spennet mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. Ære som absolutt verdi og det pragmatiske forholdet til ære kjem til syne både i dei horisontale og vertikale relasjonane. Snorre viser dermed at det er likskap i korleis æra kjem til uttrykk innan horisontal og vertikal ære. Dermed er det ikkje dei horisontale og dei vertikale linjene som spelar størst rolle i Snorre si oppfatning av fenomenet, men det er den personlege æra. Dette meiner eg viser to viktige aspekt som kan koplest til Snorre sin realhistoriske kontekst. For det fyrste viser dette at den oppfatninga av ære som vi finn i saga er kjenneteikna av at det dreier seg om *personleg ære*. Kva vil dette seie? Det vil seie at Snorre, ved ikkje å gjere skil mellom korleis æra kjem til uttrykk på ulike samfunnsnivå, viser at ære som fenomen er prega av dei same aspekta både for konge og vanlege menn. Korleis kan vi forstå dette? Jo, eg meiner vi kan seie at Snorre si oppfatning av ære ikkje er prega av kongsideologi og kongeære. For det andre meiner eg at Snorre si oppfatning av ære i spennet mellom det absolutte og det pragmatiske også talar for at det ikkje dreier seg om kongeære. Eg meiner at kongeære på mange måtar kan relaterast til ære som absolutt verdi, der kongen sin posisjon gjev han rette til ei særleg ære og andre menn må førehalde seg til kongen si ære som ein absolutt verdi. Dette ser vi ikkje dømer på i *Soga om Olav den Heilage*. Kongen deltek i konflikhtar på lik linje med andre stormenn og må verne om grunnlaget for æra si på lik linje med andre stormenn. Olav Haraldsson har ein særleg posisjon i Snorre si skildring, men eg meiner dette ikkje naudsynleg skuldast at han var konge, men at han på det tidspunktet då Snorre skriv er ein av dei viktigaste helgenane i det kristne samfunnet. Dette har ikkje naudsynleg med kongsideologi og kongeære å gjere, men med kristentru.

Begge desse to aspekta viser at Snorre si oppfatning av ære ikkje er prega av ein kongsideologikontekst eller kongeære. Dette kan tale for to ulike oppfatningar. Anten talar dette for at statsutviklinga ikkje har kome så langt som Helle og Lunden hevdar og at den oppfatninga av ære som eg meiner å finn i sogene støttar Orning si oppfatning av

¹⁹⁹ Orning. «Håkon Håkonsson, Skule Bårdsson og norsk statsdannelse i første halvdel av 1200-talet»: 14-15

statsutvikling. På den andre sida kan det vere uttrykk for at Snorre er ein større ideolog og skriv meir medvite i opposisjon til Håkon Håkonsson enn funn i analysen viser. På trass av dette meiner eg likevel vi ikkje kjem heilt i mål med tanke på å svare på om Snorre skriv med eit ideologisk siktemål eller om sogeverket er uttrykk for ein mentalitet. Årsaka til dette er knytt til at Snorre er medviten om kongen sine planar om maktovertaking og kan dermed likevel har *forma* verket sitt ut frå dette.

Ære som ideologi eller mentalitet i *Soga om Olav den Heilage*

Med tanke på at ære som fenomen er så komplekst er det ikkje enkelt å seie at det dreier seg om anten mentalitet eller ideologi. Årsaka til dette meiner eg er knytt til den sentrale posisjonen æra hadde i det politiske livet i mellomaldersamfunnet, uavhengig av statsutvikling. Kongeære og personleg ære er ulik, men spelar ei sentral rolle i begge kontekstar. Æra er ein så integrert og sjølvstøtt del av aktørane sitt medvit at det er vanskeleg å avgjere om Snorre sine skildringar medvite er tilpassa eit ideologisk siktemål eller om dei er uttrykk for hans personlege tankar om fenomenet. Det føregåande avsnittet tek som sagt ikkje konkret stilling til om det dreier seg om ideologi eller mentalitet. Til tross for at eg meiner Snorre ikkje skildrar kongeære er det framleis to ulike måtar å tolke Snorre si vektlegging av den personlege æra på. For det fyrste kan dette vere eit uttrykk nettopp for at statsutvikling og kongsideologi ikkje har kome så langt som forskarar som Helle og Lunden har hevda og at Snorre si skildring er uttrykk for at den personlege ære framleis er gjeldande både i Noreg og på Island. På den andre sida kan denne vektlegginga av personleg ære vere eit uttrykk for at Snorre er klar over den norske kongen sine ambisjonar om maktovertaking på Island og brukar *Heimskringla* og *Soga om Olav den Heilage* som ein protest mot at kongen vil «presse» kongsideologi og kongære inn over Island.

Eg ser føre meg tre ulike årsakar til at *Soga om Olav den Heilage* har eit ideologisk siktemål. Eg vil knyte det ideologiske formålet med saga opp til framstilling av æresfenomenet. For det fyrste kan saga vere ideologisk *for* kongemakta. På kva måte meiner eg den kan vere det? Snorre kjem tilbake til Island i 1220 med den målsetjinga å legge landet inn under den norske kongen. I samband med dette kan sogeverket sjåast som eit innlegg til islendingane om at det ikkje er så stor skilnad mellom det norske kongedømet og den islandske fristaten og at det ikkje vil ha konsekvensar med tanke på æresfenomenet å få ein konge over landet fordi ære i Noreg og på Island i all hovudsak er personleg ære og at den i begge samfunn er prega av spennet mellom det absolutte og det pragmatiske. Det andre ideologiske perspektivet som kan ligge til grunn for sogeverket kan vere ein protest mot det

norske kongedømet og maktambisjonane mot Island. Framstillinga av æra kan vere eit uttrykk for at «vi», islendingane, ikkje vil akseptere den kongsideologien og kongeæra som pregar det norske samfunnet. Det fyrste høvet er ikkje naudsynleg eitt uttrykk for at kongesære pregar det norske samfunnet, dersom det er det, er det Snorre som medvite skjuler den faktiske ulikskapen mellom dei to samfunna og at statsutviklinga i Noreg har kome lang. Samstundes kan dette fyrste dømet vere eit døme på at Snorre vil påpeike ein konkret likskap med tanke på æres-fenomenet og dette talar for at statsutviklinga i Noreg ikkje har kome så langt. I samband med den andre ideologiske årsaken vil Snorre si framstilling sjåast i protest og vere eit uttrykk for at statsutviklinga har kome langt i Noreg og at det er utvikla ein tydleg tanke om kongeære som Snorre ikkje vil akseptere. Det tredje aspektet talar for at Snorre er ein islandsk høvding som vil framstille idealtilstanden frå Island og skriv den islandske æres-fenomenet inn i dei norske forholda. Ideologiske vert dette pro-Island. Dette kan sjåast i samband med den trusselen som Noreg utgjer mot Island.

Sawyer hevdar som sagt at fráværet av kongideologi, kongeære og konstitusjonelle konflikhtar er eit argument for at Snorre skriv med eit ideologisk siktemål. Bagge meiner derimot at dette er uttrykk for at desse konstitusjonelle konflikttane ikkje eksisterte, at statsutviklinga ikkje er fullt utvikla og han ser sogeverket som uttrykk for mentalitet. For å kunne ta stilling til om det dreier seg om ideologi eller mentalitet er det difor heilt naudsynt å ta stilling til spørsmålet om statsutvikling. Det er også naudsynt å ta stilling til om Snorre skriv inn i ein samtidig islandsk kontekst, om han skildrar norsk fortid eller om han skildrar norsk samtid. Bagge hevdar at Snorre skriv ut frå ein islandsk kontekst. Argumenta han legg til grunn for dette er at der er meir sannsynleg at Snorre, medvite eller ikkje, tek utgangspunkt i sin kjennskap til det politiske spelet på Island og sine erfaringar frå dette samfunnet i sine skildringar. For det andre meiner Bagge at dei skildringane vi finn i *Sturlungasoga* og familiesogene på Island ikkje skil seg nemneverdig frå dei skildringane vi finn i delar av *Heimskringla*. Bagge meiner difor at det islandske samfunnet frå Sturlunga-tida er ein viktig del av den intellektuelle bakgrunnen til Snorre og hans skildringar i saga.²⁰⁰

For å svare på dette spørsmålet heller eg mot å foreine Bagge og Orning sine synspunkt. Bagge har ein mellomposisjon mellom dei to ytterpunkta knytt til statsutvikling og hevdar at Snorre skriv om si samtid på Island. Men Bagge meiner at Snorre si skildring av forholda i Noreg på 1000-talet, den tidsperioden *Soga om Olav den Heilage* skildrar, ikkje er ulike forholda på Island på 1200-talet. Dersom vi koplar Bagge og Orning sine oppfatningar

²⁰⁰ Bagge, Sverre. *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*, 238

saman vil Snorre si skildring av forholda i Noreg på 1000-talet ikkje vere så ulik dei islandske forholda 1200-talet, men heller ikkje så ulik dei norske forholda på 1200-talet, fordi statsutviklinga ikkje har kome så langt i Noreg. Forholda var med andre ord ikkje så ulike mellom dei to landa.

Eg meiner dermed at Snorre ikkje har eit ideologisk siktemål med å skrive *Heimskringla* og *Soga om Olav den Heilage*. Eg meiner statsutviklinga ikkje skyt verkeleg fart før etter Skule Bårdsson sitt opprør og fall og at både den fyrste og den andre ideologiske årsaka fell i grus med dette. I namnet er det altså ulikskap mellom Island og Noreg, men dersom dette ikkje hadde praktisk betydning før etter 1240 og utviklinga av kongsideologi og kongeære i *Kongsspegelen* vil dette seie at Snorre ikkje visste kva han protesterte mot og kva innføringa av ein konge og kongeære i siste instans ville seie for æres-fenomenet. Eg meiner heller ikkje at Snorre sitt formål med *Heimskringla* er å forklare det islandske æres-omgrepet til den norske kongen og den norske befolkninga. Eg meiner funna i analysen talar for at forholdet til ære på dette tidspunktet er relativt likt i Noreg og på Island, men at Noreg på ein tydlegare måte er på veg vekk frå dette og over til kongeære. Eg meiner Orning sine argument om at konfliktane mellom Håkon og Skule ber preg av å vere personlege konfliktrar og ber klare feidepreg er sannsynlege.²⁰¹ Dette er eit argument for at kongemakta og statsapparatet si utvikling ikkje har kome så langt som tidlegare forskning har hevda, og at Snorre ikkje har eit ideologisk siktemål med å skrive *Heimskringla* og *Soga om Olav den Heilage*.

Sett i relasjon til den realhistoriske konteksten og forskning på dette feltet meiner eg difor at den oppfatninga av ære som vi finn i *Soga om Olav den Heilage* ikkje er uttrykk for ideologi. Dette meiner eg ikkje er sannsynleg dersom vi ser funna i relasjon til konteksten. Er den oppfatninga av ære som vi finn i saga dermed uttrykk for ein mentalitet og den samtidige æra til Snorre?

Snorre og den samtidige æra

Fram til no er det klare teikn på at Snorre si vektlegging av den personlege æra er ein sentral del av den oppfatninga av ære som kjem til syne i *Soga om Olav den Heilage*. I tillegg til dette viser funna at aktørane ikkje føreheld seg til æra anten som absolutt verdi eller pragmatisk, men at æra eksistere i eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske. Er dette ulikt den samtidige æra? Dersom dette er ulikt, kvifor framstiller Snorre det slik? Eg har allereie poengtert at eg meiner den æra Snorre skildrar ikkje er ei statleg ære, altså kongeæra,

²⁰¹ Orning. «Håkon Håkonsson, Skule Bårdsson og norsk statsdannelse i første halvdel av 1200-talet»: 14-15

men at den er personleg og kjem til uttrykk likt på dei ulike samfunnsnivåa. Eg har dermed konkludert med at funna i analysen ikkje talar for at Snorre har eit ideologisk siktemål med si skildring. Ein av årsakene til at eg konkluderer med dette er at funna tydeleg viser at det ikkje dreier seg om kongeære og statleg utvikling, men at det er dei personlege og egalitære aspekta som spelar inn. Det er ikkje mogeleg å kome vekk frå at funna i analysen viser at Snorre ikkje handsamar kongesære, men personleg ære der alle individa deltek i kampen om ære på relativt lik linje.

Denne oppfatninga av ære er det som har kjenneteikna den islandske æra i fristatsperioden. Difor meiner eg, i likskap med Bagge, at Snorre skildrar dei samtidige forholda på Island og den æra som kjem til syne vil ut frå hans oppfatning vere knytt til det islandske samfunnet. Dermed meiner eg at den oppfatninga av ære som kjem til syne i soga er uttrykk for Snorre sin mentalitet. Eg meiner også at funna, sett i relasjon til tidlegare forskning, talar for at det er likskap mellom dei islandske forholda og dei norske og at oppfatninga av ære ikkje er ulik i dei to samfunna. Snorre si skildring kan dermed seie oss noko om ære i mellomalderen i Noreg og på Island. Ulikskapen mellom dei to samfunna har vore overdimensjonert. Analysen av sogematerialet viser dermed at det essensielle er at han skildrar begge landa og at ulikskapen mellom dei to samfunna i streng forstand ikkje naudsynleg er så ulike kvarandre. Funna i analysen viser at Snorre ikkje oppfattar æra anten som absolutt verdi eller einseitig eit pragmatisk forhold til æra. Æra, både på Island og i Noreg er kjenneteikna av at den eksisterer i eit spenn mellom det absolutte og det pragmatiske forholdet til æra. I dette spennet vil æra kunne kome til eit anten – eller punkt der æra får karakter av absolutt verdi og aktørane må handle ut frå æra sine krav. Snorre skil ikkje mellom horisontal og vertikal ære på ein måte som får konsekvensar for korleis æra kjem til uttrykk. Dette underbygg og talar for likskap mellom dei to samfunna, og viser at kongeære ikkje har ein essensiell og utbygd posisjon i det norske samfunnet.

BIBLIOGRAFI

Primærkjelde

Soga om Olav den Heilage, Snorres kongesoger 1 og 2, ved Hødnebo og Magerøy. Oslo: Det Norske Samlaget, 1997

Litteratur

Andersen, Sveaas, Per. *Samlingen av Norge og kristningen av landet: 800-1130*. Bergen: Universitetsforlaget, 1977

Andersson, Theodore, M. «The politics of Snorri Sturluson». *The Journal of English and Germanic Philology*, Vol. 93, No. 1 (Jan., 1994): 55-78

Aronsson, Peter, Fulsås, Narve, Haapala, Pertti and Jensen, Bernard Eric, “Nordic National Histories”. *The contested nation. Ethnicity, class, religion and gender in national histories* (2008): 256-67

Bagge, Sverre. «Mellom kildekritikk og historisk antropologi». *Historisk tidsskrift*, bind 81, (2002): 171-212

— *Society and Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*. USA: University of California Press, 1991.

— «Udsigt og innhogg. 150 års forskning om eldre norsk historie». *Historisk tidsskrift*, 1 (1996): 37-77

— ”Warrior, King and Saint: The Medieval Histories about St. Óláfr Haraldsson”. *The Journal of English and Germanic Philology*, Vol. 109, No. 3 (Juli 2010): 281-321

— «Ætt, stat og politikk fra vikingtiden til 1200-tallet». *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* 38 (2001): 65-80

- Helle, Knut. «Den primitivistiske vendingen i norsk historisk middelalderforskning». *Historisk tidsskrift*, bind 88 (2009): 571-609.
- *Norge blir en stat*. Bergen: Universitetsforlaget, 1964
- Holmsen, Andreas. «Sentrum og periferi. Konge stormenn og bønder under Magnus Lagabøte og hans sønner». *Nye Middelalderstudier. Kongedømme, kirke stat 6*, i (red) Krag, Claus & Sandnes, Jørn, 214-229. Oslo: Universitetsforlaget, 1983
- Jakobsson, Ármann. «Kongesagaen som forsvandt. Nyere kongesagastudier med særlig henblik på Morknskinna». *Tid og tanke – Den nordiske renessansen i høymiddelalderen*, Nr. 6 (Haust, 2000): 65-81
- Jóhannessen, Jón, *Islands historie i mellomalderen: fristatstida*, Oslo: Universitetsforlaget, 1969
- Kjeldstadli, Knut, *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget AS, 1999
- Kristjánsson, Jónas. *Eddas and sagas. Iceland's Medieval Literature*. Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag, 2007.
- Miller, William Ian. *Bloodtaking and Peacemaking: Feud, Law, and Society in Saga Iceland*. Chicago and London: The University of Chicago Press, 1990.
- Myhre, Jan Eivind. *Historie: En introduksjon til grunnlagsproblemer*. Oslo: Pax forlag A/S, 2014.
- Orning, Hans Jacob. «Den materielle basisen for den norske kongemaktens utvikling i høymiddelalderen». *Historisk tidsskrift*, bind 84 (2005): 455-469
- «Håkon Håkonsson, Skule Bårdsson og norsk statsdannelse i første halvdel av 1200-talet» *Historisk tidsskrift*, bind 76 (1997): 1-19

— «Norsk middelalder i et antropologisk perspektiv». *Historisk tidsskrift*, bind 89 (2010): 249-262.

Sawyer, Birgit. «Samhällsbeskrivningen i Heimskringla». *Historisk tidsskrift*, bind 72 (1993): 223-237

Sandvik, Gudmund, *Hovding og konge i Heimskringla*, Oslo: Akademisk forlag, 1955

Sigurdsson, Jon Vidar. *Det norrøne samfunnet: Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*. Oslo: Pax Forlag A/S, 2008.

— «Noen hovedtrekk i diskusjonen om det islandske middelaldersamfunnet etter 1970». *Collegium Medievale*, (2005): 106-143.

Stewart, Frank Henderson, *Honor*, USA: The University of Chicago Press, 1994

Sørensen, Preben Meulengracht. *Fortælling Og Ære. Studier i Islændingesagaerne*. Gjøvik: Universitetsforlaget, 1995.

Nettsider:

Skirbekk, Sigurd. (2015, 30. januar). Ideologi. I Store norske leksikon. Hentet 12. oktober 2016 frå <https://snl.no/ideologi>.

Illustrasjon:

Henta frå www.commonswikimedia.org

Tittel: Olav fell på slagmarka. Teikna av Halfdan Egedius for den illustrerte Snorreutgåva

ⁱ www.commonswikimedia.org